DL
617
.K93

LIBRARY OF CONGRESS.

[SMITHSONIAN DEPOSIT.]

Chap. DL617

Shelf .K83

UNITED STATES OF AMERICA.

Minne

fraa

ei Stokkholmsferd.

Av

Henrik Krohn.

Bjørgvin.
Hjaa Ed. B. Gjertsen.
1867.

PL619
.K93

Prentat hjaa J. D. Beyer.

Som Utgjevar av „Ferdamannen" etlade eg, daa eg for heiman i Sumar var, at bera fram mine Minningar i dat nemnda Bladet. Etter Heimkoma byrjade eg ogso med di i No. 39 – 40, men daa eg strakst tyktest hava meir at bera fram en eg laglegt kunde faa Rom til i dat litla Bladet, so fekk eg Hug til at senda Minni ut i ei serskild Bok, som eg og vardt uppmodat til av gode Viner. Likasom Ferdamannen er etlad aat Aalmugen, soleides ogso denna Boki.

Bjørgvin paa 20. Desember 1866.

Henrik Krohn.

Du som lyt stræva med Annsemd Dag etter Dag Aaret igjenom, — og dat ljota vel flestalle av Ferdamannsens Lesarar paa eikor Vis gjera, — du kann ogso skyna kor fagnadsamt dat er, ein fin Sumardag at fata Ferdastaven og eit Bil draga seg undan Matstrævet og Umsuti, som fylgjer med Livsgjerdi. Du vil vonlega og kunna hava Hugnad av at lyda paa Ferdamannen, naar han her vil bera fram nokre Minne fraa si Ferd i Sumar.

Dat var ein ovlega fin Kveld ved Jonsvoko-Bil 1866. Kavet med at bua meg er til Endes, Skilnaden med Heimen er gjord, og her stend eg paa Dekket aat Eimbaaten, som fer fraa Bjørgvin til Sogn, og vittar Velfar aat nokre gode Viner, som hava fylgt meg umbord og som kann henda ero helder ovundsjuke paa Ferdamannen, som lik løyste Fuglen kann fara yver Fjord og Fjell og Firne, medan dei ljota venda Baatstamnen aat dan kovne Byen og dar ganga inn i Hidet sitt atter. Jamen tykkjer eg ilt um deim so lenge dat varer, men „Sorg og Gaman høva inkje saman", og Fagnaden ved min eigen gode Lagnad fyller Hugen min, sjølvkjær som eg er.

Og so er Kvelden so makalaus fager, at eg sulla inkje lenge kann hugsa paa dat, som ligg attum meg. Friska Havgula sender Svaling kring Panna mi, medan Eimbaaten skundar seg ut etter Byfjorden. Soli er nett sokki i Havet, men spreider enn ei sterk, næstan blodraud Glima yver Himmelen i Vest og Fjelli i Aust. Solargladet paa dan bjarte Sumarkvelden hever umskapt dat snauda og harda Landslaget, so at Oyar, Holmar og Nes, som elles i Dagsljoset liggja tunge og graakalde, no sjaa so mjuke ut i dan varme, raudblaae Kveldsliten og liggja so lette, likasom symjande og spegla seg i dan blanke, klaare Fjorden. Flestalle Samferdamenner sitja tagalle elder sakta sitt Mæle, som være dei rædde at spilla dan ljuve Kveldsfreden. Studd til Vantet stend eg og dreg i meg djupe Drag av dan friska Havlufti, medan Skipet glid ut etter Skjergarden, framum Nes og Oyar, framum Eidsvaag og Fenring (Askøy) og Herdlefjord og Mjolkaraai og alle desse fornalderlege Stader, som minna meg um Forntidi og draga Skjepnor slika som Egil og Sigurd Slembe fram i Hugen min. Lenge stend eg, alt til dess Dimma aukar og gjerer Landslaget uklaart. Tankarne mine umfarast, Svevnen tek til at tyngja paa Augnaloki, men med dan fagnadsama Kjensla at Ferdi er vel byrjad gjeng eg til Kvila.

Andre Dagen finn du meg langt inn i Sognafjorden sitjande paa Framdekket, eit Bil skodande

ut yver Fjorden og Landskapen, eit Bit lydande paa ein Flokk kvike, skjemtande Sogningar, som hava flokkat seg um dan vituge Olav fraa Lærdal. Daa eg um Morgonen kom fram paa Skipet, laag han Olav paa dan harde Kjettingen og las i ei Bok, og daa eg sagde til honom: „Du ligg inkje mjukt du," svarade han snøgt: „Dei kjende inkje etter um dei laago mjukt Forfederne vaare, som laag og rak her i Fjorden."

Ei gildare Ferd med Eimbaat en inn etter denne Fjorden i Godvedr skal du snaudt nog kunna gjera, helst naar dat ber nokot langt inn. Sjaa her, naar du krøkjer um detta Neset med dan blenkjande Ospeskogen uppetter, sjaa kor fagert dan vida frandiga Vikarbygdi ligg dar framfyre deg, umgjerd med dei staute skogvaksne og grasgrodde Fjelli med Snjofenner um Topparne; sjaa til vinstre denne væne skirkvite Fossen med dat høvelega Namnet Skriken, kor lysteleg han kjem dansande utyver Fjellbruni ned gjenom Skoglidi og kor kipen han velter seg gjenom Urdi ut i Sjoen; snu deg so og skoda paa dat vidgjetna, blømande Vangsnes, som strekkjer seg so kjæ-let langt ut i Fjorden, og som er vordet mest vidgjetet av di, at Folk hava gjort dat til Bustaden hans Fridtjov. Ein av Bønderne dar, som jamvel hever søkt Riksstyret um Løyve til at umskifta dat retta Namnet, kallar no Garden sin Framnes, utan at hava nokor sogoleg Visfa at stydja seg til. Vaar

1*

avlidne Sagaskrivar Professor Munch meiner no tvertum at Fridtjov trulega inkje kann hava butt paa Vangsnes og likaeins at Balastrond inkje hever at gjera med Kong Bele. (Balastrond kjem trulega av ein Bale, som tyder eit jamt Hall med Strondi). Eg fær no jamlega Hugbit, naar eg, so som paa denna Ferdi, høyrer Folk skruva seg upp og slaa ikring seg med søte, drøymande Ordalag um Framnes og Beles Gravhaug og segja fram Stykke av Tegners unorske „Frithjofs Saga“, og daa plagar eg jamlega ganga lengst fram i Stamnromet og lyda paa Sogningens naturlege Tale.

Men sjaa no paa hi Sida dan fagra Balastrondi med sine gilde Gardar og dei vel hevdade Engjar og Aakrar uppetter Fjellsidom, og haldt so Augo dine beint fram, daa ser du inn i Fjerland dan ljosgrøne Jokulen blenkjande i Solskinet koma veltande fram or Skardet fraa Jostedalsbriden, og millom alt detta ligg dan djupe stille Fjorden og giv deg dat altsaman atter so noggrant som dan blankaste Spegel. Far lenger inn, framum dan smilande Syrstrond*) paa nordre Sida og dat storslegna Feios-

*) Syrstrond fekk i Danskatidi dat meiningslausa Namnet „Sostrand“, men Byfolket, som vilja vera gode Nordmenner paa si Vis, tykte fulla at dat let mesta danskt og so hava dei i seinare Tid umskapt dat til dat endaa loglegare Namnet Sjøstrand. Sognafolket læst do inkje gaa, men nyttar dat gamla retta Namnet lika radt. Syr, som tyder eit Svin paa Gamalnorsk (jamfør Sigurd Syr paa Ringarike) hever naturlega inkje med Sjo at gjera.

landet paa sydre. Beint imot deg hever du dan 7000 Fot høge snjotakte „Bleia". Sjaa deg no vel i kring fyrr du fer inn i Sogndalsfjorden! Ser du dan digra Bjørki paa Haugen dar ned med Strondi? Dat er Slindebjørki, som Welhaven Skalden hever gjort so vidgjeti med sitt fagra Kvæde. Eg fekk Hug paa at gjera ei Umskrift av dat, som eg her legg fram fyre deg.

Dat livda Treet.

Ved Sognafjorden paa Slindegarden
stend digraste Bjørki ved Sjoarbarden;
paa Hydneshaug, yver Kappens Bein,
retter ho ut si velduga Grein,
verd haldi i Æra;
ho Aldren sin kann mot Skyerna bera.

Um Skog kverv burt under Øks og av Elda,
skal Slindebjørk yver Haugen tjelda,
for Bonden kveder: „Ho Saven syg
av Kappens Merg inn i Haugen dryg,
og inn under Kruna
skal alt mitt Starv baade auka og muna."

Dar inkje i Borken nokon tarv rista
og korkje ein maa henne lauva held' kvista.
Kvart sprettande Straa, kvar Blom, som gror
i Livd av Bjørki paa heilaga Jord,

vil Bonden spara,
um Ljaaen enn gjenom Engi lyt fara.

Naar Bjørki misser sitt Lauv dat bjarta
og Engi verd kvit og Skyerna svarta,
naar Bonden hev' bergat si Lod i Hus
og siter um Kvelden kring Bord med Krus
og Grannar saman,
han hugsar paa Bjørki og i sitt Gaman.

Han fyller med Øl dan digraste Kanne
og sender eit Ord fraa Granne til Granne;
dei svara med Smil og dei hasta fraa Benk,
dei ut honom fylgja med ovsterke Skjenk
aat Hydneshaugen
til Drykken at føra aat Bjørki og Draugen.

No gjera dei Ring og draga seg saman,
og Ølet verd tømt paa Roti med Gaman;
daa braadnar vel Snjoen av sterka Bad
og kvar ein hever si Røyst so glad
i detta eina:
„No stande du heil til Tiderna seina!“

Av denna Segni me greidt kunna skyna,
korleides vaart Liv seg i Framtid maa syna.
Um Ætti inkje skal veksa som Dverg,
ho lyt fraa Roti suga sin Merg,
av Saga læra
si Kruna djervt imot Himmelen bera.

Gjev Gaum paa detta Kvædet og bitt dat isaman med Minni, som her paa desse fornlege Tufterna trengja seg inn paa deg. Dan store Garden, som du ser dar paa dan hallande Flata upp aa dat høga Neset paa øystre Sida, er Fimreite, og Strondi innanfyre er Hugastrondi. Neset med alle Bautasteinarne, som spring fram paa vestre Sida og stengjer fyre Sogndalsfjorden, er Nordnes. No veit du at her i Sundet, som me fara igjenom, var dat at dan store og merkelege Bardagen stod millom Magnus Erlingsson og Sverre. Her var dat at dan riddarlege Magnus og Kjernen av Noregs Stormenner med honom støypte seg i Sjoen etter dat tapta Slaget; dar upp i Urdi til høgre sat dan hugstore Sverre med sin einaste Felage Peter Roason og saag paa Bardagen, som galdt Land og Kruna;*) dar siklar Grovi, som gav honom Vatnet til at tvaa seg i strakst fyre Striden, og paa Garden, som ligg dar uppe, vardt Liket aat dan folkakjære Magnus synt fram fyre dei graatande Hermennerne hans. Skoda ikring deg her og høyr so paa Leirdølen dar i

*) I Byrjan av Striden hadde Sverre med sin Frende Peter Roason faret kringum og uppmodat Mannskapen paa dei ymse Skipi, men daa dei skulde tilbakar til Hovdingsskipet, var Pila- og Steinregnet vordet so stort, at dat als inkje var Raad til at koma umbord. Ei Pil slog ned i Baat-Stamnen beint yver Hovudet aat Sverre og samstundes ei tett attved Kneet hans, men Konungen røyvde inkje ei Sin i Andlitet, og daa Peter sagde: „Ett faarlegt Skot, Herre„ svarade Sverre rolegt: „Dat raakar inkje fyrr Gud vil!“

Flokken, han som hever leset Snorre, høyr honom for aalvorsamt og livande han fortel um Forsederne paa dat gamla sterka Maalet, og kjenner du daa inkje Nordmannskapen kvikna i Hugen, daa veit inkje eg.

Sogndal.

Eg nemnde ovanfyre, at Nordnes stengjer fyre Sogndalsfjorden elder rettare Norafjorden, som er dat gamla Namnet, som endaa verd brukt av Bygdarfolket. Neset skjer seg inn i ei Vik paa øystre Landet og er soleides likasom eit Stenge elder ei Verja fyre Havvinden og Sjoarburden fraa Storfjorden. Detta kann ein og kjenna, naar ein er komen inn um Neset; dat verd daa so stillt i Fjorden som paa eit Vatn, som dat og ser ut til at du er komen inn i, med di du inkje Op kann sjaa. Um Vedret utanfyre er baade kaldt og ufjelgt, verd dat do her inne so mildt og lognt, som dat skulde vera i eit annat Himmellag. Uvedret fær inkje sleppa inn, og ein kann ofta sjaa tjukke Regnelingar brjota seg mot „Storehogen", Fjellet paa øystre Sida, medan inkje Regndropen kjem inn i Sogndal. Du skal ogso jamlega sjaa, naar Eimbaaten er innum Neset komen, at Ferdamenner smaatt um Senn fara or Ferdaploggi sine, som herinne verda for varme at bera paa. Sogndal er og namngjeten fyre sitt goda Vedrslag, og Folk med Lungasott og andre Brjostsjukdomar verda tilraadde at fara hidt med Sumaren

og henta seg Helsobot fyre Saal og Likam av dan milda Lufti i denne fagre Dalen.

Ja fagert er her i Vissa, og dat syner seg snøgt, at her ogso maa vera godt Vedrslag paa dan fraudige Landskapen, som breider seg ut fyre Augo dine. Sjaa her! Denne gilde Garden, som ligg dar til vinstre med sine uteljande Rader av Aldo-Tre og med dan store Plantaskulen, er dat vidgjetna Stedja. Stedjehagen skal vera dan største Aldohage i Skandinavia. Han er 33 Tunnor Land paa Vidd, og umfram Plantaskulen, som sender Ungtre kring heila Landet, skal dat vera paa Lag 6000 utplantade Tre i Hagen. Naar ein berre vil reikna ei Skjeppa paa kvart Tre til ein halv Dalar Skjeppa, giv dat ei Innkoma av 3000 Dalar. Dessverre hever dat i dei sidste Aari lagt seg ei Aama paa Trei, som hever etet upp baade Blom og Blad um Vaaren og soleides tynt burt Avlen. I Aar hever Aama inkje gjort fullt so myken Skade som dei hine Aari, so ein kunde vona at dat vilde taka ein Ende med denna stygga Plaaga, men i alle Tilfelle er Eigaren av Stedja Lovord verd, som sparer korkje Utlag elder Møda, til at driva Hagen upp til eit Mynsterbruk fyre Fruktavl, som synest høva Fjordbygdom her vester so vel. Han hever i Vissa alt gjort myket Gagn ved sitt goda Fyredøme, men serlega ved at ala upp gode sterke Ungtre i Plantaskulen sin, som kunna tola dat harda norska Vedrslaget. Du kann tru dat er huglegt um

Vaaren at standa paa Riset dar midt i Hagen og sjaa utyver alle dei blømande Trei, og likaeins um Hausten naar Frukti tek til at mognast og faa dan fine gulraude Liten sin. Du kunde daa næstan tru, at du var lengst sud i dei varmare Londom og inkje her uppe i Snjolandet ditt eiget. — Men no sig Eimskipet um Neset dar Stedjetunet ligg med dan litla gamaldags Loni med dei fraudige Aprikostrei slungne upp etter Veggjerne, og no ser du dan ljose, vinlege, upphevdade Sogndalen vidopen framfyre deg. Gardarne liggja i ein avlang Halvring fraa Elvar-faret upp etter Fjellsidom, ljosgrøne Aakrar skifta med blømande Engjar og Aldohagar, og ovanfyre slyng dan friske Lauvskogen seg likasom ein Krans kring dat væna Bilætet, men sidstpaa kjem Hogfjellet jamt hallande og grasgrott alt aat Himmelsyndi og med smaae Snjosenner her og dar slengde burtetter dei grøne Heiderna. Og so dan susande Elvi, som strøymer so annsam midt etter Dalen millom sine grønklædde Breidder, hoppande yver Steingrunnen og bykjande yver ymse Smaafrup. Ho syng slikt Liv utyver all Bygdi.

Men no stadnar Eimbaaten og eg vonar du vil hava Hugnad av at fylgja med meg i Land og reika litetvetta kringum i Dalen med meg. Me stiga i Land her i Sogndalsfjøra med sine 500 Ibuar, til største Luten faatøke Strandsetar, men me skunda oss gjenom dei tronge og skitsame Smog millom utrive-

lege og vanhaldne Smaahus, som i Vissa ero til liti Pryde fyre Bygdi, og taka Leidi aat dan gamla Stavkyrkja dar burte paa Bakken under dan skogutte Stedjeaasen. I denna gamla Stavkyrkja hever Sverre Konung haldet si Morgonbøn etter som Segni fortel. Ho er fulla til Nedfalls no, men ho ser fin ut for som er, dar ho stend i sitt letta gamla Skap. Ein kann sjaa henne næstan kvar ein stend i Dalen og ein lyt vedganga at Gamle-Folket hadde god Smak, daa dei bygde henne paa dan vænaste Haugen i heile Dalen. Kyrkjobakken er kringsett med dei fagraste Hengjebjørkjer, som du nokot Sinn kann skoda, og vel maa Bymannen utropa, naar han ser denna Kyrkja, at „den ligger høist romantisk.“ — Men dar koma me til Møtes med ei Brudlaupsferd. Kom lat oss stella oss jamsides med dei andre Glankararne her attved Brui og bida paa Brudfylget! Dat er hugsamt at sjaa dan helgarklædde Flokken koma farande ned etter Kyrkjobakken, sume akande, sume ridande, Kvinnfolket i sin prydelege Sognabunad: Konorna i kvite Skaut og Gjentorna med raude Roggabond um Hovudet. Sume av Karlfolket bera og sine raude Dufsluvor. Brudi sit med si gylda Kruna bljug og helder aalvorsam, so som dat seg rett høver med god Bygdarsed, men dan spræke Brudgumen sit med gledelysande Andlit i sin Hermannsbunad og styrer hugheilt dan kaate Dyken. Me ynskja dat unga Hjonet Lukka til i di dei fara

framum. Lat sjaa du inkje styrer ut or retta Leidi, vonarfulle Brudgum! De raada sjølve fyre, um Kyrkjovigsla, som de fingo i Dag, skal verda til dan retta Signing paa heila Livsferdi.

Me ganga upp av Kyrkjobakken med dan fagra Utsyni, me skoda litevetta paa Kyrkja og gledjast i dei fagre henduge Utkrotingar kring Inngangs-durarna, men harmast yver dei skamhogne Durar-Stavarne og all onnor Skamfaring baade inn i og utanpaa dat gamla Gudshuset. Me harmast mest yver Villmannskapen hjaa Storfolket, som inkje ein Gong hava skjemst at skjera Storstavarne tvert av, til dess lettare at kunna byggja upp sine Stormanns-baasar. Me smila aat Presten, som halv tridje hundrad Aar sidan bygde dan smaklause, uskaplege Koren og sette aat seg sjølv denna løglega Minnes-skrifti kringum paa Veggen:

Der mand skref 1600 oc 7 i Maanernis Tal den fjerde
lod mand det gamle Chor nedbryde, som da lenger
staa ei hærde.

Her Michel som da var Sognepreſt, samt Kirkeværge
tillige
forskafuet en ny Mothe blifue med Hast bygget ret
hastelige.

Hvilket oc skjede i Maanernis Tal den 7 i fra tan at telje
at denne blef slet fulferdit med All av Timber oc
gode Fjele.

Gud skje der — — — — — — — —m skjelf der til
gav Lycke,
At hanom og Mo — — — — — — — — — —*) vi,
til Ære hanom bygge.

Ja mange nye likaso ufagre og unorske „Mothe“ ero innførde i Bygderna ved dan danske Hovdingaskapen alt til vaare Dagar. Jamen hever dat komet vel med fyre Nordmannskapen, at Bønderne hava voret Atterhaldsmenner og helder seine til at taka etter, for annars skulde kann henda heile Landslyden no set ut som denna skamfarna Kyrkja, som inkje kann taka imot nokor Umvøling, men lyt verda nedrivi Aaret komande.

Fraa Kyrkja taka me Vegen igjenom dei fagre Lystlundar øvst i Stedjehagen og raaka daa paa dan vidgjetne Runasteinen fraa heilag Olavs Tid, som er so forvitneleg fyre dei lærde Maalmenner og som ber dan 900 Aar gamla Tidend aat oss at:

Olafr konungr saa ut mille staina thessa.

Darifraa ganga me igjenom dei velslidde Frukttrerader burt paa dan digre Kjempahaugen, som paa Skapet syner seg at vera av dei alra eldste Steinhaugarne. Her inn i Ospelunden elder kann henda dar burte i Bjørkarusti paa dan andre og yngre Kjempahaugen vilja me slengja oss paa dan mjuke Mosen.

*) Her er dat ein Gong i seinare Tid skoret Hol paa Veggen, vonlega til ei Dyr, dar dat no er innfellt nytt Timber atter og Skrifti soleides avbroti.

Her gjerer dat godt
i Hug og i Skrott
at liggja og kvila seg ut;
her gløymer eg av
paa skogvaksne Grav
mitt Stræv og mi daglega Sut.

So heit Soli skin
og Ylrøyken fin
seg stryk imot Berg inn i Dal.
Paa mosgrodda Seng
ved blømande Eng
eg sjølv ligg i Skuggen so sval.

I dubbande Straa
fyk Fivreldi smaa
og flagsa fraa Blom og til Blom;
og Kjøtmøysi kvat
fyk heimatt med Mat
aat Ungen i ørlitla Rom.

Ei Engspretta slær,
og Moshumla fer
og surrar paa angande Leid.
Høyr Orren sitt Spil!
Og Gauken han gjel
so lystugt fraa skogklædda Heid.

Og fram paa ein Nut
sit hugheile Gut

og syng so dat ljomar i Lid.
Kvart Augat mitt sviv
er Gaman og Liv
fraa Strond og til glimande Brid'.

Men høgast paa Fjell
som fagraste Tjeld
ligg Himmelen kvelvd yver Jord;
og her kann eg sjaa
kor han skinande blaa
seg speglar i blenkjande Fjord.

Ja Fagnad og Fred
maa sekkja seg ned
i Hugen slik glitrande Dag.
Eg kviler meg ut
og gløymer all Sut
og synger med Fuglen i Lag.

Fraa Sogndal til Lærdal

Dat bar so heppelega til at ein Kjenning i Sogndal skulde fara til Austlandet med eigen Dyk og henta nokre Skyldfolk heim i Fridagarne. Han fekk Hug til at slaa Lag med meg, og eg var inkje sein med at taka mot dat goda Tilbodet at faa aka hjaa honom med dan gilda Raudi hans og koma fram som ein annan Storkar likasom med eigen Dyk, serlega daa Kjenningen min, som hadde faret som Sjomann paa Amerika næstan halva Jordi

i kring, er ein kvik, godlynd og spræk Kar og god Felage.

Dan fyrsta Dagsferdi var do sant at segja inkje myket lysteleg fyre sume av Limerne vaare. Dat var Jonsvokokveld me skulde fraa Sogndal og raaka Eimbaaten i Solvorn Kl. 4 paa Ettermiddag, men Felagen min hadde so mangt at skipa i Lag, fyrr han kunde fara heiman, at Tidi drog seg langt fram um Middag fyrr me vordo bune til at taka av Stad. Daa me sidstpaa skulde stiga i Kjerra, meinte eg at dat var hardla vonlaust at vinna fram til Tidar paa bakkutt Veg; men Felagen min svarade berre: „eg vaagar Merri eg,“ sprang i Kjerra, gav ein Svipolsmell, og av bar dat med oss yver Haug og Hamar. Eg hever nog aldri køyrt so i mine Livedagar eg. Kjerra var stiv og skrangli so eg fekk fulla skaka Tarmarne mine til Gagns. Dan kaata Raudi sprang so dat hadde voret Hugnad at sjaa, naar ho berre inkje hadde sparkat so myket Smaastein og Sand kringum Dyro, inn i baade Nasa og Munn. Dat var ingi Raad til at halda Augo opne og eg var difyre hardla fegen, daa me naadde fram til dan bratta „Gildreskrida“, for her hever Hesten fullnog med at draga paa toma Vogni. Her verd dat god Tid til at sjaa seg i kring, medan ein stig upp gjenom dei bratte Kleivarna 6—700 Fot i Høgdi. Vegen, som i seg sjølv er myket forvitneleg, krøtjer seg igjenom Urd og Brot, og Landslaget

kringum er av villaste Slaget. Svarte, snáude Berg, djupe Gil og høge Stup ser du kvart du vender Augo dine. Ei ovstor Elv velter seg dunande og vilt fram igjenom dat ujamna og tronga Dalføret. Ein Stad klember Dalen seg saman til ei trong men djup Kluft, berre nokre Famnar breid i Botnen, med stupande bratte Berg paa baada Sidor, og her høgt upp aa dan eina Sida gjeng Vegen etter ei Skor i Fjellveggen. Naar du bøygjer deg litetvetta ut yver Vegatromen, daa ser du Elvi beint nedunder deg strøyma mjølkkvit gjenom Klufti og lenger nede velta seg yver eit høgt Stup og senda tjukka Fossagovet upp etter Fjellsidom. Dan fyrste Gongen eg for denne Vegen, var eg i Fylge med ein Havslobygding, og daa eg her paa denne Staden bøygde meg ut yver Vegatromen og vilde skoda ned i Djuvet, ropade han til meg: „Vara deg at du inkje gjeng same Vegen som Danafuten, for no stend du paa Futarspranget."

I Sygnafylket i Havslogjeldet
kjem digraste Elvi av snjotakta Fjellet.
Fraa Jostedalsbriden ho fossande fer,
og Skumdrivet høgt imot Bergsidom slær;
so kipen og vill ho seg skundar,
til Fjorden med Osse ho stundar.

I Fossar ho bykser og skriker av Gaman.
Ein Staden, dar Breidderna draga seg saman,

ho tvingar seg gjenom dat trongaste Glup
og velter seg ut yver høgaste Stup;
dan Fossen dei „Helvitet" nemna.
Mot Djuvet han hugram mun stemna.

Og paa denne Staden, so Folki fortelja,
ein Gong ein Stakkar laut Livet sitt selja,
ein Danafut, ja dan argaste Skarv,
som traatt nøytte paa under Dankongens Slarv;
til sjølvraadne Skattar han trugad',
med Hardstjorn han Aalmugen kugad'.

Daa Folki til Kongen ein Ærendsvein senda,
men ærendalaus han atter laut venda.
I Kongsgards-Tunet tri Dagar han stod,
men sidstpaa daa sagde han trøytt og mod:
„Eg lyt meg no heimatter vinna,
her er ingi Hjelp til at finna."

Daa stemnde til Møtes han Hillestad-Tore
dei Menn ifraa Bygdi, og tok so til Orde:
„No heimatt er komen vaar Sendemann,
og Konungen vil inkje verja sitt Land.
Utan Log, utan Rett maa me vera,
eg Oket ei lenger vil bera!"

Han slo seg i Loven og starade kringum.
Litt tenkte og dei, som stodo i Ringom.
„Aat „Helvitet" ned med Dankongens Fut!"
so ropad' kvar Mann, so svarad' kvar Gut.

Og Oksar mot Spjotom dei slogo;
i Fylking aat Futen dei drogo.

Inn glytter han Haakon, Tenesteguten:
„Sjaa her kjem ein ofsaleg Her etter Futen!“
„Hvad siger du Hagen, min kjæreste Ven,
ak hjelp mig, hvor tror du jeg nu bør fly hen?“
„D'er best at aat Fjorden du freistar,
men daa lyt du fjuka som Eneistar.“

Og Futen paa Flog yver Stokk, yver Steinar,
og Bønder paa Jag yver Haug, yver Leinar.
Paa Stupet han stadnar ved fossande Elv,
han skodar ikring seg, av Rædsla han skjelv.
Fram Tore med Heren sin hastar,
villt nedunder Elvi seg kastar.

Dei nærma seg skjott og isaman seg draga.
Han ser dat, at honom dei ut vilja jaga.
Med starande Augo og sprikjande Haar
han fester si Syn paa ei ørliti Skor
paa andra Sida aat Glupet,
men langt, hardla langt ifraa Stupet.

Sjaa Futen i Vonløysa stend i slik Kvida,
han ser ingi Raad, han vaagar ei bida,
han lagar seg til, eit Tilsprang han tek,
i Elvi han fell, med Straumen han rek,
aat Helvitesfoss han mun siga;
men Tore og Bønderne tiga.

Dan hugsprengde Stakkar i Fjellveggen triver,
men hjartalaus Elv atter laus honom river;
Høyr! — Øgjeleg Kvin! — Gjenom Glupet han for!
Og Helviteshøl vardt hans Likkista stor. —
Paa „Futarspranget" stod Tore
og grundade paa kvat han gjorde.

Lenger upp i Gildreskrida er dat ei Uppkoma, som heilag Olav skal hava drukket or. Kvar dan Ferdamann, som vil hava Lukka paa Ferdi si, maa inkje gløyma at smaka paa Helso-Vatnet i „Olavskjelda". Ein kann sjaa paa alle dei krosslagde Pinnar, som liggja paa Steinom i kring um Kjelda, at Folk endaa halda paa dan gamle Seden, og so gjorde eg og Felagen min og.

Naar ein er komen upp um alla Kleivarna og ser seg tilbakar, daa hever ein ei fager Utsyn yver Norafjorden, som krøkjer seg so fint fram imillom grøne Nes og bratta Skoglider ut imot Storfjorden, med dei maalande kvasstindutte Frøysvik-Fjelli til Bakgrunn. Litet lenger fram paa Vegen ligg dan fjøllmenta og tettbygda Havslo-Bygdi beint imot deg i ein Halvring kring Havslovatnet. Gardarne sjaa fraudige og lettvinte ut, men Landslaget er mesta skoglaust til at vera rett fagert; men naar du er komen til Vegaskilet og held fram eit litet Stykke paa Vegen, som ber ned aat Solvorn, daa hever du ei stor og fager Landskap fyre Augo dine, dan

litle vinlege Solvorn-Dalen i Framgrunnen, jamt hallande ned mot dan ljosgrøne Lustr-Fjorden, dan merkelega, djupa Veiti, som skjer seg midt inn i dan høgaste Fjellviddi vaar. Til vinstre hever du dat grøna, jamna Fjellet „Molden", som er vidgjetet av di at ein her hever slik framifraa god Utsyn yver Horungtindarne og Jotulfjelli i Aust og Jostedals-briden i Vest. Dat er fulla ingen Stad at ein, so som her, fraa Molden kann sjaa dei høgaste Fjelli vaare tett i Nærleiken, samstundes som ein hever Fjorden nedunder Noti deira; her kann ein sjaa deim i deira fulla Høgd, og ingen Stad skal ein verda meir slegen av deira Storleike en her. Molden er so slett og langdregen paa eina Sida, at han ogso er mykel lett at stiga upp aa. Paa andra Sida aat Fjorden sting dat fagra Urnes seg fram med dan litla namngjetna Kyrkja, og attanfyre ris Fjellgarden 5—6000 Fot upp fraa Sjoen, med sine maalande Naser og Nipor. Ja vel er han verd at sjaa denne makalause Lustr-Fjorden med dat baade storlaatna og blida, harda og mjuka Landslaget sitt. Her er dak likasom samantrengt i eitt Bilæte, dat som gjerer vaar Natur so skiftande rik. Nakna, stupande bratta Bergsidor skifta med skogvaksna Lider, runde og tunge Kollar med undarlega Naser og kvasse Tindar, stora Urder og Skridor med smilande, fraudiga Strender og store Frukthagar, smaae siklande Bekkjer med store dunande Fossar slike som „Feigum" og „Hundafossen".

Felagen min hadde Rett han, han kunde gjerna „vaaga Merri", for Raudi drog oss fram til Solvorn i god Tid, visstnog med saare Limer, med Klædom fulle av Duft og Lumorna fulle av Sand, og dat som verre var, Botnen or Nistetina, som hekk bak paa Kjerra; men slike smaae Vandamaal vordo snart avgløymde ute paa dan fagre Fjorden. Dat var rett ei Lyst attpaa Skakingi at vogga seg paa dan litle Eimbaaten, og i god Ro faa liggja og njota dan framifraa Utsyni. Men Raudi synteſt slet inkje lika paa Sjoferdi, dar ho stod blaasande fram paa Lyftingi bundi til Mastri. Ho hadde jamvel mist Mathugen sin, so ho inkje ein Gong vilde smaka paa Rugbraudstumpen, hennar beste Fysemat, fyrr me vaaro komne i Land paa Lærdalsøyri.

Lærdalen.

Daa dat var Jonsvokokveld me komo til Lærdal, og dat berre var eit litet Stykke fram til Leikvollen, var dat sjølvsagt at me maatte av Stad og skoda paa Brisingen og paa Folklivet. Dat var eit framifraa fint Vedr, skirande klaart og stillt og mildt, so at Natti var beint lagad til Midsumarshøgtid. Fraa ymse Stader høgt upp i dei myrke Fjellom lyste Brisingarne Glede ut yver Bygdi, men Elden, som sprakade fraa dan store, gamle, tjørebrædde Baaten, som var reist paa Leikvollen ned i Dalen, logade høgast i kyrra Natti og kastade sitt dirrande Ljos ut yver

dan glade Folkahopen, som i sin maalande Helgarbunad hadde samnat seg kring Eldstaden. Dat gulrauda Skinet gav tvifald Fristleike aat dei rosutte smilande Gjenta-Andlit og aat dei gartande Gutar og huande Smaaborn, som gjorde Kast kringum Elden. Men kvar er Spilemannen og korso er dat voret med Dansen paa Jonsvoko-Vollen? „Ero dei vidgjetne spræke Lærdalsgutarne vordne stinne i Limerne sine, elder skulde kann henda Lensmannen, som gjeng og luskar dar utanfyre Ringen, halda Folket fraa at fylgja Hugen sin?“ tenkte eg med meg, daa eg vardt var ved tvo leduge Hallingdøler, som under skjemteleg Stevjing foro kring Vollen med dei løglegaste Kast og Spring i Freistnaden med at krøkja Føter under kvarannan, til stort Gaman fyre Aalmugen. Men inkje lenge fær eg Hugnaden av at høyra paa deira kvike og vitfulle Ordkast og sjåa paa deira leduge og spræke Bøygingar og Spark, fyrr Lensmannen kjem burt og gjerer Ende paa dan skuldlause hallingdalske Leiken, til stor Harm fyre Felagen min med sine amerikanske Fridomstankar, som han laut gjeva Luft i nokre Slengjeord aat Lensmannen um ryskt Hardstyre o. s. v. Lensmannen, som var Bymann, hadde elles teket i mist og trutt, at Dølerne vilde erta seg inn paa kvarannan fyre Aalvora. Daa han vardt upplyst um at dat var ein aalmenn Bygdarleik i Hallingdalen, kom han burt og likasom orsakade seg. Dat er altfor myket Til-

felle, at Embættesmennerne paa Landet kjenna so litet til Bygdarsed og skyna seg so litet paa Folkahugen, at dei fara i Villa baade i Aalvora og Gaman.

Men dar sit Spilemannen og stiller Fela si. Felolaaten kallar snøgt Ungdomen kring honom og Dansen byrjar med — Vals og Galopade! Eg stod ei Stund og saag paa deira klurutte Freistnad med at apa Byfolket etter, men sidstpaa vardt dat meg utolande at sjaa leduge, norske Gutar i dan styrde, framande Dansen. Eg gjekk burt aat Spilemannen og lagde nokre Skillingar i Fela hans, med Krav um at han skulde setja i med Halling og Springar. Daa vardt dat annat Liv i Leiken var dat likt til. Daa fekk eg sjaa at Lærdølen inkje med uretto hever fenget Gjetord fyre Frækleiken og Mjukleiken sin, men Elling Maalar, dan eine av dei nemnde Hallingarne, var do dan spräkaste i Hallingkastet lel. — Kor myket betre dat høver Folket likavel, dat som veks ut or Folket sjølvt.

Lærdalen, som skjer seg tvert inn i dan sudlege Enden av Jotulfjelli, er storskoren og trong. Vedrslaget er her jamlega hardla turt, og daa Hiten um Sumaren er ovsterk og Jordkyndi myket sandutt, vilde baade Aaker og Eng vonlega skina burt kvart Aar, um dat inkje være Raad til at hjelpa paa Regnskorten. Men alle Elvar, Grøver og Smaabekkjer, som sikla ned næstan etter kvar Fjellskor fraa Snjoen, som ligg i Høgfjelli Aaret rundt, giv Lærdølen Til-

føre til at bøta paa Vandamaalet med Vatning. Og hæv er Lærdølen i detta Stykket. Heile Dalen er som gjenomvoven med Vatningsveitor, og dat er baade forvitnelegt og vænt at sjaa Grødet paa dei fraudige Aakrom og Engjom riga i Vinden millom alle Sandhaugarne og Steinrøysjarna, som dat inkje er Skort paa her i Dalen. Her kunde vera nokot at taka etter fyre ymse av dei mange Ferdamenner, som ferdast aust og vest etter denne Vegen.

Ja han fær nog bruka baade Armar og Hovud, dan som skal stræva til Gagns i slike Dalar, men dat er vel ogso beint detta, som gjerer Dølen til dan vituge og spræke Karlen han er, baade i Hug og Likam. Han fær inkje vera stinn og lat, dan som skal kravla seg upp gjenom desse Brot og Skorer. Han tarv inkje vera rædd, som i Storm og Skridor og Snjofok skal baska seg fram med Høylasset fraa Stødul og Uteslætte og med Vidar-Lasset fraa brattaste Lidi. Han maa inkje vera svimrug, som skal med Ljaaen upp i dei stupbratte Skorer elder hanga med Snidlen i Lauvbjørki utyver Stupet. Han lyt inkje vera raadlaus, som skal hjelpa Hestar, Naut og Smalar or Skorfeste. Han maa fulla inkje vera vitlaus elder utolug, som skal møta Vatsflaumen, som Vaar og Haust trugar med at grava ut heile Eigedomen hans. Han kann inkje vera kulsen, som skal vada dei iskalda Elvarna, elder draugrædd, som i myrka Natti so ofta lyt verda uteliggjande i Skog

og Ulenda. At alt detta maa hava sin sereigne Verknad paa Dalagut og Gjenta er greidt at skyna. Landslaget og Livet millom Fjellom maa ala fram eit spräkt, vitugt og sterkt Dalafolk med serskilde Seder og Vanar, sermerkt Maal og sereiget Tenkjelag og Huglynde. Men endaa skal Dølen tvingast inn i dan danske „Kulturen", som høver honom paa Lag som ei firhjuld Vinar-Vogn vilde høva til dan bratte Stødlsvegen hans; endaa vil hans eigne Landsmenner hava honom til at byta sitt norska Fjellmaal med dat danska Flatelands-Maalet, som vilde gjera honom reint hjelplaus, um han skulde verda nøydd til at bruka dat i si daglega Sysla. — Stuttsynte Bymann! Vend Hugen din fraa detta urettvisa og vonlausa Strævet ditt! Du spiller berre din eigen Dug med detta faafengda Starvet. For du kann lita paa dat! Dølen verd Døl kor som er, han kann inkje finna seg til rettes med at ganga dine Vegjer, han slepp inkje sitt goda, malmfulla Maal, til Lukka fyre Nordmannskapen i Landet. Dat er du, som er skuldug at venda Hugen til Fedraarven, som han hever gøymt til oss alle. Tak imot honom dess fyrr dess helder, og du skal røyna kor fager han er og kor rik du vil kjenna deg. Elder steng iminsto inkje Borni dine ute fraa Arven sin, han vil høva deim betre en dan framande, laante Lausøyren.

Av merkelege Tindar upp i Dalen skulde eg serlega nemna „Jotulpresten" nedanfyre „Vindhella".

Naar du fraa rette Staden ser denne drustelege Tinden, som stend so maalande paa høgaste Fjellbruni, daa er han inkje ulik ein Prest fraa Luther-Tidi, so som me ero vane at sjaa deim paa Bilæti i Prestkaapa og dan flata Huva.

Lærdalen er ogso forvitneleg av sine nye, stormannslege Vegjer, slike som dan vidgjetna Vindhella og Vegen yver Seltunaasen. Dat tek deg i Hugen, naar du stend paa øvsta Riset av Vindhella og ser kor Vegen kjem bugtande lik ein diger Orm upp etter Fjellet fraa djupe Dalen. Slike Mannsverk ero i Vissa til Heider fyre Mannen. Dat syner at Hugen hans er sterkare en harda Berget og at han kann hevja seg yver høgaste Fjell og Firne. Men han maa spana Tanken sin og tøygja og bugta seg, likasom Vegen her, skal han vinna „yver dei høge Fjelli". Paa denna Visi kunna dei harde, høge Fjelli vaare verda gode Kappar til at slaast med, som kunna temja oss upp til at verda eit Folk med Spennkraft i Tanken og Tolmøde i Framfaret vaart.

Strakst ovanfyre Vindhella hallar Vegen ned atter i Dalføret. Daa eg kom fram paa Riset, vardt eg braatt var ved Borgundkyrkja. Dat skok i meg ved Syni av dan litla, gamla, fagra Kyrkja. Eg sprang or Vogni og tok paa Sprang ned til „Kyrkjovoll" og fekk henne Sigrid Kona med Luklarne med meg og skundade burt aat Borgund Kyrkja.

Millom høge Fjell paa grøne Vollen
ligg dan myrka Kyrkja bygd av Stav,
retter Spirar yver Dølens Grav;
vesall ser du ut mot digre Kollen.

Men du veld, at sterkt mitt Hjarta bankar,
fagra Minne fraa dan forna Tid!
Bod du ber, at midt i all sin Strid
hadde mine Feder fagre Tankar.

Aalvorsamt du ned til Ætti talar
med ditt væna heimelega Snid,
manar henne vera norsk i Sed,
som dat høver Folk i norske Dalar.

Litla Kyrkja, du kan Tjodi læra
at ho atter verda maa seg sjølv,
difyr' me kvar Stav, kvar Spon, kvar Fjøl
verja maa og halda deg i Æra.

Attved digre Stav eg stend og drøymer
meg i Framtid inn, daa enn ein Gong
Herrens Ord og Folksens Salmasong
paa vaart eiget Maal i Kyrkja strøymer.

Eg vardt vakt or Draumarne mine av ein engelsk Ferdamann, som med sin „Gide“ (Ferdabok) i Handi kom stampande inn paa sine saumslegne Skor og vende seg aat Felagen min med nokre Spurs=

maal um how old, how long, how broad, how high*) Kyrkja var. Daa han hadde fenget Svar paa detta, for han ut atter likaso snøgt som han var komen. Eg og Sigrid saag ut etter honom. Daa han var ut um Kyrkjogarden komen, som laag ein god Mole fraa Storvegen, lagde han, til liten Hugnad fyre henne Sigrid, Leidi si gjenom tjukkaste Engi, vonlega fyre di han tykte dat var mjukast at vabba i Graset, saarbeint som eg saag han var. Sigrid riste paa Hovudet, saag misnøgd burt paa meg og sagde: „Skal tru Engelskmannen vilde lika um me komo til honom og tradkade ned beste Bøen hans?"

Dat er so sjeldan at Bonden laugar seg i vaare Dagar, at eg kann verda heilt fegen naar eg raakar til at faa sjaa dat. Eg tykte disyre, at dat var huglegt, daa eg eit litet Stykke framum Kyrkjo-voll vardt var ved fjore nakne Skrottar paa ein Tange, som stakk ut i Elvi. Eg tenkte no inkje annat en at dat var Fjellgutar, som hadde fenget Hug at svala seg paa heite Sumardagen, elles skulde eg hava skynat at detta var eit Mistak av meg, ved at merka meg deira spake Aatferd, dar dei gingo so aalvorsame att og fram paa Vollen. Dat vilde litet høvt med kvike Fjellgutar detta. Baketter

---

*) for gamol, for lang, for breid, for høg.

fekk eg og sjaa, at dat var eit Samlag av engelske Gongomenner, Fylgesveinar til dan saarbeinte Ravingen, som tradkade Graset hennar Sigrid, og som hadde lotet taka seg Skjot paa „Husum“, paa Grunn av dei saare Føterne sine. Dei vaaro elles heilt godlidande desse Ferdamenner, til at vera Englendingar, og friske til at ganga, endaa dei vaaro helder til Aars komne. Me umforost og samtalade ender og daa upp etter Vegen til Maristova, og dat var ein Hugnad at sjaa kor kvike og lette dei gingo i Solsteiken med dan tunga Skreppa paa Ryggen. Ein engelsk Ferdamann hever jamlega mange necessaries*) at bera med seg, maa vita.

Fyrr me fara framum Hegg, lyt eg maala deg eit Bilæte av Tunet dar paa Skiftet. Sundagen hadde samnat ein heil Flokk av Bygdarfolk paa Garden i sine Helgarplogg. Raudi stend midt i Tunet og eter Havre av ei gomol Brya. Eg og Felagen min sitja paa kvar si Skaak av Vogni med kvar vaar Klining i Handi. Paa Tromen av Steintrævet utanfyre Loni sitja dei fem Engelskmenner berrhovdade med Føterne dinglande og drikka Øl. Paa Stabbudi stend ei Rad med smilande Gjentor i kvita Skyrtermar og halla seg utyver Handridet paa Trævet. Dei glisa kvar Gong dei engelske Framandmenner med upplyft Glas nikka aat deim og segja „Gjenta si Skaal“, som Skalkarne hadde lært

*) Ta ve de.

seg. Her og dar kringum standa Unggutar og slengja skjemtelege Ord aat kvarandre elder aat Gjentom. Gjenom dat opna Vindaugat sting dat fram nokre Studentarhovud med Luvoduskarne dinglande, og Smaagut finn du med Hender i Brok standa og nidstara paa Engelskmonnom. Husfader sjølv sit i Laavodyri og talar aalvorsamt med Grannen sin, medan Husmoderi fer att og fram og ser Ferdafolket til godes.

Di høgare ein stig, dess lettare verd Lufti og dess kvikare verd ein i Hugen, dat er ein gamall Lærdom. Ja hugsamt er dat at koma til Fjells paa ein heit Sumardag, (Gradastokken synte her 18° i Skuggen), serlega naar ein hever faret heile Dagen etter dan duftutte Storvegen, dat fekk eg i fullt Maat røyna paa Maristova. At fara burt aat svalande Elvi ein slik Dag, slengja av seg Klædi og taka seg ein Styrt i dat friska, kalda Fjellvatnet, og so attpaa i reine Klædom liggja og velta seg paa dan mjuke Grassvorden og lauga seg i dei sidste Straalarne av Kveldssoli, medan ein dreg i seg Drag etter Drag av dan friska Fjellufti, dat er so du kunde svimra av berre Fysna, dat kann inkje verda maalat med Pennen, dat maa røynast. Eg let Augo sviva kringum i dan saftgrøne Fjelldalen med Graset veksande radt i Tromen paa dan glimande Briden og med staute Kollar og Nutar risande upp mot dan klaare, raudleitte Kveldhimmelen; eg saag paa

Felagen, som sat dar og kosade seg paa Elvarbarden, og eg fekk Hug til at segja fram desse Versi av Telamarkar-Skaldens makalausa Kvæde:

No ser eg atter slike Fjøll og Dalar,
som deim eg i min fyrste Ungdom saag,
og sama Vind den heite Panna svalar,
og Gullet ligg paa Snjo som fyrr det laag.
Det er eit Barnamaal, som til meg talar
og gjer' meg tankefull, men endaa fjaag.
Med Ungdomsminne er den Tala blandad:
Det strøymer paa meg, so eg knapt kann anda.

Ja, Livet strøymer paa meg, som det strøymde,
naar under Snjo eg saag det grøne Straa.
Eg drøymer no, som fyrr eg alltid drøymde,
naar slike Fjøll eg saag i Lufti blaa.
Eg gløymer Dagsens Strid, som fyrr eg gløymde,
naar eg mot Kveld av Sol eit Glimt fekk sjaa.
Eg finner vel eit Hus, som vil meg hysa,
naar Soli heim mot Notti vil meg lysa.

Engelskmennerne, som no ogso vaaro framkomne og søkte burt aat Elvi til at lauga seg andre Gongen, saago fegne ut yver Dalen og nikkade vinlegt til oss, som skynade dei kvat eg sagde. Dan eine av deim rette ut Handi si, snudde seg seinlega i Tunn og sagde høgtidlega: „Very fine!“ *)

*) mykjet fint.

Ja dat var ein ugløymande Kveld, dan Kvelden paa Maristova. Og slike snilde Folk som dat var, og slike gode Eggjakakor og annan Fysemat som me fingo, og skikt Nattalægje! Fraa dan gilda, reina Sengi i Loftromet mitt hadde eg dan vænaste Utsyn yver Dalen. Gjenom opna Glaset strøymde svalande Fjellluftі inn paa meg og bar med seg Susen fraa dan litla fossande Elvi. Dat let næstan som Salmatonar i Øyro mine, og med Takksemd i Hjartat fyre all Skaparens Miskun sovnade eg i dat hyggelega Husværet mitt. Eg drøymde — — nei, dat var sant, eg drøymde inkje, so heil var eg baade til Saal og Likam.

Daa me næste Dag saago dat fyrsta Lemendet kravla i Veita attved Vegen, ropade Felagen min: „Annat Liv i Amerika!" og gav seg darmed til at fortelja um ei Krokodila-Veiding, som han hadde voret med paa. I Vissa er dat inkje stort Livet, dar ein kann fara Miler utan at møta annat en eit kvæsande Lemende elder ei uppskræmd Fjellpistra, men endaa er dat hugkveikjande at fara burtetter Fjellviddi i Godvedret. At Fjellet inkje gjerer hugsjuk kann du høyra paa Gjenta, som stend dar burte paa Sætervollen i Morgonsoli og lokkar paa Bolingen og syng so glad Stund imillom. Ja ho hever no Fenaden til at livga upp sitt Einvære med ho, men kor som er, undarlegt er dat voret med dat

einslega Fjellet. Kor ofta hever eg inkje kjent meg aaleine i største Byen midt i tjukkaste Folkahopen, men paa Fjellnuten sat eg i Timar med meg radt eine utan at kjenna meg einsaman. Alt talar her sterkare til deg um Skaparen, so du kjenner deg honom nærre, som er allstad nærverande med si styrande Hand, og korleides kann du daa kjenna deg einsaman?

Men sjaa her ero me komne til Skilet millom Austland og Vestland. Her paa Haugen attved Merkesteinen vilja me taka Kvild, medan Raudi fær beita eit Bil i dat sterka Fjellgraset. Hever du Hug til at lyda paa ein Samtale meg og Felagen min imillom, so legg deg her i Graset attved oss. I di me no skulo fara fraa Sognaheimen, kjem Tanken heilt naturlega til at venda seg tilbakar og festa seg ved Folket, som bur kring dan djupe Fjorden, og Samtalen kjem soleides til at snu seg um Sogningen.

Eg. Kor vel dat aalgjengda Ordtøket „dan spræke og kvike Sogningen" høver til Folket, som me no hava ferdast millom! Aldri saag eg fljotare Fotslag elder ledugare Ganglag en naar Sognaguten trappar burt etter Vegen. Lettare Framferd en naar Sogningen kliv i Berg og Skorer saag eg aldri, utan hjaa Geiti. Sjaa honom kvar du vil, paa Slaatteteigen elder i Lauvbjørki, paa Aakren elder i Baaten balande mot Vind og Straum, elder sjaa honom um

Vetren paa Skatkippet fara urædd som Elding ned gjenom Skogar-Løypa, elder med Byrsa paa Oksli vada til Fjells etter Rjupa i djupe Snjoen, og du skal faa sjaa sama letta og leduga Handalag og Fotlag og same spræke Djervskapen.

Han. Dat vantar visst inkje paa dat han kann vera baade spræk og djerv og herdig attaat, men hardla lat kann han og vera skulde eg tru. Umfram Sui saag eg aldri nokon hava betre Lag til at liggja og leta seg i Solbakken en Sogningen. Du veit og kor Letingen kann liggja halve Vetrardagen og rauta burt i Sengi.

Eg. Javisst kann han leta seg! Dat er sama Vanraad hjaa Sogningen som hjaa flestalle av Landsfolki; han verdset Tidi for litet maa vita. Men dat vil vel laga seg med Upplysingi. Eg tykkjer alt at eg ser munarlege Framstig paa dei sidste Aari, baade i detta og i mangt annat. Eg vonar han er paa god Veg til at retta seg upp av dat gamla Slarvet.

Han. Høgt upp og langt fram endaa! Dat bid vel knapt verre Uvyrdskap i Landet en hjaa Ytresogningen. Hjaa Indresogningen er dat no fulla likare og dat munar i Vissa med kvart baade med Jordhevdi og Kryturskipnaden, men med sjølvom seg hava dei dat mest paa sama uvyrdna Skapet. Men dat er Von til dess, at dar dei hava teket til med at vaska Grisen og Sauden, dar vilja dei sidstpaa ogso vaska seg sjølve med. Og daa skal kann henda

Ordtøket laata „dan kvike og fine Sogningen", for fint Mannsemne er dat i honom, dat er baade visst og sant.

Eg. Emneleg er han baade til Hug og Skrott. Vitugare Hovud og kvikare Huglynde skal du leita lenge etter.

Han. Sant var dat! Du kann tru dat er Gaman at standa heima i Smidja hans Torleiv og lyda paa honom og Bygdarfolki, som so gjerna lydast inn um Dyri til dan hage og vituge Smiden. Dar skal du høyra raakande Ordalag og leikande Skjemt. Du veit inkje kvat som mest sprakar, anten Gneistarne fraa glødande Øksemnet elder Ordkastet, som fyk Manna millom. Stundom falla Ordi tunge som Slagi fraa Storsleggja hans Torleiv, men stundom so lette og leikande som Kattarlabben. Men stundom verd Samtalen og so munnkaat og uvyrden at du lyt venda deg darifraa.

Eg. Altfor sant! Men denne Raaskapen skal vel kverva, naar Folket fær dan retta Upplysingi. Dan framande Sedskapen, som Skulen no freistar med at tvinga Bonden inn i, høver honom inkje. Dat syneſt berre vilja drepa dat sereigna Livet hjaa honom. Anten verd han ein Byting, som du maa leidast ved, elder han sleng dan laante Hamen ifraa seg, naar han kjem ut or Tvangsstova, og verd ein halv Villmann all sin Dag. Men lat Upplysingi verda lagd paa norsk Grunn, og du skal sjaa, at dat

vil faa eit annat Lag. Dat skulde undra meg um dat inkje daa skulde renna fram Skaldar or detta kvika Folket no som i gamle Dagar. Han Vergeland var no og ættad herifraa.

Han. Du hever fulla inkje Urett i detta. Dat er myket til Skilnad at høyra ein sokallad „dannet“ elder upplærd Sogning, um han danskar aldri so godt, mot at høyra honom svalla paa sitt reidelega Sognamaal. Dat gjeng traatt og dauvlegt med dat framande, men dat eigna Barnamaalet flyt so friskt og fljott som leikande Fossen ned igjenom Lidi. Dat er myket til Karl til at finna Ord fyre Tankarne.

Eg. Ja inkje sant? Dat renn meg so ofta i Hug, naar eg høyrer Sogningen, at mange av dei gamle Sogomenner vaaro ættade her ifraa. Me sjaa same Samhug med Manns Idtrotter og Djervskap og Snarraad som hjaa Gamlefolket. Du kjenner honom Eirik Hauge? Naar eg um Veterkveldarne hever sotet og høyrt honom fortelja sina Segner og Æventyr paa sitt sterka, leikande Maalføre, daa kom dat meg stundom fyre, som eg sat inn ved Aaren til ein av dei gamle Sogomenner. Jamlega kjem dat fram ei Blanda av Løge og Mannskap, naar han fortel. Eg lyt freista med til eit Døme at gjeva deg atter ei av Segnerna hans, som attaat syner, korleides Folket, likasom i gamle Dagar, lata sin Hug fylgja med sine Idtrotta-Menner, jamvel etter at dei ero farne or Heimen sin:

Etti paa Risanes hadde i uminnande Tider voret namngjeti av sin Styrke og Mannskap. Paa denne Kjempagarden vardt han Torstein Vigleiksson fødd. Han var dan yngste, men inkje dan veikaste av dei tvo Sønerne hans Vigleik, endaa dei vaaro baade vidgjetne som dei frægaste Gutar i heila Bygdi, og inkje vanslægtade dei paa Fedrom sine.

Mangt Ryggjartaket og mangt Frægdarverket hans Torstein vardt umrødt Manna millom. Gjentorna snudde seg og saag etter dan staute Guten, men Gutarne heldo seg helst paa Vegatromen, dar han Torstein for fram.

Daa Vigleik for til at eldast, tok dan odalborne Hermund imot Ettargarden, men Torstein, som var for sjølvraaden til at taka Tenesta, fekk Hug at fara ut. Dat var no og dei, som meinte, at dat var eitkvart annat og, som drog Guten fraa Heimbygdi si. Han hadde voret helder hugfallen, sagde dei, daa Gudrun Almalid for til Amerika med Foreldrom sine fyrra Aaret. Visst var dat, at han Torstein stod hardla lenge paa Neset og naudstarade etter Eimskipet, som bar henne med seg. Men detta skil inkje oss no.

Kor som var, han Torstein for ut, og i Amerika finna me honom atter.

Ein Dagen, daa han reikade yrkjeslaus utan fyre dan store Staden Chikago, vardt han var ved ein liten Folkahop, som stod og saag paa eitkvart

under eit Tre attved Vegen. Han Torstein laut stad og skoda etter; men kven skulde han sjaa, utan Heimbygdingen sin, Aamund Teigen, som stod dar og synte fram ein Leopard, som var bunden til Treet. Dei tvo Sogndøler vaaro inkje dei beste Viner, for Torstein hadde ein Gong, daa dei møttest paa Almalid-Stødlen, kastat honom Aamund hovudstupa ut um Selsdyri.

Daa Torstein no saag honom atter som Dyrtemjar, ropade han svivyrdelega til honom: „Dat var og høvelegt Arbeid aat deg, at slarka ikring med ein slik Kattar-Larke!"

„Hadde du Mod til at vaaga Skinnet ditt du, daa skulde eg vaaga, dat vardt hardfengt nog fyre Sogndalskjempa at taka Ryggjartak med denne Kattarlarkjen!" svarade Aamund.

„Er dat Aalvora di, so slepp Kjetta di laus," sagde Torstein, slengde av seg Trøya og sette seg beint imot Leoparden.

Aamund var inkje sein med at løysa. Daa Dyret kjende seg laust, stod dat eit litet Bil og nidstarade paa Torstein, gjekk so eit Par sagte Stig fram, men sprang daa med gapande Kjeft rakt i Bringa paa Torstein med slik Offe, at han, som inkje ventade slikt hardt Tilsprang, rauk attlengjes so lang han var.

Dan hugsterke Torstein vardt do inkje vitskræmd, endaa han hadde dan heile øgjelege Tanngarden beint

fyre Augo sine. Han greip med Hondom um baade Kjakarne, sputtade beint inn i Kjeften paa Dyret og ropade so til Aamund: „Vil du hava Kjetta di daud elder livande?"

Han Aamund glodde og tagde seg.

„Eg tenkjer dat er best du fær henne daud," lagde Torstein til. Darmed flakte han med ein sterk Rykk Kjakabeini or Leden paa Dyret, spratt upp og slengde dat skamfarna Beistet burt aat Aamund med dei Ordi: „Dar hever du dan filla Kattarlarken din atter!"

Valdres.

I „Nystova" maatte me fulla inn, um inkje til annat, so til at helsa paa dat namngjetna, gjest-milda Hjonet, som hever voret so mang ein forkomen Ferdamann til Bate og Helsobot. Han Knut var i Marki, men ho Kari funno me i Borgstova i Ferd med at laga til ein ny Vev. Ho drygde daa inkje lenge med at leggja fraa seg baade Vevskeid og Hovold, daa ho høyrde dat var farande Folk ute. Vin-legt og med prydeleg Søma spurde ho kvat me ynskte. Dat leid fram til Middag maa vita. „Dat var no inkje store Ting ho hadde til at bjoda, og tregelegt var dat at dei endaa inkje hadde fenget nokot Fisk i Noti, for ovgod Fisk var dat i Vatnet, dat sagde alle Ferdafolk; men ho vilde no gjerna setja fram dat ho hadde, um me vilde taka til Takkar". Og

godt smakte Flesket og Spikekjøtet og Osten og Mjølki og Ølet og dat framifraa Smøret og Lessa og Eggjakaka; dat var Skam at klaga. „Eg sit godt nog som eg sit,“ sa' Katten, han sat paa Flesket.

Ja ho Kari var fulla Lovordi verd, som stodo at lesa i Skjotboki baade fraa Utlending og Innlending. Engelskmannen kunde gjerna skriva at dat var „an excellent station. Excellent dinner and clean beds“.*) Her var hardla hyggelegt dan glitrande Midsumardagen. Gradastokken synte 16° i Skuggen. Um dat inkje være fyre di, at eg inkje vilde slita Lag med Vinen min, som hastade, so hadde eg plent gjevet meg til nokre Dagar her hjaa dei tekkelege Folki i dan ljosa, letta Fjellstova. Daa hadde eg og fenget stiga upp aa dan høge Aasen med dan vida Utsyni yver Sulutind og Hallingfjelli i Sud og Aardalsfjelli og Horungarne og Koldedalstindarne i Nord. No vardt dat berre Stunder til at koma seg so langt upp i Aasen, at eg fekk sjaa Sulutinden risa som eit digert Kyrkjokvelv upp yver dei næmaste Rinder og Høer, og detta var alt ei stormannsleg Syn.

Etter at me hadde fenget Fat i Raudi atter, som hadde fenget Heimhug og smitet seg nord til nørdsta Grindi, bar dat ned med oss fraa Fjellet i Tvisprang. Raudi var vordi kaat av dat sterka

*) Framifraa godt Herbyrge. Framifraa god Middag og reina Legor.

Grafet. Ho bles og sprang som ho var gali. „Fær eg inkje sleppa heim, so skal eg fulla leika meg med deim," tenkte ho visst. Ja dat var no inkje berre Dyken, som var frisk og kaat; me andre kjende oss og lette og livlege i Hugen. Dat er likasom dat kjem ein annan Haatt i deg paa Fjellet. Du verd i ollo kvikare og hever større Hug og Traatt til at skoda i kring um deg. Og inkje kann ein bruka Augo sine formyket ned etter dat fagra Valdres, i Vissa dat vænaste Dalføret austanfjells. Landslaget, talar paa so ymse Maatar til deg gjenom dan lange rikt skiftande Dalen. Naar du kjem akande ned fraa Nystova, so sit du og bisnar paa dei høge, forrivne Fjelli, som likasom veksa med kvart som du kjem ned, og du verd mest fjetrad av dat villa og storskorna i Landslaget. Men best som dat er, daa krøkjer Vegen seg, og dar i øvste Enden av dan forvitnelega Vangs Mjøsi ligg dat framfyre deg ein vinleg, lokkande Landskap. Dat er dan saftgrøna litla Bygdi kring Øye Kyrkja, umkransad med sprettande friske Granskogen og med dan syngjande, sylvkvite Fossen, som støyper seg ut fraa dat skogutta Skardet og slengjer sitt svalande Gov langt burt etter dan blømande Engi nedunder. Vegen paa høgre Sida aat dat tvo Miler langa Vatnet gjeng og gjenom væna Skoglider, friske Slaatteteigar og Sætervollar, og sjølve Høgfjellet her paa denna Sida med sine løgne Piggar og Nipor dreg Smilen fram hjaa deg.

Men naar du so kastar Augo dine burt paa hi Sida aat Vatnet, daa kjenner du som ei kald Rysjing gjenom Merg og Bein. Dar standa dei høge, ville Fjelli som ei Rad med trugande Jotlar med rukkutte Skallar, som senda dan eina Skrida større en dan andra ut yver dan litle Mannaheimen nedunder. Han maa i Vissa inkje kjenna stort til Rædsla, han som hever Bustaden sin her innmed dei ilskne Trolli, og traattug og herdig maa han vera, som Aar etter Aar skal stræva mot slika Kjempor. Best som Mannen eina Aaret hever rudt seg ein Aakralappe i Tromen paa ei Skrida, so kjem dan mannvonde Jotulen andra Aaret og slengjer aa nyo ein Neve med Sand og Stein ut yver Mannsens Sveitadropar.*) Ein kann inkje undrast paa um han vil freista si Lukka i

*) Flestalle nyaste Skridor (eg talde eit Par Tjug) ero fraa ein Dag i Haustflaumen 1862. Daa gjekk dat ut alle Husi paa nokre Gardar og sume Gardar vordo næstan heilt øydelagde paa Aaker og Eng. Dat var faae av Gardarne paa dan Sida aat Vatnet, som inkje leid ymis Skaden. Dat maa hava voret eit øgjelegt Jamdøger fyre dei stakkars Folki, som maatte røma ut or Husi sine og leita seg Skjol aat seg og Buskapen ute under Hellar og Hamrar i dat versta Forveder. „Dat valt og dat runde kvart dei seg snudde og ljomade som verste Torodunen. Jordi skalv som ho vilde rivna og Siregnet fossflaumade utan Avbrot. Hon var so tjukk i Lufti at dei litet saago Hand fyre Augo, dei stakkars Husville, som stodo skjelvande og gjenombløytte kring Haug og Hamar“. Soleides fall Ordi til Mannen, som eg talade med paa Vegen. Dat var do berre tvo Menner som tyndest. Dei hadde leitat seg Skjol i ei gomol Smidja, som ei Skrida tok med seg. Dan eine laag ihelklemd paa Durstokken; han hadde fulla høyrt Skrida og viljat freista med at flya ut atter.

ein annan Heim, endaa dat er inkje beint fraa slike Gardar at Utferdi er størst. Folki skulo her hanga hardla sterkt ved dei gamle Tufterna sine. Dat maa vel vera alle Sveitaperlorna, som liggja nedgravne i Moldi, som gjerer desse Jordlapparne so kjære fyre dat smaalaatna Fjellfolket. Dat kunde vera nokot at tenkja paa, um inkje slike Gardar skulde vera næstan skattfrie. Folki tykkja, som ventande er, at dat er hardla tungt at bitala dei store Skattar, som no ero, og dei tala um at detta nøyder deim til at gjeva upp Heimen sin. Dat vilde inkje vera ynskelegt um slike Bruk vordo nedlagde helder, naar Folki elles kunna føda seg paa deim. Dat maa vel vera til Gagn fyre Landet, naar slika Jorder ogso kunna verda nyttade, um dat inkje beint flyt inn nokot i Skattkistorna fraa deim.

Namnet Vang er eit hardla høvelegt Namn paa dan væna Bygdi kring Nedre-Mjøsi. Dat er, so som Ordet tyder, ei stor Engsletta, som ligg smaatt og jamt stigande fraa Strondi upp imot dei skogvaksne Aasar. Kyrkja, som ligg midt i Bygdi, er hardla smaklaus og ser ut som ei Løda, berre med nokre fleire Gluggar en vanlegt. Eg maatte med Harm tenkja paa dan gamla, fagra Kyrkja, som vardt seld fyre 20 Dalar, um eg inkje mishugsar meg, og som no stend til ei fager Bisn ned i Prussland. Aa ja, eg fekk nog høyra at Vangsbygdingen og skjemdest ved denne Høkerhandelen.

T u n e, Skiftet i Vang, som me hadde etlat oss

til Nattarkvile, naadde me tidlega paa Kvelden. Dat ligg upp aa ein Bakke, so ein hever ei vid Utsyn yver Mjøsi og Dalen baade upp og ned igjenom. Naar eg so som her paa Tune etter endad Dagsferd kann sitja dan fagre Sumarkvelden i blømande Bakken og godrøda med Bygdarfolket, daa likar eg meg som best. Eg veit inkje um eg skulde vera lukkolegare eg en andre Ferdamenner, som so ofta hava eitkvart at kyta yver hjaa Folket, men eg er alltid so heppen at raaka paa snilde og ofta paa vituge Folk, som eg jamt kann læra nokot av, dat vil daa segja um mitt eiget Land og Folk. Dat kann no vera so, at dei Ferdamenner som ein jamnaste høyrer nokot av, dei ero Bymenner, som kjenna seg litet heima hjaa Landsfolket, og daa kunna dei inkje hava stor Hugnaden av Samværet helder. Dei kjennast no inkje ved Landsmaalet, ja dei tykkja jamvel at dat er „raat og simpelt". Med meg er dat darimot Tilfellet, at eg tykkjer so innelega vel um Landsmaalet, at eg rett kann hava Hugnad av at lyda vel etter dei ymise Maalføre, kvar eg kjem fram. Dessverre er dat so, at dess nærre eg kjem Byom, dess mindre verd ogso Hugnaden, og kjem eg inn i Byen, daa er dat no ute med dan Gleda. Dat er soleides reint umsnutt med meg og Bymannen. — Etter denna Utgreidingi kann du vita at eg maatte hava stor Hugnad av at tala med Valdresen, som talar slikt godt og reint Landsmaal. Alt fraa Ny-

stova hadde Valdresmaalet laatet i Øyro mine. Dat var no i Grunnen sama Maalet som paa hi Sida aat Fjellet, same Ord og Ordalag, berre med ein litet djupare Klang og med nokre fleire Dativformer. Naar Felagen min lenger framme liknade Sognamaalet i Hop med Ljomen av dan leikande Fossen, so vil eg likna Valdresmaalet med Dunen av ei fallande Skrida. Daa eg lydde paa Valdresen, som burte paa Mjøsstrondi fortalde meg um Flaumdagen hitt Aaret, daa tyktest eg likasom høyra Skridorna koma rullande ned etter Bergsidom.

Som sagt, eg tykte dat var Gaman at sitja og samtala med Folki dar paa Tune. Eg høyrde mangt eit upplysande Ord um Gardsbruk og Landssed, som eg vel fær Tilføre til at koma fram med paa ein annan Stad. Eg høyrde dessverre og, at Folk meinte at dat vilde verda større Utferd til Amerika i dat komande Aaret, og dartil dat vanlega Klagomaal paa Skattar og Tyngslor, og detta var inkje Gaman at høyra. Dess meir huglegt var dat at gjeva Gaum paa henne Margit, Husmoder paa Garden, som gjekk og stjornade so annsamt i di ho sveiv att og fram. Mann hennar, som var Ordførar, var burte paa Amtsmøte, so alt Styret paa dan store Garden kvilde paa henne. Ovmyket hadde ho og at standa i dan Kvelden. Eg laut undra meg storlega, at ho var før til at vinna paa dat altsaman, og eg hadde mi stora Glede av at sjaa, kor fint og fljott dat gjekk

fraa Hondom. Dat skulde sama Natti vera Buførsla til Fjellstødlen ogso. Snart saag eg henne Margit paa Stabburet i Ferd med at laga til Stødlsnista med Mjøl og Braud og Kjøt og Flesk og Salt og Koffi og Klining; ho gløymde inkje maa du tru! So saag eg henne burte paa Laavokloppi stara etter, um alle Kjeroldi vaaro i retta Stand. Daa vaknade Veslegut, som i Vogga laag, og ho laut avstad og tagga dat skrikande Sogbarnet med ein Mjølkeskvett. So laut ho koka Fisk og duka Bordet til oss Framande og daretter kokte ho Kveldsgrauten til Folki, og dan som god var, dat kann Hr. Bonifacius lita paa! No kom Posten, som skulde greidast, for dat var Postopning paa Tune maa vita. Men endaa hadde ho Margit ein Smil og eit vinlegt Svar til deg, naar du talade til henne og bad um Upplysing paa eit og annat. Verst fari var ho daa dat sidstpaa kom fjore Engelskmenner, som og skulde hava Kveldsmat. Daa kom Margit halvt læjande og halvt graatande upp i Romet til oss og bad um me inkje kunde rettleida henne litetvetta. „Dat stend nokre Engelskmenner nede i Tunet og preika, men eg verd radt lika vis av Svallet deira. Dei vilja fulla hava Mat, men umfram „Flatbraud" skynar eg inkje Ordet," sagde ho. Ho vardt myket takksam fyre Hjelpi vaar, endaa ho laut koka Fisk andre Gongen, og dei Framande vordo ogso heilt fegne ved the excellent trout.*)

*) dan ovgode Auriden.

Slike hæve Kvende som Margit er dat mange av paa Landsbygdom. Eg trur no og, at i dat mesta av deira Gjerd kunna slike Kvende beint fram vera Mynsterkvende fyre Husmøder i ei Husstjorn paa Landet. Dat kunde vel vera, at dan, som vilde gloa vel etter, kunde hava funnet ein Duftgrand her og kvar paa Husbunad elder burt i eikor Kraai hjaa henne Margit. Dat er vel og tvillaust, at Landskvendi i mange Tilfelle utan Kostnad og utan at spilla Tidi kunde skipa seg meir reinslegt en dei gjera, men nokot annat er dat at i Botn og Grunn fordøma deim, so som mange av vaare Kulturfolk gjera i seinare Tidom. Jau dat skulde set greidt ut fyre henne Margit dan Kvelden, um ho skulde hava kastat fraa seg all si eigi Røynsla og havt ei fin Dame attved Sida til at rettleida seg paa Byvis. Dat hadde voret god Tid til at tvaa Henderna kvar Gong dat kom ein ørliten Duftslekk paa, og til at bosta seg fyre kvar Mjølslekken, og til at skura Gryta utanpaa fyre kvar Gong ho kokte, og pakka Skeider og slikt inn i Sogpapir o. s. v. Anten hadde dat no inkje vordet nokor Buførsla dan Kvelden, elder daa hadde dat set vesalt ut med oss Felagar og Engelskmennerne, som svoltne vaaro, og kann henda Veslegut hadde skriket seg i Hel attpaa. Eg vil no inkje tala um at eikor Gjenta hadde fenget bida paa Brevet fraa Guten sin.

Daa me tidla andre Morgonen komo ned, sat

ho Margit alt med Rokken sin hugheil og smilande. Ho takkade hjartalega fyre dei faae Skillingar, som ho skulde hava fyre all Møda si og gav oss Handi og eit vinlegt Velfar attpaa. Liv heil og sæl, trugna og vinsæla Husmoder, i dan turvelege men hyggelege Heimen din!

Sama glitrande Solskin! Daa maa dat vel vera huglegt, i godt Lag og med kipen Dyk at aka gjenom slike fagre Bygder som Vang og Slidrar. Dat nya Vegstykket under Hugakleivi er vel nokot av dat mest forvitnelege, som ein kann sjaa av detta Slaget. Vegen er mint manga hundrad Alner i bratta Berget, som støyper seg enda ned i Vatnet, so at Arbeidsfolki luto hanga i Tog paa Jarnboltar, som vaaro innkilte i Fjellrivorna. Ein Mann laut lata Livet sitt i di at Toget slitnade, so at han for paa Vatnet og druknade. Sume av Togi hanga endaa atter til ei Visn fyre farande Folk. Paa ymse Stader er Vegen mint tvert igjenom Berget, so dat stend høge undarlege Bergknausar til Vegagard ut imot Vatnet. Dat er dyre Vegmolar slike, men likavel er dat god Meining i at kosta deim her paa denne folkafarne Vegen, som er som ei Livaader millom Austland og Vestland. Eg undrade meg elles baade her og paa dei andre stormannslege nye Vegjerne, kvi dat berre stod Aarstal og inkje Namnet paa Byggmeistaren innhogget i Fjellet. Dat vilde i Vissa fyre flestalle farande Folk vera forvitnelegt at faa

sjaa Nomni paa dei hage Fyremennerne fyre slike Storverk.

Ovlega vænt er dat paa baada Sidor aat Hemsinghalsen, som ho kallast Elvi, som bind Mjøsi og Slidrafjorden isaman. Heitt som dat var, luto me i Middagsstundi sjaa til at faa støypa oss ut i dan svale Slidrafjorden. Eg tykkjer no at dat høyrer med til Ferdamanns Fagnad at faa liggja og symja og svamla i Vatnet eit Bil paa Dagen. Dat friskar utrulegt og giv deg attaat slik Mathug, og „Maten er Mannsens Magt" veit du. Han Aasmund Vinje, som elles er ein myket klok Mann, meiner no visstnog dat, at beint av dan Grunnen hever Landsfolket inkje Raad til at lauga seg, men „d'er inkje so vis ein Mann, han aldri villast kann". Eg trur no, at dess større Mathug du fær og dess betre du kann eta, dess tidigare og herdigare til at arbeida verd du og, dat vil do segja naar du berre inkje foreter deg. Er her so sant Bruk fyre sterke Nevar i Landet, daa maa dat og løna seg, at Folket gjerer slikt, som paa ein naturleg Maate kann vekkja Mathugen, annars være dat best at fara fraa ein slik stakkars Heim, dar ein laut sitja og agta paa Magen og tøyma Mathugen sin.

Ja dat var reint framifraa huglegt at ferdast fram med desse lange, smale Votnom med sine skogklædde Holmar og Nes og vinlege Gardar i kring. Eg sat og bisnade og saag framfyre meg og tenkte:

„nei her fram igjenom er daa endaa dat fagraste du hever set!" Men naar eg so vende Hovudet og saag meg tilbakar, daa tykte eg dat var endaa fagrare attanum meg, naar Høgfjelli komo til med dan snjorendutte Hugakollen i Brodden som Merkesmannen deira.

Paa dat nya stormannslega Skiftet Fagernes, som me naadde um Kvelden, vistadest me til andre Ettermiddagen. Dat var sagt meg, at eg laut dveljast her, for dat var finaste Skiftet i heile Valdres og svarade i ollo til Namnet sitt. Aa ja! dat var nær aat altfor fint, men dat er no ogso snøgt fint nog aat meg maa vita. Eg er no lika sæl, um eg inkje finn Bordbjøllor og Styvelsknigtar og sovoret paa Landet, helst naar eg skal bitala tvifaldt. Inkje fyre di, dat var visst inkje dyrt paa Fagernes etter alt, som var paakostat, og so er dat no godt og vel, at dei, som trenga slikt fint Stell, ogso kunna finna dat paa Vegom. Men so laag Fagernes for laagt og innestengt i Furoskogen til at vera rett trivelegt tykte eg.

Um Morgonen vardt eg vakt av sterkt Mannamaal, som lydde gjenom dat opna Glaset. Dat var ein Engelskmann, som stod ferdug nede i Tunet og ramsade upp or ei Lista: — — No. 3 my trunk, 4 hatcase, 5 portmanteau, 6 my rod, 7 umbrella, 8 plaid. All right, go on!*)

*) Mitt Klædeskrin, Hatteskja, Handsekk, Trode, Regnhatt, Plagg. Alt rett, av Stad!

Her var eg komen beint upp i „Kulturen" saag dat ut til. Huset var so fullt av farande Folk, at daa me komo um Kvelden, luto me tigga oss inn hjaa Husbonden. Millom alle Ferdafolki var dat og eit ungt nygift Hjon fraa Hovudstaden, som hadde gjort Ferdi hit etter Brudlaupet, i Staden fyre at fara til Utlandet, so som Storfolk plaga gjera i Kjæle-dagarne. Jamen kann dat ogso vera likaso god Meining, um inkje betre, fyre slike Folk at ferdast her i vaart eiget Land. Dei skulo leita lenge fyrr dei finna fagrare Landslag, og friskare Vedrslag finst dat ingen Stad. Eg hadde rett min store Hugnad av at sjaa paa dat unga Hjonet, som gjekk her og kosade seg. Snart saag eg ein Blenk av deim millom Treom i dan svalande Skogen; so vaaro dei i Baat og voggade seg ute paa dan blenkjande Fjorden; so raakade eg deim burt paa Brui, dar dei stodo Arm i Arm og starade drøymande ned i dan fossande Elvi elder saago kvarandre tagalle inn i Augo. Eg kom i Hug nokra Rader av dan tydske Skalden:

Mit deinen blauen Augen
Siehst du mich lieblich an,
Da wird mir so träumend zu Sinne,
Daß ich nicht sprechen kann.

Gjenom nordre Aurdal dreg Vegen seg smaatt um Senn eit godt Stykke upp i Aasen, so ein jamlega hever dan besta Utsyn yver dat framifraa væna

Dalføret. Dat var litet likt til at denna Bygdi svarade til Namnet sitt, for Aur saag eg ingen Stad. Alt saag saftrikt og blømande ut. Dat er no ei heilt onnor Natur her en lenger upp imillom Fjellom. Snaude Høgfjell ser du inkje. Istaden fyre bratta Bergsidor er dat her jamne Aasar, skogvaksne alt aat Himmelsyndi. Vatsdraget dreg seg so fredlegt og stillt fram millom tekkelege Holmar og Øyar og smilande Strender. Eg gladdest ved at sjaa all denne Skogen her austpaa. Eg hadde ventat at finna honom meir skamfaren. Diger Skog saag eg vel litet til, men dat var slik sprettande Vokstrar-Skog, at dat rett var ein Hugnad at sjaa. Verd han berre livd og vel medfaren her etter Dags, daa hever dat ingi Naud med di paa desse Leider, soframt Jordkyndi elles inkje er so god, at Skogen helst skulde vera rudd og Landet hevdat. For inkje svarar Skogen seg so godt som hevdad Mark etter djupaste Dalføret. Ein skal difyre inkje trega paa, um Skogen kverv dar dat kjem Aakr og Eng att i Staden. Upp i høgaste Aasarne kunna Folk darimot inkje vera for vare um Skogen, baade av di han liver so godt fyre Vind og Vedr og av di dat er mindre Von fyre Jordbruket, naar dat ber upp i Høgdi. Men dat er versta Vandamaalet, naar Skogen verd uthoggen paa Fjellsidom, at all Jordi, som Trerøterna binda, glid ned i Dalen smaatt um Senn, alt til dess snauda Svadberget ligg og grin i Dagen

og all Skogar-Von er kvorvi fyre ævelega Tider. Dartil kjem ogso, at naar Trei ero burte, daa verd dat verre baade med Snjoskridor og Flaum. For Trei hefta Snjoen godt, og so braadnar han helder inkje so braatt inn i Skogen.

Dat ligg mang ein fager Bustad etter Vegen her i Aurdal. Hadde eg inkje havt min eigen kjære Heim paa hi Sida Fjellet, daa kunde eg voret frei-stad til at ovunda honom L'Abbé Lækjaren, for tekkelegare Bustad en hans hever eg snaudt nog set. Dat gamla namngjetna Skiftet Frydenlund ligg og so fritt og lokkande, at eg næstan tregade paa, at eg inkje helder hadde valt detta til Nattstod. Dat saag hardla trivelegt ut i Svalskuggen av dei store gamle Trei utanfyre Huset, dar Huslyden no sat so hyggelegt med Handarbeidet sitt.

Ved dan nye Tunsaas-Vegen laut eg stiga or Vogni. Dat var so freistande at sjaa seg tilbakar upp igjenom dan makalause Dalen, at eg kunde komet i Faare fyre at vrida Nakkabeinet or Leden, um eg skulde hava sotet i Vogni. Dat var myket til Ga-man at reika so smaatt upp etter dan forvitnelege Vegen og ender og daa at setja seg ned paa ein Stein og skoda ut yver Landskapen, som laag dar i Solargladet i sin fagraste Sumarsbunad. Lenge sat eg paa øvsta Kvilet, dar Vegen bøygjer av og inn i Skogen. Dat var helder tungt at slita seg laus og helsa Velfar aat dat fagra Valdres og Snjofjelli mine.

Gjenom Land og Vardal.

Naar du vil fraa Valdres og til Stora-Mjøsi, daa lyt du krossa tvo Aasar, Tunsaasen og Vardalsaasen. Fyrsta Dalføret, som du kjem til, er Etnedalen med Land og Randsfjorden. Vatsdraget fraa Valdres sambind seg med Vatsdraget fraa Randsfjorden ned ved Hønefoss paa Ringarike, men jamnaste Farvegen fraa Bjørgvin til Oslo hever alt til dan sidsta Tidi voret gjenom Etnedalen og etter Randsfjorden. Vonlega er dat meir ulendt nedst i Valdresdalføret. I dan sidsta Tidi plaga Ferdamenner helst velja at fara yver Vardalsaasen til Gjøvik og soleides koma inn paa Eimskips- og Jarnvegs-Leidi, som fører inn til Hovudstaden.

Dat er lystelegt at ferdast her paa dei gode nye Vegom og aka so fint og makkegt nedetter Hyljarasti med stendigt skiftande Smaalandskap framfyre seg. Aasarne verda no lægre og lægre, medan Landet er meir innskoret med smaae Dalar paa tvert og paa langs. Men vænt og rikt ser her ut, og mange gilde og velbygde Gardar ser du i kring um deg. Skjotskifti ero ogso myket fine og stormannslege. Dat fyrsta Skiftet paa øystre Sida aat Tunsaasen, Gravdalen, ligg myket vænt og romantisk, men so hava dei voret so smaklause at byggja upp ei stor Laava beint framanfyre Loni og soleides stengt Utsyni fraa Folkaromi paa detta nya Skiftet.

Dat undrade meg baade her i Land og paa

Heidamork, at sjaa so myket urudd Mark, som visst berre ventar paa Plogen, til at verda dei finaste Aakrar og Engjar. Detta høver litet med Talen um at her er for fjølment og at her skal vera meire Arbeidskraft en Landet kann bruka. Eg trur detta maa vera eit stort Mistak. Eg kom i Hug Fjordbygdingen heima. Onnorleides veit han at nytta Jordi, naar han Tume fyre Tume grev seg fram i Brot og Skorer, gjenom storsteinutta Urder og dat versta Ulendet. Men endaa ber dat seg vel, naar dat verd gjort paa retta Visi. Difyre saag eg med goda Voner paa alt detta Landet. Eg hadde aldri trutt, at dat var so myket hevdande Jord fram med dei mest folkafarne Vegom. Dat er tvillaust at dei maa hava ei god Framtid, desse Bygderna, for her er Rom til dat tvi og trifalde Manntal, naar Folk faa dat retta Vit paa Tingen. Dat maa plent vera eitkvart rangt med Arbeidsskipnaden her paa Austlandet, naar friske arbeidsføre Folk skulo vera nøydde til at fara til Amerika, medan feita Jordi ligg unyttad heima, som berre bider paa sterke Armar, til at kunna gjeva Føda aat Tusund baade med Folk og Fe. Leiglendings-Stellet er trulega dan verste Steinen, som ligg i Vegen fyre Framfaret. Dat er i Vissa inkje til Bate korkje fyre Eigar elder Leigar, so som dat no er skipat. Dar Arbeidet inkje er fritt, kjem dat naturlega til at alast eit Trællynde, som stel Merg og Maatt fraa Folket og hindrar Fremden

av Mannsens Hug og Dug til at arbeida. Sjølvmedvitande fara vel Jordeigararne i ollo inkje illa med Husmennerne sine, so som dat no verd sagt paa Prent. Dat er sjølve Skipnaden, som er rang, til lika stor Skade fyre baade Eigar og Leigar. Dei ganga likasom med Bind fyre Augom, og gamall Sed er dat som blindar deim. Dat er visstnog inkje so greidt at leggja fram Boti, som her braadlega skulde retta dat, som rengt er; dat maa Tid til slike Umbrøyte, men dat kann inkje skada at ein kjem fram med si Meining.

Midet, som me ljota stemna imot, er at Arbeidsmannen fær Hug til at nytta all si Tid vel, og Mod paa at nøyta seg av alt sitt Evle. Dan beste Uppmoding vilde dat vera, naar han kunde starva med betre Voner til Framtidi en han no gjerer. Hadde han til Dømes Von um, at Jordi, som han ryd i sitt Andlits Sveite, vilde verda hans Eign elder koma Ætti til godes, daa skulde dat visst faa eit annat Lag med Starvet hans. Han maatte til detta Endamaal faa kaupa seg eit Stykke Utmark til ein høveleg Pris med skaplege aarlege Avdrag, utan at vera tvingad til at arbeida hjaa Seljaren fyre nokor viss Bitaling. Jordi hans skulde sjølvsagt vera skuldbundi til han hadde løyst seg ut, men han maatte hava Rett til at bjoda sitt Arbeide fram, dar dat mest trengdest og stod i dan beste Pris. Arbeidskrafti er likasom ei onnor Vara, og dat maa vera

fritt Kapp i detta Skykket lika so vel som i all annan Kaupskap, dat vil sidstpaa vera dat besta baade fyre Kaupar og Seljar. Paa denna Visi munde Letingen anten svelta elder han laut taka Skeidi i hi Handi, medan dan annsame fekk Lika fyre Starvet sitt; daa skulde ogso dei store Gardmenner faa frie, friske og og annsame Vinnofolk kringum Gardarne sine og inkje som no trællynde Letingar. Dat er ogso greid Reikning, at dat svarar seg betre at bitala tvifald Dagløn aat ein Slaattekarl, som slær trifaldt so stor Teig um Dagen som ein annan. Eg hever ofta i i denna Utferdar-Ridi tenkt paa, at her paa denna Leidi skulde eit fosterlendskt Samlag, som hadde Pengar at gjera med, kunna gagna myket med at kaupa upp Utmark og selja henne ut atter til Nybyggjer paa ovannemnde Vilkor. Dat er tvillaust at Utmark her i Landet stend i myket laag Pris mot hevdad Jord.

Dat vardt, som ventande var, meir og meir folkutt paa Vegom di lenger aust me komo. Me møtte som tidaste store Varolass, akande Englendingar og gangande Studentar, som skulde ut og lufta seg i Fridagarne og som hadde skapat seg til paa engelsk Vis med Brøkerne nedstappade i høge Snørestyvlar. Dat maa no vera myket til varm og ulagleg Fotabunad paa slike heite Dagar, tenkte eg, men „dat er lett Byrda, som med Lyst er bori". Naar ein kann sjaa ut som ein Englending, daa er

dat no verdt at lida eitkvart ilt, tykkja vel Folk, so-lenge denna engelska Aparidi varar.

Framum Skiftet paa Tumlevollen var dat Umbot paa Vegen, og med di dat var so ujamt at køyra, gjekk eg detta Stykket. Arbeidsfolki hadde nett haldet Bisk og laago no i Flokkar her og kvar og kvilde seg i Svalskuggen, men i ein Bakke eit Stykke fram paa Vegen gjekk dat ein spræk Gut og smaadansade og gjorde slike leduge Vendingar som dei vanlega byrja Hallingen med. Daa eg naadde fram til Bakken, som skulde sekkjast og som til Helvti var utgraven, heldt han upp med Dansen, men daa eg ropade til honom: „Du gløymde Kastet Gut!" svarade han kvikt: „Ja dat gjorde eg og," sprang so upp aa dan tvo Alner høge Vegatromen og gjorde eit sprettande lett Hallingkast utsyre og try fjore Kast i sama Draget etter han var nedkomen. Dat var inkje til at spyrja etter, um dat var ein Fjellgut fraa Hallingdalen.

Nokot vænare i sitt Slag en Land og heile Landskapen i kring um øvste Vatsenden av Randsfjorden er dat vel vandt at finna. Inkje ein Gong ved Rinen hever eg set nokot so fagert som denna Bygdi, soleides som eg no uppe fraa Riset ovansyre Prestgarden saag henne glimande i Morgonsoli i sin beste Bunad, med bognande Aakrar og blømande Engjar inn i Lauvskogen og umkransad av dei væne Barskog-Aasarne, og altsaman speglande seg so skirt

i dan blanke Fjorden. Eg var Vegastjorni myket takksam, som hadde sett ein Benk so laglegt til her uppe paa dan besta Utsyni. Dar var myket huglegt at sitja, og Felagen min, som hadde voret nokot tusken dat sidsta Døger, kviknade reint upp ved dan uvanlega Syni.

Gjenom Vardal flatnar Landet munarlegt ned imot Stora-Mjøsi. Medan me kvilde Middag paa dan velhevdade Garden Mustad, som ligg so fint til upp i eit Bakkahall, fekk eg Tid til at sjaa meg um i Mjølkekjellaren og skoda paa sumt annat av Gards-skipnaden. Dat var huglegt at sjaa paa Mjølkegrei-dorna, kor reint og fjelgt dat var stjornat altsaman. Her hadde voret ymist at læra fyre Sambygdingarne mine dar vest, men elles er Landslag og Jord-kynd her so ulika mot heima, at Ambod og heila Jordbruket i mangt og myket i Vissa lyt drivast paa annan Maate her i Flatbygdi en dar vester i Fjellbygdi.

Heilo og haldno komo me daa til Gjøvik, som ser ut til at vera ein By i skjott Framfar. Raudi hadde dreget oss 22 Miler i fem Dagar og var næstan lika kaat og kipi som daa ho byrjade Ferdi. Ho svarade meg med ein frisk Knegging og lagde Hovudet imot Herdi mi, daa eg takksam klappade dat trugna og trottiga Dyret til Velfar. Ho hadde og gjort sitt til at gjera Ferdi hugleg. Fem Dagar er inkje lang Tid, men endaa hadde Ferdi voret meg rik paa Glede og Gaman.

Mjøsi.

So her fara me daa paa Noregs størsta og vidgjetnaste Vatn, og her sjaa me Landsens rikaste og feitaste Bygder! So her var dat daa, at dei gamle Byrkjebeinar og Baglar og Heklungar og Ribbungar og Slitungar foro og jagade kvarandre som andre Villdyr! Her hava me Hunselvar-Osen, og her var dat dan raadsnare Sverre Konung kom ned med Skipsfloten sin fraa Randsfjorden, daa han hadde balat seg fram dan undarlega Skipsleidi fem Miler yver Haug og Hamar. Dar i Nord sjaa me Ringsaaker, dar Gudrød Dalakonung miste Tunga si og Rørek Heidamarkar-Konung laut lata Augo sine fyre Svikraadi mot dan harde Sankt Olav. Sjaa her nærma me oss dan fagra Helga-Øyi, Stridseplet millom Haakon Haakonsson Konung og Paal Biskup. Dat var i Vissa inkje at undrast paa, um Konungen inkje hadde Hug at missa dan blømande Øyi, fyre di um dan danske Landlauparen Trugils, som Baglarne hadde gjevet Konungsnamnet Inge, hadde skjenkt henne til Biskupsstolen paa Hamar. Ja dar upp aa Øyi laut han no ogso lata sitt Liv, dan danske Stakkaren, fyre Aerossjuka si, daa Bønderne med hans eigen Mann Gunnar Lest, som han hadde gjort slike store Velgjerder imot, fall yver honom paa ei myrk Haustnatt. Han hadde fulla gjerna set seg heima i Danmark atter, daa Bordmannen kom springande inn til Drykkjobordet og

ropade: De sit vitlaust Herre, Ulfred er komen paa Garden!" Men kvat vilde du og paa dan Leidi Trugils? Aa ja, dat hever aldri voret vandt at finna viljuge Medhjelparar i Danmark fyre norske Lands-svikarar. Ho gjorde elles myket Ugagn denna Oyi i dei Dagar, for her hadde alle Uppreistar-Menner sitt Tilhald, naar dat gjekk galet paa Fastlandet, so dat var beint som eit Røvarreid. Onnorleides ser ho ut i Dag, dar ho ligg so fredsamt og smilande og speglar seg i Mjøsi. Dat er vel nær dan fagraste Oyi i Landet og dan rikaste med, etter Storleiken.

Dat er ei fagna Ferd at fara her igjenom Sundet millom Helgaøyi og Nesbygdi og nærma seg dan litle lokkande Hamar By og sjaa paa dei forvitnelege Kyrkjobogarne og dei andre Leivingarne, som dar paa Neset til vinstre standa atter av dan gamla Domkyrkja. Ja her maa eg stiga i Land, og her hever Felagen min ogso Skyldfolki sine at heimta.

Hamar syner seg som ein By i sterk Framvokstr. Han ser alt no heilt stormannsleg ut med sine nye digre Hus, som aukast med kvar Dag. Han ligg no og so laglegt til i Hjartat paa dan rika Heidamork. Dat syner seg og paa dei store og rike Kaupmannsbuderna, at her maa vera myket til Handel. Berre no Folk inkje slaa altfor stort paa, daa kunde dat vera huglegt at sjaa paa all denne Rikdomen. Dat glimar so i Vindaugo av Silke og Fløyel og Gull og Sylv og Klokkor og Glasvaror, at dat

næstan blindar deg no naar Ettermiddags-Soli skin beint paa. Men hava Folki Raad til all denne Ovbunaden? Eg tvilar at dat vilde høva betre i alle Maatar, um dei vaaro litet meir smaalaatne og um dei inkje apade so etter Hovudstaden og Utlandet. Eg trur inkje at detta kann høva rett korkje med deira ytre elder indre Tilstand. Alt dat her i Vissa er eit feitt og godt Land, so er her daa inkje nokot Gulland helder, og med Umsyn paa Kunnskap og Sedskap, so ser eg slet inkje nokot framifraa fint hjaa dan austlendske Bonden, som skulde gjera dat meir naudsynlegt fyre honom at fjongsa seg til med Fløyel og Silke og Gull og Sylv og sovoret. Og er dat inkje indre Sedskap, daa vil dat litet hjelpa at hanga utan paa seg nokre fine Silkeplogg og Gullekkjor. Raaskapen vil fulla skina igjenom kor som er. Dat vil vera paa Lag som med dei mange store skrikande Kaupmanns-Nomni, som ero lesande yver Budar-Vindaugo paa Hamar, slike som Dahlie & Vinjue.*) Bonden vil skina igjenom, korso dei enn skapa seg til. Med dan sanne Sedskapen er dat darimot Tilfellet, at um han enn gjeng klædd i Vadmaalskufta, so ser han fin ut likavel.

Dat var sjølvsagt at eg hadde Hug til at skoda paa „Sagatun", Høgskulen som her er sett i Gang av ein varmhjartad ung Rikmann. Eg vardt vel

*) ítulega Daglid og Vinje.

motteken av dan vinlege Læraren og synt i kring av honom sjølv med all Kurteise. Læresveinarne vaaro no heimfarne med Sumarsbilet, men eg fekk do nokorlunda Greida paa Læremaaten ved at sjaa paa Husvære, Skulastovor, Ambod og annan Innreidning, og ved at faa Skilgreida av Læraren. Eg likade Skipnaden hardla vel og tyktest sjaa, at dat her vardt lagt ei høveleg Vinna paa samstundes at fullkomna baade Ond og Likam, so at baade kunna veksa og trivast i Samhøve. Dat var nokot kvikt ved heile Skipnaden, som maatte tiltala, og dat vilde vera ynskelegt um Eigaren kunde hava dan Hugnaden av dat sjølvavneitande Verket sitt, at han kunde sjaa Frukt i ein god og sann Folkaupplysing. Ved dat helder stortalande Namnet paa Skulen hever han synt at han vil hava Upplysingi inn i dat retta Faret, maatte berre so sant Skulen koma til at svara til Namnet sitt. Me komo elles i eit godslegt Ordkast eg og denne Læraren um dat folkelega. Han var no so vida folkeleg, at han talde sine Læresveinar til at halda paa sitt Bygdarmaal og jamvel gav deim Løyve til at bruka dat i Skulen baade til Spursmaal og Svar; men at Nordmannskapen skulde lida nokot ved at me hava eit framandt Bokmaal, elder at dat skulde vera naudturvelegt fyre Tjodskapen vaar at skilja oss av med Danamaalet og taka vaart eiget upp reint og skirt so som dat no liver paa Folksens Tunga, dat kunde han inkje vera med paa. At reinska

Danamaalet fyre Tydskdom og smøygja inn eit og annat norskt Ordet, som han kunde koma til at hugleggja, dat var dan Maaten han vilde verka fyre Nordmannskapen paa. Dat fyrsta tykkjer eg kann verda lagt i Danskens eigne Hender, og dat andra vil berre skada Danamaalet og inkje gagna vaart eiget eit Grand. Kor som er, dat er do vel, at Skulen paa Hamar inkje tvingar Gutarne til at kasta sitt Barnamaal; me kunna vel inkje venta stort meire dei fyrste Aari.

Um Kvelden finn du meg helder hugfallen paa eit annat „Sagatun", sitjande under ein Boge av dan digra gamla Kyrkja ute paa Neset.*) Her sit eg paa dan gamla aurfulla Tufti, som ligg her som eit slitet Blad or Noregs Saga, som talar til meg um dan kvorvna Frægdi og dan forne Storleiken og dreg fornalderlega Skjepnor fram fyre Tanken min. Her einkvar Staden i Nærleiken kviler du trulega Beini dine Arnald Biskup, du som grunnlagde detta fagra Gudshuset. Kvil i Fred! Best um du inkje fær sjaa korleides ho no ser ut, hi gilda Kyrkja, som ein Gong rette sine Spirar høgt upp yver Upplondi. — Her gjekk du, fule Nikolas, og tenkte ut alle Svikraaderna dina mot Sverre Konung! Her upp igjenom dat sandutta Skipet gingo Orm og

*) Kyrkja er 74 Stig elder Alner lang inn i, Skipet 24 og Koren 50. Skipet er 24 Alner breitt og Sulorna ero $8\frac{1}{2}$ Alner rundt i kring.

Hallvard og Paal med Kordrengjom og i Biskups-
skrud i Brodden fyre Upplandsprestaskapen, og her
fraa Altaret steig Røyken upp og fylde Heilagdomen
med heilag Ange, medan Messesongen let og Klok-
korna klungo ut yver Mjøsstrenderna. Men no kryp
dat berre eit ljott Skrukketroll yver Steingolvet medan
ei Engspretta slipar i Graset bak Altaret, og sjaa
her Ølpropparne, som liggja kringum paa Tufti
slengde, dei syna kvat Slag Pilegrimar som no
ferdast i Heilagdomen.

Men lat dat framfarna vera med Fred, dat skal
vel ein Gong faa si retta Byrding. Lat oss venda
Hugen vaar til dat verande. Her ser so smilande
og vonarfullt ut her ifraa Kyrkjodyri. Ei svalande
Toroflod hever nylega faret yver Bygdi, og Land-
skapen ser so sprettande og fraudig ut. Dan finaste
Ange stend dat av Gras og Blom. Mjøsi ligg og
blenkjer som Gull i Kveldssoli. Helgaøyi og Nes-
landet med Kyrkja paa Odden spegla seg i Gull-
vatnet, og i Bakgrunnen ris Totn og Skreia, dar
Vergeland drøymde sine undarlege Draumar. Dan
væne Hamar og Sagatun lysa so vonarfullt i Sol-
skinet. Alt ser so rikt og ungdomsfrikst ut. Lat no
dan nya Tidi faa fullkomna sitt Matstræv, daa ser
ho seg vel og ein Gong tilbakar og sambind seg med
dan gamla. Daa skal maa henda dan nya Heida-
mork likna dan gamla, men berre likasom faa ein
skirare Ham, og verda eit Sagatun i Ande og

Sannleike. Kann henda at Klokkoljomen enn ein Gong skal kalla Folket saman under dei gamle Bogarne — — — —

„Eineganz hübsche Ruine, hat aber nichts zu bedeuten gegen — — —" Eg spratt upp, som eg hadde fenget eit Skot i Ryggen fraa ei Tendnaalrifla. Eg saag attum meg, og dar stod dat eit Ferdalag av tydske Damer og Herrar og svallade eg gjorde ein Ende paa Draumarne mine. Aa ja, dat gjeng so ymist med dan, som er av eit drøymande Huglynde maa vita, han lyt no ofta finna seg i ein Kvekk han. Men so kann dat no ogso ofta vera fullt so vel at ein kjem til at vakna og dragast ned fraa Draumheimen til Kvardagsheimen. Dat kann vel vera hardla huglegt fyre meg at sitja soleides og sjaa fagre Framtidsbilæte stiga upp fyre Augo, men dat er mindre Von um eg kann faa deg min kjære Lesar til at fylgja med meg. Mange tykkja vel at dat snart kann verda for myket av Drøyming. Sume ero maa henda slike Framtidsmenner, at dei gjeva Forntidi ein god Dag, elder dei tru at me no ero komne so langt ut or dat gamla Faret, at dat er vonlaust at koma inn i dat atter, og at dat aldri er verdt at drøyma og tenkja paa slike Ting, men vilja at me skulo berre halda fram dan nye Vegen, som synest so lett og greid. Kann nog henda du gjeng paa dan lettaste Vegen du, um inkje paa dan rettaste, for Vegen er ofta trong, som fører til Sannleike; men

vara deg du, at dat inkje gjeng endaa lenger avleides en du tenkjer. Tak eit Varsl av dan tydska Røysti, som vakte meg or Draumen min, og ver inkja for urædd, at ditt Maal og ein Gong skal verda utestengt fraa Fedratufti. Dat er i Vissa inkje i ditt Dansk-Tydsk me hava vaar Motstandskraft imot Straumen fraa Sud.

Men i Kveld vilja me no lata Tydsken vera Herre paa dan gamla Tufti og gjeva honom Ro til at finna ut, anten Kyrkja er bygd fyrr elder etter Aaret 1150. Du og eg me vilja reika so smaatt heimatter og draga i oss Angen av Rosor og Jasminar fraa Bispahagen, medan me her fara fram med Hag-garden. So stadna me eit litet Bil og gledja oss ved at sjaa paa dan sæle, leikande Barnaflokken, som laugar seg her attved Strondi, og naar me ero komne heimatter til Herbyrget, daa leggja me oss i Vind-augat og sjaa ut yver dan framifraa Landskapen i Solargladet, alt til dess Soli er sokki langt ned under Himmelsyndi, Kveldsroden er kvorven, og Totn og Skreia og Helgaøyi sveipa seg inn i Nattardimet.

Andre Dagen bar dat av med Eimbaaten. Ve-dret var so fælande heitt, at eg vardt helder svev-nug av meg ned etter Mjøsi, og so er dat ogso sumt einskapat i Landslaget, di lenger sud du kjem, som ogso verkar til at gjera deg treg og lat. Eg laut do merka meg dat fagra M i n n e, dar dan djerve Tjostulv Aalason id an harde Bardagen mot

Magnus blinde bar dan litle Inge Konung paa Bringa si i ein Fald av Kaapa. Og dat vita me, at dar han Tjostulv for fram, var dat inkje greidt at leggja Hand imillom, so dat var i Vissa inkje at undrast paa di, at dan litle stakkars Konungsguten vardt vanfør all sin Dag. Medan eg bidde paa Eimvogni, reikade eg litetvetta i kring um Eidsvollbakkarne. Her er framifraa vænt og her hadde han Henrik Bergeland seg i Vissa ein hyggeleg Skaldaheim. Dat var dessverre inkje Tid til at fara burt til dat gamla Tinghuset med Bilætsalen. Eg laut vera nøgd med at vitja Kyrkja og Kyrkjogarden, dar Fader hans Bergeland og sume andre namngjetne Menner kvila Beini sine. Paa Jarnvegen gjekk dat for fljott til at hefta seg ved nokot serskilt, og so er dat no visst inkje stort at merka seg helder gjenom desse uthogne Skogamoar og einskapade Slettor og laage Aasar. Landet hugade meg inkje, og dessverre var eg so uheppen, daa me komo til Straumen, at dat kom nokre halvdrukne Gardmannsgutar fraa Saaler inn i Vogni dar eg sat, som gjorde meg halv øren med deira fæle Skrik og Skraal. Slik Raaskap hever eg nog aldri korkje høyrt elder set paa Bestlandet. Fagnaden ved at høyra kor godt norskt Maal dei talade, desse Skrikhalsarne, var inkje i Stand til at svala mitt Tykke, og so tok dat attaat til at rigna so grøtelega, daa me nærmade oss Oslo, at eg vardt heilt hugfallen, daa eg sidst-

paa gjorde mitt Innstig i Noregs Hovudstad, som eg hadde voret so forviten etter at faa sjaa.

Oslo.

Naar dat berre gjeld um at sjaa seg um i dat ytre, daa kann ein naa langt paa nokre Dagar i ein slik ny By som Oslo er. Dat er inkje ventande, at dat no alt skulde vera samanboret myket av slikt, som kann vera forvitnelegt fyre Ferdamenner, som inkje radt ero Heimfødingar. Men naar dat spyrst um at læra Folket at kjenna til Gagns i ein framand By, som er so maata stor som Hovudstaden vaar, daa turfteſt dat baade Dagar og Vikor. Naar eg no i nokre lette og endeframme Drag ber fram mine Minne fraa Oslo, vilde eg difyre minna deg um, at eg kunde berre heftast her tvo tri Dagar.

Oslo hever likaso stort Folkatal som Landsens tri største Byar ihoplagde. Men dat er inkje berre ved sine 65,513 Ibuar umfram Hestar og andre Naut, at Oslo syner seg at vera Hovudstaden; næstan med kvart Stiget møter Augat ditt eitkvart, som tyder, at her er Landsens Hjartastad. Sjaa dar til Dømes ligg Kongshalli! Ho ser visstnog meir likt til at vera eit stort Verk elder Arbeidshus, men dat er do Kongsgarden lel. — Beint imot finna me dan nya Stortingshalli, som likjest — — — ja dat er inkje so greidt at likna henne med nokot annat Byggverk, dartil er ho for sereigi. Byggmeistaren skal

ogso vera ein framifraa sjølvstød Mann, som gjeng si eigi Leid utan at sjaa etter andre Byggmeistarar. Han kann med Sanning ogso gilda seg av di, at han her hever reist eit sjeldfengt Byggverk, som inkje likjest nokot av dat Slaget. Vonlega vil dat ingen andre stela honom Snidet fraa; detta Huset lyt standa aaleina fyre seg sjølvt som ein serskild Merkestein fraa vaar Tid til komande Ætter. Dat er ingen Mynsterbygnad dat er visst og sant, undanteket innannaves, dar dat er myket vænt og trivelegt. Aldri hever eg set finare Rom en Lagtingssalen.

Paa vinstra Handi, midt imillom desse tvo Landsens dyraste Bygnadar, raaka me paa dan norske Høgskulen, dar alle vaare gilde Embættesmenner verda lagade. Her studerar vaar blømande Ungdom paa Liv og Daude til dess Rosorna kverva fraa Vangom. Her læra dei Latin og Greklendsk og alle tenkelege livande og daude Maal undanteket Norsk. Her møtte eg atter mine engelske Kjenningar fraa Lærdalen, som vaaro hardla byrge av di at dei paa nio Dagar „had walked on foot every step from Lærdal nearly three hundred english miles“.*) Dei saato no kyrre paa ein Benk upp i Fuglasamningen, „for the dead birds were the most seeing-worth of the town“.**) Eg maatte sam-

*) faret gangande kvart Stig fraa Lærdal, næstan 300 eng. Miler.

**) Dei daude Fuglarne var dat mest forvitnelega i Byen.

stava med deim, for dat var makalaust til Mengd med fine Fuglar baade store og smaae fraa alle Heimsens Hyrnor. — Beint imot Høgskulen ligg Klingenberg, dar dan studerande Ungdom ved berre at ganga nokre Stig hever dat besta Tilføret til at fullkomna sin Sedskap med at sjaa paa Riddarar og Ridemøyar, Apakjettor og Blaamenner og Kunsterna deira.

Men me vilja taka Leidi nedetter dan forvitnelega Karl Johans Gata, som vilde vera hardla stormannsleg med sine digre og smakfulle Bygnadar og fine Krambuder av alle Slag, soframt dat inkje stundom best som dat var synte seg eit gamalt skeivt Hus, som tynte Samhøvet. Men dat er do hugslegt at reika her millom fine Kvende i Sprikjestakkar og byrge Herrar med Glos standande i Augo. Dat er myket til alle dei stuttsynte Ungmenne ein raakar paa, men dat kjem seg vonlega av all Lestren her inne, endaa Laget hjaa dei fleste minner meir um Krambudsveinen en um Studenten. Folk sjaa helder kaute og grinalle ut, tykkjer eg, men dat høyrer vel med til Hovudstadmannen; eg kjende Storlætet atter fraa dei fine Austlendingar, som koma til Bjørgvin og, som ventande kann vera, vantrivast av Lengsel etter Hovudstaden, som dei difyre lyfta til Himmelen medan dei senda Fiskarbyen til Havsens Botn. Eg tykkjer no i Grunnen Synd um desse upplyste Stakkararne, som skulo nøydast at søkja seg

dit til dan raae Byen; eg veit dat vilde verda hardknuet nog fyre meg sjølv at gjeva meg til Tols, um eg skulde nøydast at taka Bustad her i Oslo. Men eg vilde no vara meg vel fyre at kyta og klaga likavel, at eg inkje skulde verda til same Glis og Laatt som desse Austmennerne dar vester. Detta fær no vera slikt dat vil, men visst maatte dat høva seg betre fyre dat fina Oslofolket her heima at vera vinlegare og meir høviskt mot Framande; men dat er vel berre Smaastadmannen, som tenkjer so. Kor som allting er, naar ein hever Hug til at sjaa seg i kring i Oslo, daa er dat best, um ein kunde hava ein Kjenning, som kunde rettleida ein, for annars kann dat vera hardla ymist med Rettleidingi. Naar eg gjekk aaleine, vardt dat iminsto fyre meg helder vandt at hitta fram. Ein Gong til Dømes daa eg paa Torget gjekk burt til ein velklædd Mann, lyfte paa Hatten og spurde honom, um han kunde vera so god at segja meg Vegen til Krogstytta, svarade han meg kvast i di han slengde med Handi i Aust yver alle Hustak: „hen imod Fattigcontoret“, og daa eg daretter tok mi Tilflugt til ein annan, som saag litet mindre storkarsleg ut, og eg spurde honom um beinaste Vegen til Fattigcontoret, daa bad han meg med same Slengen: „gaa hen imot Krogstøtta“. Stundom fekk eg jamvel inkje ein Gong so myket at vita.

Men me maa halda vaar Veg fram til Tor-

get og sjaa litetvetta paa „Brandvagten", som i mine Augo er dan tekkelegaste Bygnaden i heile Oslo, alt dat han berre er som eit Dokkahus imot dei andre Rikjens Storhus. Her kann ein sjaa, at dat inkje er Storleiken og Storkostnaden, som tarvst til at syna Meistarskapen hjaa Byggmeistaren. Fraa Karl Johans Gata krøkja me burt til Tollbudi og bisna paa Staaket og Livet, som dat er her. Av detta merka me og at me ero i Hovudstaden, men do mest, naar me sjaa alle Silkevarorna, Fløyel, Flor og Kniplingar og all annan Ovbunad, som Lass etter Lass køyrest her ifraa. Tilførsla av slika Varor skal her vera næstan lika so stor som alle dei andre Tollstader i Landet tilsaman. Ja her er myket til Liv med komande og gangande Eimskip og Seglskip, og dat er hardla huglegt at sjaa paa all denna Kaupmannsferdi, som alltid vil vera ein god Mælestav paa Fremferdi hjaa eit Folk, alt dat at han stundom kann peika litet høgre en han med retto skulde.

Fraa Tollbudi taka me Vegen til dan gilde Grev Vedels-Plassen og til Aakershus og hava fyrst vaart Gaman av at reika i kring um Vollarne paa dan gamla Borgi og njota Utsyni yver Sjo og Land, og sidan av at ganga igjenom Romi og skoda paa Vaapni og alla Hermannsgreidorna, som vardveitast her og standa so blanke og fint uppsette, at dat er forvitnelegt at sjaa. Me stadga med Hugverk eit litet

Bil her ved detta Vindaugat, for her var dat dan gjæva Fru Mereta Ivarsdotter stod og starade hugsprengd paa Likburden hans Knut Alvsson Husbonden hennar, han som dan danske Herhovdingen Henrik Krummedike lokkade ut paa Skipet sitt og snikmyrde, til Hugnad fyre dan danske Konungen og Riksstyret, som godkjende dan skamlausa Ugjerdi. Dat var no ogso hardla uvislegt av dan godtruande Knut Alvsson at fara beint inn i Ulvagapet; han kunde sjølvsagt inkje venta seg betre Lagnad. Elles er dat undarlegt med denna Nordmannens Godtru til Danerne, som me sjaa av Saga alt til dan Dag i Dag. Eg veit inkje betre at likna dat i Hop med, en Hundens Hyllesta, som sleikjer dan Handi som slær honom. Dat er rett sumt hjartarøyvande ved ei slik Huglegging, som ser so reint burt ifraa seg sjølv, men dat er og hardla toskutt at lata Augo sine atter fyre dan greida Saga. Dan, som inkje vil lyda paa hennar Lærdomar, hever inkje at orsaka seg med, han er sin Lagnad verd og han maa inkje skjota Skuldi yver paa andre, um dat gjeng aldri so rangt. Han, som sjølv vel at vera Træl, kann inkje hava Rett til at klaga yver Trældomen. „Dan, som gjerer seg til Saud, fær Ulven paa Nakken", segjer eit sant Ord.

Men dat leiter paa at fara soleides i kring halve Dagen paa Aaskodning utan Matbiten. Vil du som eg, so draga me burt til dan namngjetna

Gjestahalli hans Ingebrigt. Me maa sjaa til at taka paa oss sama Storlætet som dei andre høge Gjester, og best vilde dat vera, naar ein kunde hava eit Augnaglas til at leika seg med, for daa kann ein stara Folk likaso skamlaust inn i Augo som dei andre fine Herrar. Annars vil du lettlega koma til at kjenna deg helder raadlaus og hugfallen. Her møta me ein Kjenning fraa Heimbygdi, ein gild Gut, som godt hever visst at tileigna seg Hovudstad-Lætet. Han var so snild denne Kjenningen at han kom burt og heilsade meg, og eg var sjølvsagt heilt byrg av at samtala med denne fullgjorne Spretten. Dat var paa ein Maate rett hugkveikjande at lyda paa honom og gjeva Gaum paa dan Eldhugen, som lyste fram, naar han talade um Oslo. Undarlegt nog byrjade han med at spyrja meg, kor eg likade meg i Hovudstaden, likasom dat kunde vera nokor Tvil i so Maate. Kann henda han tenkte at setja meg i Beit dan Skalken og vilde freista meg til at koma fram med nokot einvist, men eg var klokare en som so. Eg hever lært at gøya med dei Hundar, som eg ferdast millom, og so svarade eg at eg likade meg vel. „Ja ikke sandt," tok han frami med Eldhug, „blot denne deilige Restauration stiller Kristiania saa langt, langt over Bergen." Dat var sjølvsagt, at eg gav honom Rett; dat er med Sanning vesalt i Bjørgvin i detta Stykket, og serlega fyre Ungkarlar og Framande maa dat vera helder dauvlegt, at dat er so audt um

Aalmennings-Stader, dar dei kunna fordriva si Leida; dat kjem seg vonlega av di, at dat inkje er so mange Heimlausingar dar, at dat kann løna seg med slikt, umfram dat, at Byen inkje er so langt fram komen. Men med di dat no er so med meg, at eg i Grunnen held av Heimbygdi mi, med alt dat at Skipnaden er helder husmannsleg, so fekk eg Hug til at leggja inn eit godt Ord fyre Heimen vaar, som denne Kjenningen min syntest vanvyrda mesta myket, og so var eg so uvar at eg vaagade meg til at stama fram eitkvart um, at ein do kunde hava rett god Mat og huslegt Hygge heima med, um dat inkje beint var slike gilde Etarhus som her. Men daa skulde du høyrt kor han fauk upp og kor svivyrdelegt han bles og talade um Smaastadskipnad og um Trongsyn, som inkje kunde fylgja med Tidi og inkje hadde Vit paa kvat „Kulturen" kravde, o. s. v. Eg var glad eg tagde meg, men endaa gladere var eg, daa han tok Hatt og Stav og med ein naadig Smil heilsade Velfar. Du kann vita at dat er helder utekkelegt at sitja so som ein annan Gap og verda skodad paa som ein einvis Heimføding.

Denne Spretten hadde i Samtalen lagt stor Vigt paa dat, at dat var so utbildande fyre Saali, at ein paa slike Stader kunde finna upplyste Hugarfrendar, som ein kunde skifta Meiningar med og samtala med um Heimsens store Tankar. Eg stal meg difyre, daa han var gjengen, til at lyda etter, um eg skulde vera

so heppen at faa høyra eitkvart gildt. Eg hever jamt havt Hug til at læra maa vita. Men eg trur inkje eg vardt stort visare av dat eg fekk høyra. Dat var no visstnog i dat Bilet, at verste Striden i Tydskland stod paa, og til andra Tider er dat vel andre Emne, men no maa eg beint medgjeva, at dat var meg reint ei Plaaga at høyra paa Politisering bak og Politisering framme, kvart eg kom paa Herbyrge og Koffihus. Eg tykte dat var so uhuglegt at høyra, kor kaldhjartat Folk slog i Hel Prussarar i Tusundtal og spaadde Undergang aat heile Tydskland; eg vardt ofta reint hugfallen av all denne Myrding og Draap, naar eg sat ved Matmaalet, og dat veit du er inkje helsosamt fyre Matsmeltingi.

Daa var dat annan Hugnad at sitja i godt Lag millom Maalmenner um Kveldarne og svalla med Laatt og Løge. Dat var som at ferdast i friska Fjellufti at høyra paa Dølen og Vingnir og honom Ivar sjølv og andre norske Gutar i fredlegt Ordkast. Dat vardt i Vissa gjort eit og annat Utfall mot Uviner og „Kulturfolk", men dat var berre med Godlaat og Smil um Munnen. Dat kann ingen undrast paa um me oss imillom soleides paa ein Studentarkleve kunde koma til at harma oss litetvetta ut yver „Kulturfolket"; dei kunna alltid taka sin Mun atter i Storblod og Stormannssalen, dar me ljota tagga oss endaa eit Bil. Ja eg kjem fulla til at hugsa desse huglege Kveldarne og dei gilde Viner eg fann her.

Dat datt meg ogso millom deim i Hugen, at Oslo er Hovudstaden, dar Landsens fremste Menner søkja til, baade av dan nya og dan gamla Tid, baade av Atterhaldsmenner og Framgangsmenner. Her vil ogso Nordmannskapen ein Gong hava fest Rot, so han kann suga sin Merg av alt dat gilda og gjæva, som alltid vil finnast herinne. Daa skal Oslo verda norske Hovudstaden baade i Namnet og Gagnet.

Myket Gaman hadde eg ogso av at ferdast kringum i dan fagre Grannskapen, paa slike Stader som Homannsbyen, som er nokot av dat vænaste i sitt Slag, som ein kann sjaa. Dat er ovlega tekkelegt her i denne Samnaden av fintbygde, ymseskapade Hus, millom blømande Hagar og med friske, grøne Slyngjetre uppetter Sulor og Træv og Veggjer. Dat var som at ferdast i ein Alvaheim at ganga her i Godvedret og so reika burt til Frauner med dan framifraa Utsyni yver Stad og Fjord og Aasar og Dalar. Forvitnelegt var dat ogso at sjaa seg um i Tøyenhagen i Drivhus og Plantaskular millom halve Heimsens Treslag og Blomar alt fraa Fjellrosa og til dat sudlendska Palmetre.

Ingen, som kjem til Oslo, maa gløyma at gjera ei Ferd til Ladogardsøyi og dan litle fagre Kongsgarden Oskarshall, som dan avlidne milde Konungen hever reist til eit talande Minne um sin gode Smak og sitt norske Huglynde. Næstan all Husbunad og Innreiding er av norskt Upphav. Dei fine utkro-

tade Stolar, Bord, Skaap, Sengjer og alt Treverk er av norskt Emne, slikt som Bjørkeridr, Hekkridr, Barlind og Myrkolder og arbeidt av norske Handverkarar. Dei framifraa Maalarstykke ero av norske Kunstmenner, slike som Tidemand, Gude, Baade og Frich, og syner fram norske Landskap og norskt Folkaliv. Her hever norske Konungen gjevet vaare Rikmenner eit fagert Fyredøme til at taka etter, for her er vel so smakfullt og tekkelegt, at dat visst inkje betre kann gjerast med utlendsk Tilbuning, men sjaa um Folk inkje lika betre dat utlendska likavel. Likaso hyggelegt som dat er inne, likaso yndelegt er dat at ferdast ute millom Lystlundar og fraudige Aakrar og Engjar, som syna at dat ogso i Jordvegen verd drivet eit Mynsterbruk her paa Ladogarden. Du kann jamvel faa drøyma deg inn i Stødlslivet med, for dan umtenkte Konungen hever bygt eit litet prydelegt Sel paa ei liti Bergflata i dan eine Enden av Garden.

Ein fin Solskins-Sundag gjorde eg ogso ei Ferd ut til Askar i Vogn i Lag med nokre gode Viner, til at vitja honom Hertzberg, denne friske Hardengguten, som inkje hever slept Nordmannskapen, som han saug i seg millom Fjellfolket i dan fagre Barnaheimen sin, og som difyre vonlega meir en nokon annan Lærar ved Aalmugaskulen byggjer si Gjerd paa heimeleg Grunn. Dat var framifraa huglegt, kann du tru, i godt Lag og god mjuk Vogn at aka

ut etter dan fagre Dramns-Vegen, framum dei prydelege Stormanns-Loner, som Rikmennerne hava til Sumarbustad, og framum dan væna Sandviki og dan yndelega Grendi dar i kring og so verda fagnad med Hjartavarme av ein gamall trugen Vin. Jamen var dat hardla koselegt i Lag med honom at tøma ei Flaska godt Vin og minnast gamle Dagar og drikka eit Glas paa Framgang med Nordmannskapen i Landet og so attpaa at reika i kring i dan blømande Grendi og leita seg upp gode Utsyn, som dar inkje var Skort paa, og daretter taka seg ein svalande Styrt i dat gilda Laugarhuset, som denne Idtrottamannen hever bygt aat Skulen, og so sidstpaa med honom Hertzberg til Vegvisar ganga Snarvegen gjenom Lauvskog og Barskog, yver Haug og Hamar og tekkelege smaae Daldjuv ned til Sandviki, dar me ganga umbord paa Eimbaaten, som fullladad med helgarklædde Hovudstadfolk ber oss so fint inn etter dan blenkjande Fjorden gjenom smilande Sund av skogklædda Øyar og framum smaae Lystbaatar, som med blakrande Segl vogga seg i Stilla paa Fjorden. Dess nærmare Staden dess større Liv av frøsande Eimbaatar og smaae Rossbaatar, som bera Byfolket heim fraa sina Gamanferder til alla Leider i dan fagre Grannskapen, som Oslofolket med retto er so byrg av.

Andre Dagen sagde eg Farvel med Vinom mine og for avstad med Eimskipet til Gøtaborg, fraa Oslo, dan framstrævande Byen, som etter alle Merke ein

Gong skal naa fram til at verda ein gild Hovudstad, som me alle kunna vera byrge av. Endaa er dat, som ventande er, Ingenting at briska seg med. Me maa hugsa paa at han endaa er i Slyngelalderen, men dat er Merg i Guten og ein Gong verd han vel Karl. Lat oss gøyma vaar Kautskap til dess.

Yver Hav og Land.

Slike Fjordar, som Oslofjorden, hava me inkje paa Vestlandet. Daa eg med „Excellencen Toll" for ut etter denne blide, vinlege Fjorden, skaut dat ein dansk Kunstmann fram i Hugen min, som eg nokre Aar sidan for i Lag med inn etter Sognafjorden. Han var Solodansar ved dan konunglege Opera i Kaupenhamn. Daa han kom inn i dan store, drustelege Aurlandsfjorden, sagde han: „Her er igge kønt," og daa han so kom inn i dan tronge aalvorlege Lærdalen, ropade han skygt: „Jei tror S'gu vi komme lie inn i Augrunnen!" Denne Mannen maatte plent hava likat seg her i detta blida, ljosa Landslaget. Ja her er dat skjemtelegt at ferdast, her verd du lett og glad i Hugen. Eg maa undrast paa Austlendingen, at han kann vera so ser og aalvorleg, han som fødest upp i denne ljose, vinlege Heimen. Mitt Gladlynde vardt nokot utskjemt av ei dansk Møy, som i Samtalen med ei svensk Fru rødde hardla svivyrdelegt um Oslo. Dat var inkje fyre dat, eg tykte nog med meg sjølv at ho hadde Rett i mangt og myket,

men kor som er, so tykkjer ein inkje um at høyra andre tala illa um sitt eiget Land og Folk, og so hever eg helder aldri kunnat lika desse danske Flaakjeftarne, som tankalause slengja ut dei fyrste Ord, som paa Tunga kjem, utan at taka Umsyn til kven som lyder paa. Ho kunde no gjerna anten hava gjort seg litet meir laagmælt, elder bidd til dess ho kom ned til dat makalausa Kaupenhamn med at gjeva fraa seg sitt Misnøge yver dei „sure og uhøflige Christianiensere og den triste By med sit provindsielle Præg." Men dat er vel Takken fyre di at Oslofolket er so forgapat i Kaupenhamn og Folket dar nede kann eg tenkja. Og so dan litle falske Skalken, sat ho inkje dar og gav slike Lovord ifraa seg um Svenskarne og Gøtaborg, dar dan svenska Fru høyrde heima og dar ho no sjølv skulde fara til, at eg fekk Hugbit av at lyda paa dat med. Dat drygde do inkje lenge, fyrr Sjosjuka sette Laas fyre dan litle rade Munnen hennar, for daa dat leid paa Dag, tok dat til at blaasa hardt, og daa me gingo til Havs fraa Fredriksværn, var dat vordet ein heil Storm av Nordvest, som dreiv dan seglbudde „Excellencen" fossande fram gjenom dei ville leikande Bylgjorna. Dat er vel ei stor og skakande Syn at sjaa Havet i ein slik Storm. Dunen og dan ville Leiken av dei veltande kvite Baarom, som dansa kring Skipet og klaksa mot Sidom so dat dyn og dat rister, fær Blodet til at strøyma vilt i Aadrom

dine. Dat kvessjer Hugen din og du kjenner Modet svella med Baarom, so du likasom lengtar etter Storgjerd. Slika Stunder maa eg tenkja paa dat gamla Vikingalivet. Paa dat villa Havet kann eg likasom betre skyna desse ville Kropparne, som korkje flydde fyre Eld elder Vatn. Eg kom i Hug honom Sigurd Ring, som banasærd sette seg i Lyftingi med Liket hennar Alvsol attved Sida, let so kveikja Eld paa Konungsdraken sin, som med Segl i Raa bar honom ut her paa detta sama Havet, bar honom til Valhall gjenom Eld og Vatn. Eg minteft deim Bjørn og Aasmund og honom Fridtjov, dar han stod paa Elliden i dat øgjelega Forvedret og kvad:

Ingen til Folk ser atter,
ut i Hav er me komne;
heile Sjoen meg syneft
som i Eldmyrja saag eg;
kvasse, kvite Skavlar
kvelva i Haug seg saman:
illa er Elliden ruggad
i offalega Baaror.

Laup du, Ellide,
med Lukka paa Baara,
brjot i Trollkvendi
Tenner og Enne,
Kinner og Kjakar
i Kjeringi vonde,

ein Fot elder tvo
av Fyrkjom desse.

Eg sat so lenge og drøymde um Orknøyarferdi hans Fridtjov til dess eg sjølv og fekk Hug at vera ein Viking, som stemnde ned til Danmark til at hemna honom Knut Alvsson og alle dei hine og til at heimta atter alt dat rænta Gullet og Sylvet og serlega alle dei dyrlege Skinnbøkerna, som Danerne lenge nog hava vardveitt no. Men daa kom Sjosjuka, og dat villa Modet mitt spaknade smaatt um Senn, alt til dess eg laut krjupa ned i Kajyta og slaa Lag med ein stakkars Kaupenhamnar, som laag dar og vaalade. Eg vilde inkje fyre alt dat som til er at Fridtjov skulde hava set meg som eg no saag ut, eg som ei liti Stund sidan hadde vaagat meg til at kveda Kvædi hans. Norni var ein stor Skjelm, daa ho spann Sjosjuka inn i Lagnadstraaden min, eg som likar meg so paa Sjoen. Ussa, kor laak eg vardt! Eg var fulla glad eg slapp fara til Danmark og at eg kunde stiga i Land i Gøtaborg og faa kvila meg ut i ei god mjuk Seng i „Götha-Källare“.

Um Morgonen vardt eg vakt or dan gode Svevnen min av ei vinleg Røyst, som sagde: „Er Herrens ärade namn inte Hr. Knutson?“ Eg saag fram og dar stod eit vinlegt, velklædt Ungmenne og bøygde seg høvisk. Daa eg svarade nei,

spurde han atter: „Får jag likväl inte lov barbera Herren?" i di han ledugt veivde med Handi som naar ein saapar inn einkvar Kjaken. Daa eg aa nyo svarade nei, heilsade han fint Farvel og bad „så mycket om ursäkt" fyre di han hadde brytt meg. Sama vinlega og høviska Aatferd møtte meg i Sverike hjaa høg og laag, alt fraa dan laagaste Beraren som bar Ferdadonet mitt og til Kamarherren paa Ulriksdal. Dat var ein raakande Motsetning mot heima, serlega i Oslo.

Gøtaborg er ein fin By, og Rikdomen lyser fram fraa alla Sidor. Gatorna ero breide og vel slidde og fint steinlagde og so reinslege som ein berre ser deim i Holland. Paa langs igjenom Byen gjeng dat ein stor Kanal elder Batsgrov, dar Skip fara att og fram, og paa tvert gjeng dat lika eins mindre Kanalar, som alle ero bygde av fint tilhogne Steinar paa Sidorna, som sjaa so slette ut som dei vaaro hyvlade. Husi ero store og fagre, og alt tyder paa dan største Umsut og Smak. Ei framifraa prydeleg Bilætstytta av Gustav Adolf, som hever grunnlagt Byen, pryder dat fagra Torget, som ber Namn etter honom. Stytta er gjord av dan namngjetne Fogelberg, um eg inkje misminnest. Tett utum Staden er dat ein framifraa Lysthage, med alskyns rare Tre og sjeldsynte Blomar. Dat var vel Helsobot fyre meg, som sjosjuk hadde voret, at reika her um Kvelden under dei skuggafulle Trei

millom friskleitte Kvende, og lyda paa dat uppkveikjande Spilet, som Svensken hever drivet til Meistarskap.

Dan stora Skipsferdi og dei utallege Eimbaatar og alt annat tyder paa, at Gøtaborg er ein By med Maatt og Merg, men med alt detta og alt dat Byen er so fin og blenkjande som ein ny Sylvdalar, so er dat do nokot stivt og strøypet ved dan regelbundne Byen, som likasom legg Tanken din i Band. Folket ser helder inkje ut til at vera so bøygsame, kvike og leduge som Svearne aalment plaga vera. Fine og høviske ero dei i Vissa som alle Svear, men helder aalvorsame og stinne i sine Læte. Elles fylgja dei visst godt med Tidi, og etter som dat ser ut til er her myken Kunstsans, og Rikmennerne skulo her hava stor Aalmennhug og offra myket paa alt dat som stort og fagert er, som eg ogso saag Døme til paa dat gilda Museet. Her var mange dyre Gaavor fraa Rikmenner at sjaa i kring um Veggjerne. At Svearne ogso ero eit tekniskt Folk og langt framkomne i alskyns Handverk og mekanisk Idn, var audsynt her paa alle Ambodi, Maskinorna og all dan dyre Husbunaden av alle Slag, som her standa uppstelte og som gjerer Museet meir likt med eit framifraa Varalager elder ein fin mekanisk Verkstad en med ei Kunsthall. Steinsamningen her er visst myket fullkomen.

At fara fraa Gøtaborg til Stokkholm, 42 Miler

tvert igjenom Landet paa Jarnvegen med Snøggferdi tek berre 11 Timar. Dat kann sjølvsagt inkje vera Tale um at faa sjaa seg vel um, for godt ein og brukar Augo sine paa ei slik Ferd, som gjeng snøggare en Fuglen flyg. So myket saag eg for som er, at Landet paa denna Leidi maa hava ei stor Framtid. Dar Jordi var hevdad saag dat so feitt og fraudigt ut som i dei alrabeste Bygder heima. Flatt var dat allstad, undanteket i Nærleiken av Gøtaborg, dar Landslaget nokre Miler frametter var bakkutt og Vegen gjekk igjenom fagre skogvaksne og hevdade Smaadalar og fram med yndelege smaae Botn. Detta var dat fagraste Stykket paa heile Vegen, og mang ein fin Bustad laag dat her millom Skogaasarne. Dat var huglegt at verda var med di, at dat jamlegt utanfyre dat minsta Bondatunet laag ein liten Hage med Blomar og nokre Ertasengjer og andre Grønsaker og stundom Frukttre med, og Gardinar hekk dat jamlegt fyre Glosi. Skogen var mest Ore og Bjørk. Lenger fram foro me nokra Miler gjenom ei Bygd, som var stygg, skoglaus og steinutt og saag hardla mager og vesall ut. Dat ber ogso dat høvelega Namnet „Sveltuna". Elles saag dat næstan allstad ut til at vera djup og god Jord, og uhorvelega stora og lettvinta Flator liggja her og venta paa Plogen. Ymse Stader var Landet so flatt og sidlendt, at dat stundom munde vera flaumat, med di dat var bygt langa Bruer tvo

Plankar breide og ei Aln høge paa Lag, baade paa langs og tvert, dar Folk hadde si Gonga i Flaumtidi. Mang ein stormannsleg Herragard slaug eg framum, og ser-lega maa eg nemna Sefstadholm, Herrasætet hans Knut Bonde, Baronen av dan vidgjetna Hovdinga-Ætti, som hever vunnet slik Frægd i Sverikes Saga alt til vaare Dagar. Her saag so lokkande ut i dan store Lysthagen hans, i dei svalande Lundar millom alskyns droplutte Blomar, som eg jamvel kjende Angen av gjenom dat opna Glaset, so eg fekk Hug til at springa ut or dan skjugande Vogni. Dat skal ogso vera ein framifraa Bilætsamning i dan prydelega Hovdingahalli hans.

Du kann aldri tru kor huglegt dat er at fer-dast millom Svearne. Dei ero so fine og vinlege og giv deg all Upplysing paa fyrsta Ordet og med slik Lyst, at du kjenner deg heilt uppmodad og hei-meleg. Ein lyt ofta høyra heima i Noreg, naar Talen kjem paa detta, at Svensken inkje meiner stort med all si vinlega Aatferd, men slikt er daa har-melegt Gapasnakk og i Grunnen berre ein Freistnad etter at breida paa vaar eigen Raaskap. Naar ein møter Vinskap og Hygge, daa hever ein inkje an-nat at spyrja etter, og skamlaust er dat at syna si Takksemd ved attpaa at rannsaka Nyra og Hjarta. Tingen er at Svearne ero eit Folk med gamall Sedskap; dei sjaa vinlegt Umgjenge og høvisk Aat-ferd fraa Barnadagarne og so rotfester dat seg og

verd deim til Natur, og ei god Natur er dat, som me trenga saart at taka etter dess fyrr dess helder. Dat var mange Landsmenner med detta Laget, som skulde inn til Syningen, men jamen maa eg medgjeva at dei skilde seg helder syrgjelegt ut.

Eg røynde helder inkje annat en at Svenskarne hava stor Hugnad av at fretta um Noreg og Nordmennerne. Eg trur dei hava vel so stor Traadom etter at faa Kunnskap um oss og Greidorna vaara, som me paa vaar Sida hava etter at faa vita um deim, um dat enn paa baada Sidor er altfor vesalt i detta Stykket, takkat vera dat grøtelega Sambandet med Danmark, som drog oss so langt burt fraa dan gode Grannen vaar, at dat fulla skal Mannsaldrar til fyrr me koma i dat gamla broderlega Laget atter. Dei vaaro framsynte Nordmennerne, som Aar 1449 sende desse Ordi til Kristian dan fyrste: „Aldri hever dat voret vaar gode Vilje, og helder aldri skal dat verda dat, at De verd vaar Konung, og dat mest fyre dan Skuld, at De hever Ufred med Sverike; fyre di Noreg og Sverike hava ifraa gomol Tid voret saman i Einskap og Kjærleike, og denne Einskapen og Kjærleiken skal inkje slitast medan me liva". Maatte so sant me og vaare Etterkomarar paa baada Sidor aa nyo stræva etter at gjera desse Ordi til Sannleike.

Paa Jarnvegsskifti kjem dat jamlega Smaagutar og falbjoda Tidningar, og soleides bar dat til

at dat kom inn nokre Nomer av „Gøtheborgposten,“ dar Jansons „Liv“ er umskrivet paa svensk. Detta gjorde, at eg kom i Snakk med dei svenske Felagom i Vogni um Janson og Maalsaki, og dat var serlega ein, dat var greidt at høyra at han var boklærd Mann, som frette um Saki med slik Traadom at dat gjorde meg godt i Hugen. Med honom laut eg no snakka reint Landsmaal, som han hadde Hugnad av at lyda paa, men elles brukte eg berre at brøyta Tviljod og paa dan Visi stod eg aldri i Beit; Samtalen gjekk so fljott og lett som millom mine eigne Bygdarfolk, og eg vardt stundom ogso teken fyre ein Svenske.

Paa ymse Skifte stadnar Eimvogni, so du kann halda Maaltid, og dei som gode ero og, til maateleg Pris. Dat er velkjent, at dat er lettare at ferdast i Sverike en i Noreg, med di god Mat kostar mindre her en heima. Morgonverd paa Jarnvegen kostar 30 Skilling og Middag 45, og daa kann du eta medan du vil av seks sjau Retter kraftig Fysemat. Og dartil er alt so reinslegt og velflitt, at du fær Mathug berre ved at sjaa paa dat. Elles er dat helder løglegt fyre dan som uvan er, at sjaa paa Ferdafolki, for dei fara som Saudaflokken i Hast og Hu inn i Matstova og kraffa til seg som best, og eta standande med Hatt aa Hovud. Er du so sant nokot seindrøg elder bljug av deg, elder du giv deg for god Tid til at glaapa i kring deg, daa kann

dat lettlega bera til, at du inkje fær stilla Mathugen din, for naar 12 Minut ero lidne til Morgonverden og 20 til Middagen, daa ring dat med ei Bjølla, og ut lyt du med Saudaflokken verre en um Hunden var etter deg.

Elles verd du helder trøytt og leid av at aka lenge paa Jarnveg. Dat er sumt reitande med Braadhugen paa Skiftom, medan dat darimot er nokot døyvande ved denna ævelega, samfelda Rullingi burtetter dan slette Vegen, som gjerer deg baade trøytt og mod. Du tykkjer difyre hardla vel um, naar Pipa kvin sidste Gongen og Jarnvegstenaren kjem og læt upp Dyri til dat litla Fangahuset ditt, serlega naar dat stend ein god Vin og fagnar deg paa Trævet i Jarnvegsgarden.

Stokkholm.

Lagnaden var meg jamlega god paa Ferdi mi, og soleides ogso daa eg umbord paa „Excellencen Toll" raakade paa dan gode, gamle Ungdomsvinen min, som heilsade meg velkomen til Sverikes fagre Hovudstad. Han for vel ifraa meg i Gøtaborg og til Heimen sin, som laag nokra Miler fraa Stokkholm, men no var han komen inn til at rettleida meg i dan store Staden, dar han var so vel kjend. Dat er fulla huglegt, naar du kann gjera ditt Innstig i ein stor ukjend By med ein god Kjenning til Førar. Ein kjenner seg daa so hugheil og likasom meir heimeleg.

Ja dat var fullt huglegt fyre meg paa denna Visi at gjera mitt Innstig i dan fagraste Byen, som eg til dessa hever set, alt dat eg hever voret i slike Byar som Venedig, Dresden og Paris, og so førde han meg med eitt beint upp i Huvudstadlivet, so dat kunde vel skaka Hugen paa kvar og ein skulde eg tru. Eg veit med meg at eg vardt som tauvrad so eg stundom kjende meg likasom Prinsen i Æventyret. Eg fekk sjaa dan eina Syni større en dan andra, dar eg gjekk attved Sida av dan gode kvikklynde Vinen min. Han førde meg sljott avstad gjenom Gøtgata yver Karl Johans Torget, dar Kongen, som grunnfeste dat dyra Broderbandet millom Svear og Nordmenner, sit ridande paa sin spræke Stridshest. Detta Kunstverket i gyld Bronce er av Fogelberg og reist av Oskar til eit Avminne av Faderen. Me taka Leidi gjenom dat folksama Kornhamnstorget, dar Staaket kunde gjera deg øren, gjenom Lilla Nygatan og yver Munkbrotorget. Her leider ei liti fin Bru til vinstre yver til Riddarholmen med dan fagra Kyrkja, som er bygd av Magnus Ladolaas, og dar dei svenske Konungar og nokre av Sverikes frægaste Menner kvila Beini sine. Men me taka til høgre yver Riddarhustorget med Stytta hans Gustav Vasa, som frelste Sverike fraa Danaveldet, og fara framum dat prydelega Riddarhuset og Raadhuset. Me krøkja oss igjenom Mannamugen i dan folkafarna Riddargata til Mynttorget, og dar ligg dan herlega Kon-

ungshalli framfyre oss til hogre. Eg stend som fjetrad ved Syni av detta Meistarstykket av Nikodemus Tessin og Son hans, som i 70 Aar bygde paa denne Bygnaden, som i Vissa kann tevla med Heimsens fagraste Byggverk. Eg stend og bisnar til dess Vinen min tek meg lint i Armen og fører meg frametter til dan stormannslega Nørrebro, som leider fraa Kongsgarden og „den egentliga Staden" til Norrmalm, dar me stiga ned ei breid Tropp av hogne Steinar, som til høgre fører ned til dei svalande Lystlundar ved Strømparterren, som er ein av dei yndelegaste „Kaffeer", som eg hever set. Under Hornspil og Felolaat krøkja me oss fram millom dat fina, kvikt svallande Folket, og velja oss ein Sess i eit Svalskygge. Vinen min vittar med Handi, og paa Augnablinken stend dat ein hovisk Gut med skinande kvita Fyrklædet og spyrr „hvad Herren behagar". Eit Ord, og fljott stend Svaldrykken paa Bordet, som smakar „ofantlig bra". Men Vinen min giv meg helder liti Tid til at kosa meg, han hever sitt Gaman av at føra meg fraa dan eina Bisn til dan andra og smiler ved at sjaa paa min Undring. Dat ring med ei liti Bjølla, og han tek meg i Armen og dreg meg ned aat ei Tropp ved Strondi. Her ligg ein liten prydeleg Eimbaat og voggar seg i Nordstraums-Osen. Me stiga umbord, eg fær meg ein Sess millom tvo raudleitta Møyar „från sydliga Trakten", og av ber dat, framum Kongs-

garden, Riksmuseet og under Brui ved dan fagre Skipsholmen. Eg sit som haugteken i eit Hav av Silke, medan Sprikjestakkarne slaa isaman yver Kneom mine. Eg vender meg helder skygt aat dan vænaste av Sidofelagom og vaagar meg med litet dirrande Mæle at segja nokre Ord um dat fina Vedr. Ho svarar meg smilande og livfullt paa dat klangfulla Maalet sitt og talar so maalande um dan fagre Kvelden og Landskapen kringum oss, at eg tykkjer helder illa um at Eimbaaten alt hever lagt aat Bryggja; men eg, som alt er smittad av Folksens høviska Aatferd, spring i Land og byd mine tvo Damer og Moderi deira Handi og hjelper deim av Baat; dei heilsa med Smil og „takka mjukast", medan Vinen min smilande nikkar sitt Veltykke til meg.

Me halda vaar Veg fram gjenom dei glade Folkahopar paa Slätten og reika smaatt utetter i Skuggen av dei framifraa digre og fagre Eikjer, som utan Kunst standa her og kvar kringum paa Staden, som dei runno fram paa fyre Aarhundrad sidan. Me koma framum Grøna Lund og Bilætet av dan store Folkaskalden Bellman, som stend her med sin sereigne, aalvorsame Smil i ein dim Lund. Me kvila oss eit Bil paa Trævet utanfyre dat yndelega Bellmansro og friska oss med eit Glas Ispuns og taka so paa Heimvegen, som paa hi Sida av Øyi leider framum dan smakfulla Sumarhalli Rosendal. Denna litla Kongshalli vardt bygd av Karl

Johan, som darmed lokkade Hovudstadens fine Folk herut og soleides gjorde Djurgården til ein aalmenn Samnadstad, dar baade haag og laag søkjer Hugnad og Kvild etter endat Dagverk. Ved dan blåa Porten, som er vorden so vidgjeten fraa Kvædi hans Bellman, taka me vaart goda Kveldsmaal og aka so heimatter i ein mjuk dissande Vogn, gjenom Artillerigata og Berzelii Park, dar Bilætet stend av dan store Vitenskapsmannen, som er namngjeten yver all Heimen. Yver Karl dan trettandes Torg med Konungens Bilæte og dan stora Syningshalli, som ser endaa større ut i Kveldsdimma, koma me til Gustav Adolfs Torg. Her paa denne framifraa fagre Aalmenningen stiga me or Vogni, innved Riddarbilætet av dan store Heltekonungen, som sit her so konungsleg paa sin frøsande Stridshest, med Hovudet vendt imot dan herlega Konungshalli, som lyser i Natti med eit bleikt raudlegt Skin fraa Sumarnatt-Himmelen. Med Undring stend eg her midt i Svearne sin stormannslege Huvudstad, so rik paa dyre Minnesmerke, som so vel kunna kvetja Folkahugen til Storgjerd og styrkja Tjodarkjensla. Kvi verd eg hugfallen ved Syni av alt detta fagra? Er eg ovundsjuk paa Brødrom? Nei, nei! eg gled meg paa deira Vegna, men Hugen min sviv heim til mitt kjæra faatøka Fosterland. Dine Konungar ero gløymde og Graverna til dan besta Kongsætti ero øydelagde av skamlause Utlendingar, dina Kyrkjor

ero nedbrotne av vanheilage Hender, i di stora fagra Konungshall dansar Utyet att og fram i Kornbingom. Og endaa verd dat sagt, at me skulo gledja oss ved detta skamfarna Bladet i vaar Saga og skoda med Takksemd paa deim, som skar og skjemde. — Lat oss um mogolegt løyna vaar Skam med „at retta dat som rengt er og reisa dat som velt er.“ Lat oss soleides bøta paa di at me inkje som vaare svenske Brøder sleit Trælabandet, men lat oss inkje kyssa Handi, som lekkjebatt vaart veika sjukvordna Folk.

Dan Natti fekk eg mi Lega hjaa Vinen min paa „Bureauen“ hans. Andre Dagen laut han fara heim, og eg flutte inn til ei gomol einleg Mamsel ved Karl XIII's Torg, som ein Gong hadde set betre Dagar, men som var vordi øydelagt ved dat stora Buslitet hans „Holm“ og som no difyre laut taka imot Ferdamenner. Folk hadde ventat, at dat skulde koma ovmange Framande til Syningen og at Husromi skulde verda ovdyre. Paa dan Grunn hadde mange Stokkholmsfolk leigt seg Hus paa Landet og paa andre Maatar gjort Romi sine fale, og daa dat paa Grunn av Kolera og vonlega ogso av Ufreden i Tydskland inkje paa langt nær strøymde so mange Ferdafolk til som dei hadde Von um, so vardt Husleiga jamvel ringare en vanlegt. Eg budde fint og hyggelegt hjaa Mamsellen fyre 40 Skilling um Dagen med Frukost. Dat var sjaaande til at

ho hadde havt god Raad i si Tid paa dan mahogni Sengi og dan andre fine Husbunaden. Ho var so vinleg og gjorde si Gjerd so hugheilt og tolugt, endaa ho hadde set so myket betre Dagar. Dat var ogso i ollo likt til at Bykvende i Sverike vaaro meir utrøyttande og sjølvhjelpne en hjaa oss. Dat var til Dømes myket aalment at sjaa deim standa ved Skrivarbordet og stundom at sjaa deim ved Styret av stor Handel og Handverk, serlega var dat aalment at dei vaaro Styrande ved Herbyrge og Koffihus.

Dat fyrsta eg gjorde denne Dagen var at ganga aat Syningshalli. Dat er inkje til at koma i Hug at gjeva nokor Utgreiding av alt dat eg her fekk sjaa. Dat vilde fylla manga slika Bøker som denna. Berre snauda Nomerboki yver Syningssakerna var paa 140 Sidor. Eg vil difyre berre freista med at gjeva atter mine Minne samandregne i stutte Drag. Eg gjekk dar i seks Dagar samfellt, men endaa veit eg visst, at dat var mangt forvitnelegt, som eg inkje gaadde av dei 4175 Nomer. Halli var 611 Fot lang, 180 Fot breid, med Romyta paa 110,570 Kvadratfot. Dat var skakande at stiga inn i denna Halli, som i seg sjølv var hardla fint tilbudd og smakfullt uppfyld med dat besta, som Kunsthagleike og Mannahand og Maskinor kunna verka. Eg høyrde Folk, som hadde voret paa Syningen baade i London og Paris, som sagde, at dat var næstan likaso myket forvitnelegt at sjaa her. Visst var dat, at eg inkje

hadde ventat at faa sjaa so myket stort og fagert berre fraa Nordlondom. Dat bid vel snaudt nog nokor Idn, utan at dat her var eitkvart Provet at faa sjaa, og dat mesta kunde i Vissa utan Skam hava tevlat med dei andre framkomne Lond i Heimen. Dat var ogso hardla huglegt fyre meg at sjaa, at mitt eiget Land ogso utan Blygsel kunde sjaa seg ved Sida av Sverike, Danmark og Finnland. Eg tykte dat var slikt Gaman, daa ei gomol svensk Dame, som stod og saag paa Glasvarorna fraa Hurddalen, ropade ut: „Hur utomordentligt nätta saker här då finst från Norge likväl." I ollo var vel Sverike framum oss alle, og litet var dat, som me kunde gilda oss av at vera fremst i, slikt som Treskurd og maa henda Glasvaror fraa Hurddalen, og inkje at tala um Fisk og Fiskegreidor. Men dat mesta var do so vida frægt, at dat var Lov verdt, og ingen hadde Skam av dat, som sendt var. Sverike hadde, som ventande var, nær tvifaldt so myket framsett, som dei hine try Riki tilsaman, (2632 Nomer mot 1543), men dat var inkje berre i Mengdi, at dat synte seg at vera lengst framkomet. Umfram paa Maskinvegen, dar dat utan Samanlikning var dan fremste, var dat ogso hævast i Tilverknad av alskyns Ambod av Jarn, Staal og Porcelænvaror og i Silkevevnad. Danmark var dan fremste i Gull og Sylvvaror og Kunstvara-arbeid og i Sukkerbakar-Sleik og i ollo i slik Smaa-

Smyrt, som høyrer med til dan nyare Ovbunaden. Dat var audsynt, at dat i Danmark maa vera eit Stormannsliv, naar dat kann løna seg fyre Gullsmiden at smida slike uhorvelega dyre Ting, som dat her var synt Prov paa. Her laag til Domes ei liti Bringasylgja, som kostade 2000 norske Dalar, eit Set (Halsband, Sylgja og Oyrnaringar) kostade 3,600 Dalar. Ein ørliten Gullkross, som Ekkjedrotningi vaar køypte, kostade 105 Dalar. Eg skulde i Vestaluma mi hava fenget fyre fleire Pengar i Sylgjor en mang ein som kallast Rikmann hever at liva med.

Naar alle Spilemennerne byrjade spila medan Springvatnet fraa dan ovfagre Molinska Fontainen siklade so smaatt, daa var dat hardla huglegt at reika i kring i dan prydelege Bygnaden, dar dat krydde av glade, forvitne Folk. Ho lyser endaa som ein fager Draum i Minnet mitt, dan ljosa Halli.

Um Ettermiddagen saag eg meg um i dan „egentliga Staden“ med sina tronga, myrka Gator, men med stormannslega Krambuder. Her er so myrkt, at dei jamvel høgst Dags Sumar maa kveikja Ljos i ymse Rom. Men dar Oyi snur ut til Sjoen er dat ljose og store Hus og rome Aalmenningar. Paa Skepsbron elder Gata, som snur ut aat Saltsjoen, hadde eg Hugnad av at skoda paa dan livande Kaupmannsferdi og paa alle komande og gangande Eimskip. Dat for i Fjor inkje minder en 124 Eim-

skip og Baatar i jamn Ferd paa Stokkholm, og Talet aukast munarlega med kvart, som vonlegt er, med di dat er so manga Vatsleider gjenom Hav og Vatn, Elvar og Kanalar, som føra til dan store umfløytte Staden, som ligg so laglegt til paa sine 7 Holmar. Arbeidsmannen saag baade hag og herdig ut, men dat var ein Ting, som jamlega støytte meg i Sverike og dat var dan fæla Banningi. Dat var hardla ryset til alle dei Djevlar dei ropade paa. Dei kunde sjeldan hjelpa seg med mindre en tusund, og sume trengde jamvel sjau hundrad tusund Djevlar til at hjelpa seg i sitt Sinne. Dessverre er dat inkje berre Aalmugamannen som bruker denne stygge Used; eg høyrde jamvel fine Folk bidja tusund Djevlar taka seg. Eg kann litet faa dat til at høva med deira andre fine Læte.

Fraa Skipsbrui gjekk eg yver dan store Søder-strøm etter at hava bisnat paa Slusaverket, som er bygt av dan hage Nils Erikson, og som i Vissa er eit Meistarstykke i sitt Slag. Her i Nærleiken skal dan nye Tunnel elder Heller mynna ut, som dei no halda paa med at mina gjenom fasta Berget paa Södermalm og som skal føra Jarnvegen midt inn i Hovudstaden, under Hus og Gator. Upp aa Riset paa Södermalm stend dan væna Katarina-Kyrkja paa dan Staden, som Liki aat dei 94 Menner vordo brende, som Kristian dan andre let myrda paa Stor-torget. Tett ved ligg dan namngjetne Mosebakke,

dit eg hadde etlat meg og dar ein hever dan fagraste Utsyn yver dan fagraste By i heila Europa, etter som eg trur. Eg skal vel inkje gløyma Syni, som eg paa dan herlege Sumarkvelden saag utbreidd fyre Augo mine.

Stor og raudleitt Soli glader,
smiler under letta Sky,
som lik gylda Perlarader
hanga yver fagre By.

Sjo og Land og grøne Skogen
lauga seg i Purpurbad,
som fraa gylde Himmels Bogen
strøymer yver Konungs Stad.

Ut or Aftanroden flyter
Ljoset som ein Logaflaum,
Straalarne seg allstad bryter
ifraa Kyrkjospir og Straum.

Millom Norr og Søder skrider
Mælarn glitrande og ljos,
blank som braadnat Sylv han glider
ut igjenom fagre Os.

Prydde Hus kring Holm og Strender
koma stigande or Kav,
men sjaa kor dei atter vender,
spegla seg i bjarta Hav.

Høgst i rauda Solarglima
riser staute Konungsheim,
blenkjer gjenom letta Dimma
ut or Stadens Toko-Eim.

Men med kvart som Soli glider
aukast Fagerleik og Fred.
Staak verd stilt; naar Dagen lider
Mannen legg sitt Yrke ned.

Glada Folket strøymer saman
ifraa Dagsens Stræv og Strid,
lokkande til Leik og Gaman
er vel Kvelden sval og frid.

Lette Eimbaat snøgt seg skundar
yver Sjo og gjenom Sund
med dat glada Folk, som stundar
ut til Djurgårds svale Lund.

Millomaat seg Tonar svinga
upp med Vindens lette Drag,
ljuvt i kyrre Kvelden klinga
Song og Spil fraa Gamanlag.

Soli siger, Sylvsjo strøymer
gjenom gylde Mannaheim; —
Er eg vaken elder drøymer
eg um einkvar Huldraheim?

Til Gjevle og Falun.

Andre Dags Kvelden for eg avstad med Eimskipet „Alexander Humboldt“ til Gjevle paa nokre Dagar, at vitja ein god Vin, ein trugen svensk Broder, som hadde havt sin Bustad i mi Heimbygd nokre Aar. Dat var inkje vandt um godt Ferdavedr denne Midsumaren skulde eg tru. Soli gladde likaso væn og smilande, som Kvelden fyreaat. Dat var ogso rett ei Gamanferd at fossa ut etter dan vinlege Skjergarden, framum tettbygda og hevdade Oyar og yndelege Holmar, yver Fjordar og gjenom tronge Sund. Alt ligg so vinlegt og fredlegt i dan kyrre Aftan. Ender og daa fara me til Møtes med eit komande Eimskip og heilsa paa Ferdafolket umbord medan me hasta framum. Her og kvar paa Strondi sitja Folk i Kveldskvildi og hava sitt Gaman av at vitta med Lumeduken aat oss Ferdamenner, som sjølvsagt svara paa Heilsingi med Smil og Skjemt. Umbord paa Skipet er dat berre Godlaat og Gladlynde, og lett som dat er at nærma seg dan vinlege Svensken, kjem eg snøgt i Kjendskap med einkvar Ferdafelagen, som audsynt hever Hugnad av at svalla med sin norske Broder og gjerna giv honom all dan Upplysing, som han mun trenga til. Stundom verd Samtalen meir aalmenn millom baade Damer og Herrar, som sitja i Flokkar bak i Lyftingi, og huglegt er dat at høyra paa Kvendi, kor vitugt og skynsamt dei tala um „Expositionen“ og „Taflasamlingen“

og „Spektaklet“ paa dat klangfulla Maalet sitt. Men Soli siger, Dimma aukast, og ein etter annan av Ferdafolket leitar si Nattarlega nedunder, medan eg verd lenge gangande paa Dekket i dan herlega Natti. Eg hever ogso mitt Gaman av at blanda meg med Dekks-Ferdafolki og lyda paa Talen deira. Dat var mest Dalkarlar og Flikkor, som hadde voret lengre Tid inne i Hovudstaden paa Arbeid og no med fyld Pung glade og fegne drogo heimatter til dan kjæra Heimbygdi ved „Siljans grøna Strender“. Dat var skakande at høyra, kor hugheite dei talade um Heimen sin, desse Folki. Dar sat dat ein staut herdabreid Gut fraa Leksand i Knebrøker og Fangskinn, og talade so makalaust maalande um Heimbygdi si, som han hadde voret ein Skald og inkje ein faatøk Vidhoggar. Han teiknade Bygdi so livande, at eg likasom høyrde Bekken sikla og saag Aakrarne riga og kjende Angen av Blomarne strøyma meg til Møtes, og sidstpaa slo han seg paa Læret so dat small i Fangskinnet og svor, at dat inkje faust slik Bygd som Leksand i all Heimen. Men daa var dat ein, som tok frami og sagde tungt og aalvorsamt: „Jo jag känner en stad som är ändå vackrare.“ „Hvar i helwetet finns väl den staden?“ ropade Guten i Fangskinnet og reis upp snøggleg. „Den staden är Mora, der jag har mitt hem“, svarade dan andre visst. Og darmed bar dat i med eit Ordkast og ein Kappstevjing, som eg aldri hever høyrt Maken til, med „gröna

lundar i susande skogen, svallande böljor och brusande källor, foglar som sjunga mellan doftande liljor, ymniga åkrar och glimmande himlahvalfvet.“ Sidstpaa komo dei og med „vackra och skrattande flickor“, men detta vakte stort Gaman hjaa nokra Dalagjentor; dei sette i med ein skrallande Laatt, og leidde darmed Samtalen inn paa ei onnor Leid, som vel var, for annars hadde Dalkarlarne trulega aldri komet til Enden med Ordkastet sitt.

Tidla Sundags Morgon kom eg til Gjevle. Du, kjære Landsmann, hadde maa henda dreget paa Smilen, um du hadde set meg og Vinen min møtast etter ymse Aars Skilnad. Me ero inkje vane med slik Fagnad dar heima, me ero helder bljuge ved at syna fram vaar Hjartahug. Aa ja, kvart Folk hever sin Sed; kann henda dat høver seg best med Naturi utan um oss og inne i oss at løyna vaara Kjenslor, me ero i Vissa inkje kaldare fyre dat. Men visst er dat at dat ogso gjerer godt, naar du ein Gong stig i Land i ein framand By, at kjenna eit Par sterke, trufaste Armar kring Herderna dina, som femna deg hjartalega til Velkoma, at faa ein kjærleg Fagnad-Kyss av Vinarvivet, som stend paa Durstokken med Borni, Axel paa eina Sida og Hulda paa hi, og so sidstpaa at kjenna Barnaarmarne slyngja seg um Halsen din og Barnatunga ynskja deg velkomen med Namnet „Onkel“, som Fadervinen jamt verd kallad i Sverike.

Gjevle er ein By halv so stor som Bjørgvin paa Lag. Han er reinsleg og velflidd med rettlinade Gator, med stor Trelast- og Malmutførsla og annan livleg Handel og Fabrikdrift. Dat kunde vera myket at skriva um dei gilde Fabrik og Teglverk, som eg her saag, men eg lyt hugsa paa Heimferdi, og at eg maa etla eit litet Rom i Boki mi til henne med. Ogso her er ein fin Lysthage utan fyre Staden med Springvatn og alskyns Tre og Blomar og ei svalande Elv, som renn midt igjenom. Elles ligg Byen so flat som ei Flatbraudleiv, og Augat ditt verd trøytt av at stara etter einkvar Haugen, som Syni kunde kvila paa. Folket er hyggelegt og kvikt, og eg var so heppen, igjenom Vinen min at koma i god Kjendskap med ymse gilde og endeframme Menner, som gjorde dat tvifaldt huglegt fyre meg at vistast her eit Par Dagar.

Dat fyrsta eg raakade paa, daa eg paa Morgonsida skulde ut i Staden paa Aaskodning, var Gjevle Skarpskyttarlag, som um Morgonen hadde voret ute paa Hermanns-Temjing og no med full Herbunad drog inn i Staden med klingande Spil og blakrande Flagd og ein holdug Kaupmann i Brodden til Herførar. Kvike og herdige Gutar var dat, og godt bar dei seg. Dei gingo fram so hugheile og lette som til Leik. Medan eg var i Stokkholm, var dat dar ogso ei stor Mynstring paa Hermanna Vis av fleire tusund Friskyttarar. Dan stora Skyttarsaki

hever Svensken ogso teket med heilt annat Liv og Alvora en me Nordmenner. Ho er difyre ogso komet i myket betre Lag i Sverike en i vaart Land, dar dat paa flestalle Stader ser ut til at vera berre Vinnesjuka etter Skotløn og Hug til at koma i Drykkjor og halda stortraavande Talar, som skulo uppkveikja dat blundande Livet. Lat inkje Svensken gjera Skam paa oss, Landsmenner!

Fraa Gjevle gjorde eg ei Ferd til Falun i Fylge med Vinen min paa dan eldste Jarnvegsmolen i Sverike. Denne Jarnvegen svarar seg so godt, at Eigararne faa 12 % um Aaret av Pengarne sine, mest fyre dan stora Føring av Trelast og Malm. Landet var hardla flatt, som me foro igjenom, men tettbygt var dat, og fraudigt saag dat ut. Grødet stod her som all Stad i Sumar so rikt og bognande som dat inkje hadde gjort i Manna Minne. Dessverre slo Hauftregnet ned dei store Voner, som dei hadde i Sverike likasom paa Austlandet hjaa oss. Av dei mange Herramenner, som her eiga gilde Gardar, maa eg nemna ein, Hr. Petré, som nokre Aar sidan gav 4,500 Dalar til Grunnlag aat ein høgre Aalmugaskule og 500 Dalar um Aaret til fremste Læraren. Dat var Mann med rette Almennhugen! Her ligg mange store Verk fram med denne Vegen, slike som Krossnes Sagbruk og Høgbo Bolagets Jarn- og Staalverk i Sandviki. Detta sidsta vardt dessverre buslitet i Vaar og er no ned-

lagt. Dat var slike framifraa Ting fraa detta Verket paa Syningen i Stokkholm, at dat vakte dan største Undring hjaa Folket. Eg saag til Dømes Staal, som var tjukkare en Armen min og som var knytt i Hop i Knutar medan dat var kaldt, rett som dat hadde voret dat mjukaste Tog; men endaa er dat med dat hardaste Bitstaal, som ein kann finna. Um Storleiken av Krossnes Sagbruk kann ein faa ein Tanke, naar me høyra at dat berre i Juni Maanad vardt tillastat i Gjevle 26 store Skip med skoren Last fraa detta Verket, som sjølv eig Skogarne, som Timbret kjem ifraa.

Falun er ein væn liten By med 5000 Ibuar paa Lag. Han ligg i ei fin Bygd millom skogklædde Aasar. Smaa fagra Dælder mynna ut imot Byen fraa ymsa Leider, men dat næmaste Umkverveт verd nokot utskjemt av ei naki Øyda, som ligg paa vinstra Sida aat Staden. Her paa $^1/_4$ Kvadratmil bid dat inkje Grasstraa elder so myket som ein Mosa-dott elder Jordklump paa Berg elder Stein, som kvitgraae og nakne liggja og grina midt inne i all dan andre fraudiga Grønska. Orsaki til denna un-darlega Armod og Snøyda er Rostrøyken av dei brennande Kishoparne fraa dan vidgjetna Stora-Kopparbergs Gruva, som elles er Faluns Rikdoms-kjelda og ei av dei eldste og største Kopargruvor i Heimen. Svovelsyrlingen fraa desse Kishopar, som verda tilskipade paa Lag som Kolmilor, er dat som

drep alt Vokstra-Liv i Nærleiken. Milorna brenna baade Natt og Dag og senda alltid ut ein gulkvit Røyk, som stundom i stilt og vaatsamt Vedr legg seg som dan tjukkaste Toka yver heile Dalen og treng seg inn i Byens Gator, dar dat jamvel hender at Folk fara vilt i Skodda. Ein kann ogso sjaa Verknaden i Vindaugo hjaa Gullsmiden. Sylvet er hardla ublankt, og um dat verd blenkt um Morgonen, er dat svart um Kvelden lika radt. Denne Eimen er so eten, at dan, som inkje er van med honom, fær som tidaste Hostaflagor. Eg laut no hosta i eitt Tak. Men elles skal han inkje vera uheilsam fyre Mannen, og dat er merkande, at dat aldri hever voret nokor Farsott i Falun, som Folk kunna minnast. Svovelsyrlingen treng seg inn i Hustimbret og gjerer dat so sterkt og traust, at dat aldri rotnar segja Folk.

Ein gamall svensk Skald hever skrivet:

Att vara uti Rom och Påfven icke se
är gamalt ordaqvad, åt honom alla le.
I Sverige Kopparmynt till daglig utgift nytta,
ja uti fremmand' land kring haf och riken flytta,
och icke hafva sett thett under Gud har gjort
vid Stora Kopparberg, som verlden kring är spordt:
si den han lärer nog af thetta arbet' finna
att han har illa gjort och lära sig besinna,
så att han reser dit, Guds under sjelf att se,
att han ej åt sig sjelf en annan gång må le.

Visst er dat, at detta Bergverket er mykjet merkelegt og vel verdt at sjaa. Dat er framifraa forvitnelegt og nyttugt at reika ikring og sjaa paa alle desse Smeltomnar og chemiske Arbeidshus, millom Rosthopar og Vatsverk, Jarnvegjer og Røysar av utskilt Graastein, som risa upp imot Himmelen lik egyptiska Pyramidor, fleire hundrad Fot i Høgdi. Mykjet merkande er eit stort Djuv, som syner seg, naar du er komen upp til Gruvostaden. Dat er 1200 Fot langt, 600 Fot breidt og 200 Fot djupt, og er framkomet ved eit øgjelegt Ras i Aaret 1687, som lukade atter alle Gruvotilgangar og fylde Gruvorna og jordade mest alle Bergmenner, som starvade ned i Berget. Detta Djuvet, som Pumpeverket held turt, er vel ei av dei største vatslause Holor i Heimen. Dan øgjelega Grefti, som ser ut som eit Krater i eit Eldberg, kann gjeva deg ein Tanke um dei uhorvelege Miningar og store Op, som dat er gjort ned i djupa Berget.

Av dei mange ulukkolege Bergmenner, som hava latet Livet i Gruvom, maa eg nemna ein, Matts Israelson, som tyntest 1670. 49 Aar baketter vardt Liket hans atterfunnet med Kjøtet lika friskt og mjukt som han skulde hava livt Dagen fyreaat, paa Grunn av Viktrilvatnet, som han hadde leget i dar ned i Gruva. Dat bar so til, at eit gamalt Kvende fekk sjaa honom paa Likbaara, og ho var dat, som strakst namngav honom Matts, for dan unge Mannen, som

paa Baara laag, var hennar Festarmann. Liket hans verd endaa synt fram i Kopparbergs Kyrkja i Falun.

Er dat verdt at skoda paa alt dat, som ligg upp i Dagen og som til Verket høyrer, so er dat endaa forvitnelegare at gjera ei Ferd ned i svarta Berget. Dat er skakande og helder fælslegt at reika her ned i desse myrke tronge Gjenger og ovstore Hellar, baketter dan svarte Mannen, som med Spikkyndelen i Handi fører deg fram i denne Dvergaheimen. Dan blakrande Logen fraa Kyndelen, som kastar eit dirrande Ljos paa dan sleipe drjupande Fjellveggen, gjerer Myrkret attan og framanfyre likasom endaa svartare. Best som dat er, so kjem dar ei Rad med svarte Bergmenner ut fraa ei Kross-gong, som med brennande Kyndlar i Hondom strjuka seg tagalle framum deg. Djupare og djupare gjeng dat, snart ned etter uteljande Troppastig, snart burt etter ei jamt hallande Gong, so gjenom ei stor Berghall med Sulor under Loftet, so beint ned igjenom eit svart Hol, alt til dess du stend meir en tusund Fot under Jordyta og mange hundrad Fot under Havet. Dess djupare du kjem, dess kaldare og uhyggelegare verd dat. Dat er som heila Berget ligg seg paa Bringa di og du kjenner deg sidstpaa likasom bergteken og lengtar etter at koma ut i ljose Dagen atter. Og hardla fegen er du, naar du kjenner dei milde Straalarne av Guds velsignade Sol skina deg i Andlitet.

Av gamle Skinnbrev kann ein sjaa, at detta Verket alt var i full Drift i dat trettande Aarhundrad, men vonlega er dat endaa myket eldre. Store Rikdomar er dat i desse mange Aarhundrad førde fram i Dagen. Berre i eitt Aar (1650) vardt dat utvunnet 20,321 Skippund Kopar, og fraa 1633 til 1780 i ollo 1,271,335 Skippund. Dat hever minkat nokot i dan sidsta Tidi, men dat kjem endaa upp 5000 Skippund um Aaret paa Lag, umfram Svovel. Gull og Sylv verd dat ogso utvunnet i dei sidste Aarom paa chemisk Veg. Dat finst berre $\frac{4}{1000000}$ Gull i Lag med Koparen, men endaa kann dat løna seg med dat vanda og kostasama Arbeidet. I Fjor vardt dat utvunnet 60 Skaalpund Gull.

Fraa Falun gjorde me ei Ferd ut til Ornes, som er vordet namngjetet av di at Gustav Vasa heldt seg løynd her eit Bil. Landslaget er hardla blidt og smilande ut etter denna velhevdade Bygdi. Dat er nokot sereiget her med alle dei smaae blanke Tjørner med rigande Vatsgras og symjande Vatsblomar fram med Strondom. Ornes ligg ovlega fagert paa eit yndelegt Nes, som gjeng ut i eit stort Vatn med smaae skogutte Holmar i. Nes etter Nes, dat eina meir smilande en dat andra, skjer seg ut fraa dat upphevdade Landet paa baada Sidor so langt Augat ser. Dat var mest her i denna fagra Grendi, at Gustav Vasa hadde sitt Tilhald, daa han laut løyna seg fyre Uvinom sine. Manga Segner

hever Aalmugen her gøymt fraa dei Dagar um dan fræge Sambygdingen sin, som friade Fedralandet fraa Framandveldet. Dalkarlen fortel med Eldhug um alle dei Faarar, som Konungen vardt fyre her, daa han forklædd som Dalkarl vardt jagad fraa Gard til Gard. Her paa Ornes syna dei deg Avhusholet, som Husmoderi paa Garden hjelpte honom ned igjenom, daa han laut flya fyre Svikraadi aat Husbonden hennar. Paa ein Sal i sama Huset stend dat eit Voksbilæte av Konungen i full Herbunad, og ved Salsdyri standa lika eins tvo drustelege Dalkarlar i gamall Dølabunad og halda Vord fyre dan vinsæle Drotten. Ymse av Vaapni, som han nyttade, hanga paa Veggen, som ogso er prydd med ein Bilæt-Samning av dei fremste Menner og Kvende or Vasa-Ætti. Dat er god Meining med at halda slike Stader i Agt og Æra, som gøyma so dyre Minne or Landsens Saga. Dat kann fulla kvetja Hugen hjaa Ungguten, som fraa Barnsbein hever slikt fyre Augom, og uppmoda honom til at verda likaso hæv som Forfederne, naar dat nøyder paa.

Daa me um Kvelden komo tilbakar til Falun, hadde dat byrjat med Muskregn. Stilt som dat var, laag dan gulkvite Rostrøyken som dan tjukkaste Skodda og løynde heile Dalen og Byen, so eg fekk sjaa denna undarlega Syni med. Ja dat var i ollo ei Forvitaferd denna litla Utferd til Falun og Dalarne.

Eg skundar meg med Velfaret med dei kjære

gjestmilde Vinom mine i Gjevle. Dat var helder tungt at fara fraa deim, og saart at sjaa Taarorna paa Kinni aat litla Hulda, daa ho med dei andre gjekk i Land fraa Skipet. Eg kreistar ei Perla i mitt eiget Auga, men dat gjerer, at eg endaa mindre kann skilja dan kjære Huslyden, som stend paa Land og vittar so annsamt til dan burtfarande Vinen. Eg sender deim mi sidsta Heilsing og hastar so tilbakar til Stokkholm med dan fossande „Sten Sture".

Nokot meir um Stokkholm.

Dat var aarla paa Morgonen at eg steig i Land paa Skipsbrui. Dat var vel ingen, som no tok imot meg, for Vinen min var faren i Kaupferd til Finnland, men kor som var, so kjende eg meg intje heimlaus i dan store Byen. Eg var alt so kjend at eg var sjølvhjelpen, og dartil hadde eg so gode Minne fraa dei fyrre Par Dagarne at eg berre lengtade etter at faa sjaa meir av dan fagre Staden.

Daa eg kom heim til Herbyrget, stod jamen ogso dan gamla vinlega Mamsellen i Dyri til Romet mitt og heilsade meg blidlega „välkomen åter". Heita Koffikanna stod ogso paa dat fint tilbudda Frukostbordet, og dan gode, kvikande Eimen, som strøymde imot meg, bar Bod um, at ho hadde tenkt paa dan framande Gjesten meir en han hadde ventat.

Men eg hever liti Tid til at kosa meg ved dat huslega Hygget. Dat er so myket forvitnelegt, som

eg maa sjaa, at eg lyt nytta Dagen fraa Morgon til Kveld, og endaa lyt eg vel fara heimatter fyrr eg verd ferdug. Dat er no inkje til at koma i Hug at gjeva full Utgreiding her i Boki av alt dat eg fekk sjaa og høyra, daa vardt i Vissa eg trøytt av at skriva og du leid av at lesa; for sjaa no her til Dømes, naar eg skal byrja med Konungsborgi, daa kunde eg fyrst fylla ei heil Bok berre med dan forvitnelega Saga hennar fraa dan Tid, daa Birger Jarl i Midten av dat trettande Aarhundradet lagde Grunnvollen og til dess dan øgjelege Lauselden under Karl dan tolvte tynte heile dan kostasame Bygnaden paa 7. Mai 1697. Framleides kunde eg godt fylla ei Bok berre med at skriva um dei forvitnelege Ting, som finnast i eit einaste Rom, til Dømes i røda salongen, eit av Romi aat Drotning Josephina, som jamvel paa langt nær inkje er av dei frægaste Salar i Kongsgarden.

Dat maa difyre vera nog at nemna her, at dan dyrlege Bygnaden, som no stend, vardt paabyrjad av Tessin tio Dagar etter at dan gamle brann, og fullførd av Son hans Aaret 1776, og at han hever kostat 10,487,271⅔ Rdlr. elder 2,621,818 Spesidalar. Og so gjera me ei Snøggferd gjenom dan store Bygnaden med sine ymse hundrad Rom.

Me stiga upp aa dan prydelege Lejonbacken med si framifraa Utsyn yver Nørrebro og Gustav Adolfs Torg og koma soleides upp til dan nørdre Inngangen

og inn i Borgtunet, som er so stort, at Kongsgarden i Oslo maklega kann faa Rom i dat. Me slaa oss i Lag med nokre danske Ferdafolk og leita upp ein av dei konunglege Tenarar, som fagnar deg vinlega og fører deg i kring og høvisk gjerer deg all dan Utgreiding, som du munde ynskja. Me byrja med at ganga igjenom dei fjortan Romi aat Ekkjedrotning Josephina, som alle ero so ovlega hyggelege, inkje berre fyre all Rikdomen og alle dei framifraa Kunstverk, som dat finst her, men mest fyre dan gode Smak, som skin igjenom heile Skipnaden. Dat lyser dan finaste Sedskap fram i alt, inkje berre fraa dei maalade, hogne og støypte Kunstverk og Bokasamningarne, men ogso fraa dei væne Kvendaarbeid, som pryda Stolar og Bord og som Drotningi sjølv hever verkat med eigne Hender. Dat er Gaman at sjaa kor hag ho er med Krotsaum, og lika eins er dat huglegt at skoda paa dei smaae Kunstverk av brent Leir, som Prinsessa Eugenia hever gjort med sine eigne smaa Hender og gjevet Moderi. Dat strøymer likasom dan finaste Angen av huslegt Hygge gjenom dei blide, vinlege Romi, alt fraa dan store raude Gjestasalen og til Sengromet. Altsaman stend opet fyre dei framande, til stor Undring fyre dat danska Fylget, som „s'gu igge er vant med saa maien Forekommenhed paa de kongelige Slotte derhjemme".

I sama Høgd som desse Romi er dan sokallade nya Praktvåning, som er umbøtt av vaar

noverande Konung paa dat prydelegaste og med full Rett ber Namnet sitt. Dat er „førtjusande" at ganga igjenom desse femtan Romi, dat eina meir glimande en dat andra, og alle rikt prydde med alskyns Meistarstykke av Kunst og Handverk. Slike Rom som Viktoria-Salen og Galleriet ero ugløymande, dat fyrsta fyre sin blindande men smakfulle og rike Tilbuning, og dat sidsta mest fyre dan store Samning av Maalarstykke fraa dei mest vidfræge Kunstnarar i Brødrariki, slike som Höckert, Berg, d'Uncker, Nordenberg, Tidemand, Gude, Müller og Baade. Dei danske Felagarne, som vaaro helder godt vane fraa dan rike Hovudstaden sin, tykte dat var „maiet kønt". Men elles samstavade eg inkje rett med desse Danerne. Dat som eg tykte best um, dat gav dei inkje ei Augnasyn, og motvendt, dat som dei gaavo meste Gaumen paa, tykte eg var Smaating. Eg minnest at eg vardt helder tykken paa dan eine av Herrarne, ein Hermann, som kom burt til meg paa Galleriet, daa eg stod og gladdest ved at skoda paa ein fin Landskap fraa Palermo av Berg. Eg stod og undradest paa dan framifraa skire Liten paa dan blenkjande Sjoen og drøymde meg alt under dat italiska Himmellaget, daa denne Løytnanten lagde Handi paa Herdi mi og sagde: „Ved Di hvad, dette Gulv kan s'gu igge være godt at danse paa!" „Dat er helder inkje etlat til at dansa paa," svarade eg helder kvast.

Ei Stund daretter stod eg og saag paa eit fagert Gipsbilæte av Amor, tøygjande seg etter Bogen sin, som Venus hadde stolet fraa honom. Samstundes kom dan eina av dei danske Damer gangande framum, og i di ho snøgglega glytte paa Bilætet, sagde ho lettlega: „Sikkenen Taa,“ og stakk med dan litle Fingren sin burt paa Taai hans Amor, som i Vissa hadde ei hardla fin Taa.

Ovanpaa Praktvåningen er dan sokallade Festvåningen, ogso paa femtan Rom, som um mogolegt ero endaa meir glimande og dyrlegt tilbudde. Her var dat at Karl Johan hadde sin Bustad, og dat er forvitnelegt at stiga inn i Sengstova hans, dar allting stend nett som i dan Stundi daa han andadest. Paa Sengi ligg Konungens luvslitna Stridskaapa, som han hadde nyttat i sine sigerrike Slag og som han jamnan hadde liggjande paa Sengi; elles liggja hans Klokka, Bøker og Skrivegreidor og alt annat paa same Staden og i sama Stand, som daa han sjølv ferdadest her. I Festvåningen er dat ogso eit ovlega fint Galleri, 160 Fot langt og 23 Fot breidt, og ein stor Høgtidsal,[1] som kallast hvita hafvet og er makalaus prydeleg med sina gylda Marmorsulor og Spegelveggjer og onnor Pryde. Alt er so bjart og skinande i denne Marmorsalen, at eg vardt reint slegen daa eg steig inn um Dyri paa dat blenkjande Golvet. Men dan danske Hermannen ropade inn i Oyrat mitt: „Ja se de kann

jei forstaa, de Gulv er godt at danse paa!" Eg hadde Hug til at bidja honom dansa til Bloksberg.

Av alle Rom i Kongsgarden var dat daa inkje, som eg hadde større Hugnad av at ferdast i en dan sokallade Konungens mindre våning, som Konungen vaar sjølv nyttar til daglegt Bruk. Desse Romi ero i seg sjølve smaae og helder laage under Loftet og med smaae Vindaugo i Samanburd med dei hine, som eg hever nemnt. Men dat er so forvitnelegt at sjaa korleides dan kjære Konungen din skipar seg i Heimen sin. Desse Romi fortelja deg kvart paa si Vis, kvat Karl han er. Dan store nye Bokasamningen fortel um Lærdom, Vaapnromet um Idtrottamannen og Herføraren. Antika rummet, persiska rummet, orientaliska rummet bera Vitne um Mannen med Vidsyn og Kunnskap, som naar vida, baade i Tid og Rom. Jagtrummet fortel um Veidemannen, Atelieren um dan hæve Kunstmannen. Og Fotografi-Bilætet av Kong Oskar paa Daudasengi, som heng tett attved Hovudgjerdi i Kong Karls Seng og som ber fylgjande Innskrift: „Till Carl, minne af en älskad Fader. Fredagen den 8 Juli 1859. Josephina." fortel um dan kjærlege Sonen.

Romi aat Drotning Lovisa liggja beint under Konungs Romi, men her fekk eg inkje koma inn, av di at dei vaaro aat at umvøla deim.

Rikssalen, som er 143 Fot lang og 51 Fot

breid, og gjeng igjenom tri Høgder, er dan frægaste og prydelegaste Sal i Sverike, og Slotskapellet, som er paa sama Høgd og Breidd, men 15 Fod stuttare, glimar av Gull og blenkt Marmor. Maalingar og andre Prydnadar i Kyrkja ero av fræge Kunstmenner og hava stort Kunstverde. Eg var her ein Sundag i denna fagra Kyrkja og høyrde ei god Preika av Hyrdpresten; dat var mange Folk i Kyrkja, men eg maatte storlega undra meg yver kor daudt dat gjekk med Salmasongen. Dat var i Grunnen ingen Song, berre som ei kjøvd Mulling attaat Orgelspilet, og dat endaa til at Svearne elles ero so hæve til at syngja. Presten messade helder inkje, berre las upp Teksti, men naar han inkje var paa Preikestolen stod han fyre Altaret heila Tidi medan Tenesta varde, som eg i ollo tykte var helder livlaus.

Detta lyt vera Enden paa denna Kongsgardsferdi, men med di eg no hever byrjat med at leida Hugen din so høgt, so vil eg samstundes bidja deg vera med til nokre fleire Kongsgardar, som liggja i Grendi utanfyre Hovudstaden. Eg stig inn i Omnibusen, som paa ein halv Time fører meg til Stallmeistargarden ved Brunnsviki, gjeng so umbord i dan litle Eimbaaten, som fører meg snøgt yver Viki, og gjeng so i Land ved Byrjan av dan tvau hundrad Aar gamle og stormannslege Ulriksdals Allé. Du kann tru dat er huglegt at reika her i Svalskuggen, medan Soli skin so heit og glitrande paa dan

fraudiga og blømande Bygdi paa baada Sidor. Her ved denna skira Kjelda sit eg meg ned og vil nett til at stinga Handi ned i, til at henta meg ein Slurk or dat friska, kalda Vatnet, daa ei blid Røyst spyrr: „Maa jei saa igge fly dem dette Baier?“ Eg ser upp, og dar stend ein vinleg Dane og retter ein Bikar aat meg, som eg sjølvsagt tek imot med Takk, og giv meg so i Lag med Eigaren og hans tvo Felagar. Dat var tri danske Handverkarar, som vaaro hardla tekkelege, alt dat at dat var „simple“ Følk. Dei vaaro endeframme, næstan barnslege i Pratet sitt og gav vel Gaum paa alt dat me saago, og dan eine hadde jamvel si Bok, som han skreiv i kvar Gong han saag eitkvart forvitnelegt. Han, som slidde meg Bikaren, var Gullsmidsvein og hadde arbeidt eit framifraa Drykkjehorn, som eg hadde havt Gaman av at sjaa paa Syningen, og som ogso Meistaren hans, ein Juveler i Kaupenhamn, fekk Sylvmedaillen fyre. Hornet var utkrotat med makalaust fint utskorne Bilæte, emnade etter Fridtjovs Saga. Han vardt so glad denne blide Sveinen, daa eg førde Talen paa detta Hornet hans. Eg samstavade i ollo myket betre med desse „simple“ Folk en med dei fine som eg var i Lag med paa Slottet.

Ulriksdal ligg vænt til attved ei framifraa yndeleg Vik av Saltsjoen, som er so innestengd, at ho ser ut som eit litet Vatn. Elles skil inkje Huset seg myket ut fraa eit annat Stormannshus, og

eg skulde kann henda aldri teket dat fyre Kongsgarden, um dat inkje paa Viki hadde leget tvau prydelege Drakaskip med gylde Stamnar, som glitrade sterkt i Solskinet. Dei vaaro i ollo tilbudde som gamle Langskip. Daa eg fekk Syni paa desse symjande Gulldrakar, daa skynade eg, at her i Nærleiken maatte dan gjæve Kongen min bu, og i sama Stundi saag eg honom sjølv ganga igjenom Hagen med ein utlendsk Sendemann. Han gjekk i borgarleg Klædebunad utan so myket som ein einaste Tenar etter seg. Han skal visst inkje briska seg myket med si Høgtign. Ved Kongsgarden var dat inkje Skildvagt ein Gong. Ein vardt fagnad her paa sama høviska Visi som paa alle Kongsgardom, og allting vardt synt fram med dan aalmenna vinlega Utgreiding. Eg hadde god Tid til at sjaa meg um her, medan Konungen spilade Kjeglar med dan framande Sendemannen. Dat var og hardla konungslegt inne og myket forvitnelegt at sjaa av dyrleg Husbunad fraa Gustav Adolfs Tid og nedigjenom. Dat nya som var, bar sama Vitnesmaal um kvat Kunstmann og Smaksmann me' hava til Konung. Eg ser meg inkje Raad til her at gjeva deg nokor lengre Utgreiding; eg vil raada deg til at finna deg Tilføre til sjølv at fara dit, men kjem du dit, maa du inkje gløyma at faa sjaa eit litet ljost og vinlegt Rom, som i høgre Hyrnet av Kongsgarden vender ut mot Sjoen og som Konungen sjølv hever

maalat og tilbutt med eigne Hender. Eg vaagar du skal leita langt fyrr du finn eit slikt framifraa hyggelegt og fint Rom.

Etter ei myket skjemteleg Ferd i dan vide og prydelege Kongshagen, so rik paa alskyns fagre Blomar og rare Tre, paa Vindruvor og onnor sudlendsk Alda, taka me paa Heimvegen atter. Me ganga no heile Landvegen, som fører framum Haga, Kongsgarden som Gustav dan tridje og Oskar likade best til Sumarbustad og som no verd nyttad av Prins August. Ein tekkeleg Bustad hever han ogso her ved dan fagra Brunnsvikastrondi. Dat eina av dei tvau Storhus, som dat er her, er i nyare engelsk Stil og ljos og lett som ein Alvaheim. Umfram desse er dat her ein uhorveleg stor Grunnmur av ein Kongsgard i greklendsk Stil,*) som Gustav dan tridje paabyrjade og som vel var vorden dan største og dyrlegaste Kongsgard i Landet næst etter dan i Stokkholm. Men Skotet hans Ankarström skaut ned detta Storverket, og i Grunnen kann dar vera Kongsgardar nog i Sverike likavel. Kongshagen i Haga er tilskipad etter engelsk Maate og ovlega stormannsleg og koseleg.

Fraa Haga gjera me ein Krok paa Storvegen burt aat Solna Kyrkja, som etter Segni skal hava Leivingar av eit Baldershov i Kormuren, og venda

*) I „Kapellet" paa Haga stend dat ein forvi neleg liten Model av dan paatenkte Kongsgarden.

so tilbakar gjenom dan prydelege nya kyrkogården til Stallmeistargarden. Herifraa fylgja me med Omnibusen tilbakar til Gustav Adolfs Torg, dar eg skilst med dei snilde Danerne mine.

No maa eg ogso sidstpaa føra deg ei Snøggferd til dan namngjetne og ovlega konungslege Drottningholm, dar Ekkjedrotningi bur. Me taka umbord i Eimskipet ved Riddarholmen og fossa so ut etter Mælaren, mesta snøgt til at kunna faa sjaa vel paa dei væne Lyststader, som liggja næstan paa kvart Nes, i kvar Vik og paa kvar Oy ved denne framifraa yndelege Sjoen. Me stiga i Land paa dan vida, prydelega Flata framan fyre Drotningaheimen. Paa Land stend Slotsfuten alt buen til at leida oss i kring, og Josephina, ja tenk dan goda folkelega Drotningi er gjengi upp i eit litet Hagahus med sina Hyrddamer, berre fyre di at ho inkje vil vera til Hinder fyre at Ferdafolket skal faa sjaa seg i kring paa alle Stader. Troppauppgongi i Drottningholm er sjeldsynt stormannsleg, og so er Kongskyrkja, som er i dan eine Enden av Bygnaden, og jamvel alle Romi med, so som ein kunde venta av Tessin Byggmeistaren. Dat mest forvitnelega Romet er Riddarsalen, med dei meistarlege Bilæti av alle Keisarar og Konungar i Europa, som styrde paa Oskars Tid, og som han hever fenget i Gaava av sjølvom deim. Elles er heile Kongsgarden som eit stort Museum, rikt paa Meistarstykke i Maalar

og Bilæthoggarkunst. I ymse Rom ero Veggjerne prydde med Maalningar av Sverikes Saga av dan namngjetne Ehrenstrahl, og her kunna Svearne hava Hugnaden av at sjaa paa Sigervinningarne hans Karl dan tolvte og andre gjæve Herførarar. Dat var myket huglegt at sjaa seg um i Daglegromi aat Drotningi. Dar laag Boki paa Bordet, som ho nylega hadde leset i, og Handarbeid paa Saumbordet. Sama Hygge lyste dat fram her som i Heimen hennar i Stokkholm. I eit Rom vaaro Sæti paa alle Stolar og Benkjer prydde med Krotsaumsplogg, som ho sjølv hadde saumat.

Ja dat er myket at sjaa og læra paa desse Kongsgardar. Me kunna fyrst daa skyna, korleides Konungslyden kann turva so stora Løner, naar me faa sjaa alt dat fagra, som dei sanka i Hop, og me maa aldri trega paa dei Pengar, som verda soleides nyttade, for slike Samningar ero til stor Framhjelp av Folksens Lærdom og Sedskap. Konungarne samna inkje berre til seg sjølve, men til heila Folket, og detta er ein av dei ljosa Sidor av Konungdomen. Dat er difyre inkje so litet tregelegt at me paa Grunn av Umstødorna hava liti Von um, at dat skal samnast nokot munarleg av slikt i vaar Hovudstad.

Likaso forvitneleg som Kongsgarden er, lika so prydeleg er ogso dan vide namngjetne Kongshagen med sine Springvotn og Marmorbilæte, glimande

Blomasengjer og makalause Lystlundar. Her er eit sjeldsynt Samhøve av Kunst og Natur. Paa Ferdi gjenom Hagen raakar ein paa ein liten forvitneleg Bygnad, China Slott, som baade i Skap og Husbunad er heilt igjenom chinesisk. I detta litla, leikande Kunstverket hadde Konungen nokre Dagar fyreaat havt Gjestabod fyre dei chinesiske Sendemenner, som hadde likat seg hardla vel i dan heimelege Skipnaden.

Men Tidi er lidi og me maa springa til at naa Eimbaaten, som alt kvin ved Bryggja. Paa Heimvegen raakar eg paa Kjenningar, Damerna fraa „sydliga Trakten" og Broder deira, ein ung Student. Dat var fulla skjemtelegt at sitja her i Godvedret millom desse velsedade Folki og tala um alt dat fagra me hadde set. Dan eina av Systrom var sjølv Maalar, og dat var so gildt, daa Talen vende seg aat Bilæt-Syningen i Riksmuseet, at høyra henne tala um dan norske Bolken dar. Ho medgav at han var dan beste, um inkje dan største. Ho talade so varmt um Gude og Tidemand, som hadde lært henne at hugleggja dat norska Land og Folk med Bilæti sine, at eg vardt varm um Hjartat og baud henne Velkoma til Noreg, med di ho daa med eigne Augo kunde faa sjaa Emnet. Ho takkade med Smil og sagde: „Ja visst skall jag till Norge förrän jag dör."

Paa 23de Juli skulde Prislønerna verda utskifte

i Syningshalli av Konungen sjølv. Dat var sjølvsagt at eg maatte dit og sjaa paa dan Høgtidi. Midten av Halli var avstengd fyre Konungslyden og Hyrden, Syningsstjorni, Prismennerne og sume innbodne Storfolk. Eg, som er nærsynt, hadde no trengt meg heilt fram aat Skiltoget og funnet meg ei liti Kraa millom Toget og eit Skaap med Krusty. Her stod eg og glante forviten paa Stormannskapen, paa Lag som naar Nordfaren kjem til Bjørgvin vil eg tenkja meg, daa Prins Oskar braadt kom gangande tett framum med Moder si under Armen. Eg var vel inkje sein med at faa Hatten av Hovud, eg førde honom radt til Knes og bøygde meg djupt, so som dat høver seg aat slike gilde Konungsfolk, som me hava. Oskar førde Moder si aat Sessen hennar uppaa Trævet, og eg var alt aat og feste mi Merksemd ved eitkvart annat; men dar kom Oskar atter og stemnde beint burt dar eg stod. „Kvat vil han meg," tenkte eg halvrædd, daa han samstundes talade til Vordmannen, som stod dar, bad honom knyta upp Toget og synte meg so blidlega Vegen inn med Handi. Han har vel set sum Lengsel i dat glaapande Nordfarandlitet mitt kann eg tenkja, og so tykte dan godhjartade Mannen Synd i meg, at eg skulde standa utanfyre Heilagdomen. Gild og glad var eg, og daa eg hadde haattat meg, tok eg dat besta Stormannslætet paa meg, som eg var god til, og gjekk som eg var heima millom Generalar og

Riksraadar, framande Sendemenner og Riddarar og letst som eg høyrde til Laget. Jamen starade eg helder kaut gjenom Augnaglaset paa deim, som utanfyre vaaro. Eg saag byrg upp aa Trævet dar meste Kvendi saato, men dar sat dan fagre Kjenningen min fraa „sydliga Trakten" og smilte aat meg. Eg skal inkje segja fyre visst, um dat inkje var nokot av Skalken i Smilen hennar, men eg tok no snøgglega Glaset or Augat. Kor som var, so tykte eg dat var Lyst og Gaman at vera so nær innpaa Storlivet, at faa sjaa Konungens sterka men milda Andlit i Nærleiken og gjeva Gaum paa dan fine Oskar og paa Ekkjedrotningi, Drotningi og Krunprinsessa, Manderstrøm og mange andre av Landsens fremste Menner. No kann daa eg og paa ei Vis segja at eg hever voret ved Hyrdi eit Par Timar, og huglege Timar var dat. Naar Tonarne leikade fraa alle dei hæve Spilemenner og Springvatnet siklade, og Silkestakkarne skraavade, og eg so saag paa all dan konungslega Glima kringum meg, daa laut eg mi Sann knipa meg sjølv i Armen og kjenna um eg var vaken.

Etter at Prislønerna vaaro utdeilde tok Konungen av Stad, medan dei hine Konungsfolki vordo gangande eit Bil i vinleg Samtale med dei hjaaverande. Serlega var Ekkjedrotningi lett og kvik og hardla tekkeleg i all si Bragd, og eg laut samstava med ein gamall fin Herre, daa han sagde:

„Ta' mej tusan är inte den der gumman förtjusande!"

Men dat strøymer so uhorvelegt med Minne inn paa meg fraa dat gilda Stokkholm, um Operaen med dan fagre Leiken og Songen, um Riksmuseet, Bystrøms Villa, Riddarholmskyrkja, Vitenskapsakademien og Hamars Museum, um Bellmansfesten og um dat yndelega Gjestahuset Hasselbakken og mangt annat, at eg inkje ser meg Syn til at halda fram. Du maa, som fyrr nemnt, sjølv fara dit, du kjenner so litet til Broderlandet, at du kann turva ei slik Ferd, og god og vinleg Rettleiding kann eg lova deg i denne Hovudstaden. Du kann tala til kven du møter, um han hever aldri so braadt, so snur han gjerna paa Vegen sin, til at hjelpa deg paa Veg. Skal eg koma heim til Jol, so som eg hever lovat, maa eg no bidja Velfar med dan ugløymande Konungastaden ved Mælarns yndelega Strender.

Paa Heimferdi.

Dat var komet Bod til meg fraa ein Vin i Oslo, som skulde gjera Ferdi med til Bjørgvin, at eg maatte skunda meg, for annars for han ifraa meg. Difyre tok eg sama Leidi som eg kom, med Jarnveg og Eimskip, med di dat var dan snaraste Vegen. Ferdi gjekk baade snøgt og vel, og Vedret yver Havet var som dat best kunde vera, so at dat inkje Vandamaal møtte meg, umfram dat at eg i

Nærleiken av Hovudstaden vaar kom i Ordkast med Filosofen unge um Maalsaki. Han var i Fyrsta so naadug at meina, at dat kunde koma sumt godt av dat halvgalna Maalstrævet, paa dan Visi at han og andre vituge Folk „berigede Kultursproget“ med eitkvart Ordet, som dei tykte um av „det lavede Sprog“. Eg tenkte no, at han som Vitenskapsmann maatte hava eit System at fara etter, og difyre bad eg honom vera so snild at gjeva meg eit Døme paa korleides han vilde fara aat. Eg fekk daa vita at han, som so mange andre, hadde huglagt Ordet „greid“, men andre Ord av sama Rot slikt som Greida vilde han slett inkje vita av; han meinte dat høvde seg godt at skriva: „det er en grei Sag at finde Rede i“. Eg meinte dat kunde litet høva med Maalvitenskap slik Aatferd, og so fekk eg honom daa sidstpaa til at medgjeva, at „han ikke brød sig det allermindste om det hele Sprogtøv“.

Daa eg kom til Oslo, hadde dan nemnde Vinen ved eit Mistak alt lagt i Vegen. Men eg fekk no dat besta Fylge likavel, for eg fekk slaa Lag med Hr. Ivar Aasen, som stod og lagade til Skreppa, daa eg kom og heilsade honom. Eg hadde jamt Lukka med meg som du ser. Aa nei, kor fegen eg var, daa me etter Middagen møttest med Skreppa paa Ryggen umbord i Eimbaaten, som fer fraa Piperviki til Sandviki. Eg hadde slett inkje hugilt ved at fara so snøgt fraa Hovudstaden atter, alt dat han

laag so væn og smilte attanum oss i Solskinet. Eg kom i Hug ein annan Manns Ord um ein annan By, i di me foro ut etter Fjorden: „Die Stadt selbst ist schøn und gefällt einem am besten, wenn man sie mit dem Rücken ansieht".

Jamen var dat Gaman i slikt Fylge og slikt Vedr, heil og fri at reika fraa Sandviki uppetter dan yndelege Svangstrandsvegen til Tyrifjorden. Me gaavo oss god Tid, og god Tid skulde alle Gongomenner hava, naar dei vilja hava dan rette Hugnad og Nytte av Ferdi. Gaman er dat medan du gjeng paa Vegen gjenom slike fagre Bygdalag som her er, men endaa større Fysna er dat, naar du kann slengja deg paa blømande Grasvollen og kvila deg ut i einkvar Svalskuggen. Eg veit inkje kven som likade seg best av oss Felagom; eg saag han koste seg dar han sat og puffade Røyken or dan litla Pipa og saag so fegen ut yver dan væna Bygdi; eg høyrde dat paa Laaten, daa han sagde: „No hava me dat godt." Og saart kann du trenga til, du Landsens trugne Arbeidsmann, at koma ut or Studerkleven din i dan kovne Byen, ut i dan svalande Naturi aat dat kjæra Landet ditt, ut millom Gras og Blomar, som du hever huglagt fraa Barnadagom.

Naar ein nærmar seg Homledal, gjeng Vegen i ei djup Veita, som er mint igjenom Aasryggen, og naar ein er komen gjenom denna Stengsla, daa hever ein braatt ein sjeldsynt Landskap framfyre

seg. Millom Trekollarne i dan bratta Skoglidi i Framgrunnen, ser du ned i dan blenkjande Tyrifjorden. I Vatsspegelen, som Kveldsroden kastar rauda Gullgaaror paa, speglar dan fraudiga Bygdi og Skogen seg, som paa Vestsida aat Fjorden ligg uppetter dan hallande Strondi og Aasen. Paa Nordsida ligg dat fagra og fraudiga Ringarike, og lengst burt i Himnaleitet ris dan blaae gylde Fjellgarden upp mot dan skire rodnande Kveldshimmelen. Kor godt dat var at faa Augo paa Fjellet atter!

Han er sereigen i sitt Skap, denne Tyrifjorden, og likjest paa Landkortet mest eit Krosstroll med sine fjore djupe Vikar. Dat er ei framifraa hugleg Ferd paa Morgonsida at ganga Vegen fraa Homledal og til Nes og so med Eimbaaten fara yver Fjorden med dei rike og skiftande Strender paa alla Leider. Neset dar Hole ligg, er framifraa vænt og hallar so fint og jamt til baada Sidor. Her hadde fulla dan dugande Konung-Jordbrukaren Sigurd Syr takksam Jord at rota i. Dat var og forvitnelegt fyre meg at sjaa alle dei uhorvelege Timberflotar, som laago i Laas ved Strondi, dar me lagde til Lands med Eimskipet ovanfyre Brui yver Vikersund, som i seg sjølv ogso er forvitneleg. Ho hever inkje mindre en 14 Kvelvingar og er 480 Stig lang.

Landet fraa Tyrifjorden til Krøderen er myket vænt med jamne Haugar og fina Dælder. Jord-

kyndi ser do sumstad ut til at vera mesta leirutt. Paa denne Vegen fer ein igjenom dan store gamle Skogen, som Kjerulf hever gjort so vidgjeten ved Fortelnaden um Gamlen i Mastraskogen. Um Krøderen fara me aa nyo med Eimbaat til Gulsvik. Nedste Enden av Krøderen er blid og saftrik, men øvste Enden er helder tung og turr med graakalda Bergsidor, dar Skogen til største Luten er øydelagd. I ollo er Hallingdalen inkje so væn og fraudig som Valdres, og inkje helder ero Fjelli fremst i Dalen so storskorne og drustelege som Valdresfjelli. Men dat er do mang ei forvitneleg Bygd her med, dar dat er huglegt at ferdast. Soleides er dat ei fagna Ferd at fara i Baat fraa Gulsvik og til Aavestrud, so som me gjorde. Dat var myket forvitnelegt, til eit Umskifte at ferdast paa denna Visi, snart stakande seg fram gjenom stride Straumar, snart roande yver stille Hyljar med skogvaksne Elvarbardar og hevdade Aakrar og Engjar att imillom, medan dan staute frihugade Hans Kogsaa, Skjotmannen, svallade paa sitt leikande Hallingmaal. Han aatte berre ei liti Stova, som han hadde fenget Løyve til at setja upp i ein Aurbakke paa Gulsvik. „Han vilde visst inkje festa seg som Husmann paa dei Vilkor som no vaaro, dat var at gjera seg og Kona og Borni med til Trælar fyre inkjevetta. Vel var dat inkje feitt burt i Aurbakken, men so hadde han daa sin Fridom og kunde bjoda sine Armar til kven han vilde", og sterke

Armar hadde han og, dar han stod og stakade fram Baaten, so dat fossade i Stamnen.

Inkje er dat helder paa langt nær so fine og stormannslege Husvære paa Skifti her som dat er i Valdres, men endaa tykte me dat var lika huglegt at naa fram til Hus um Kveldarne, for Folki vaaro jamt snilde og vinlege. Dei vaaro no ugløymande fyre meg desse lærdomsrike Kvilestunderna og skjemtelege med. For med all Lærdomen sin hadde inkje Felagen min kastat fraa seg sitt norska Skjemtarlynde; hadde du høyrt honom, skulde du vel hava kappskrattat med meg vonar eg, for dat er Maatt og Merg i dat norska Vitet du, som vel kann skaka Lungorna dine.

Dan fagraste Bygdi i Hallingdal er Aals-Gjeldet. Detta Dalføret krøkjer beint i Vest fraa Hovuddalen, og detta er Orsaki til at dat her er ein undarleg Natur-Motsetning, som gjerer Dalen so skiftande og tvifaldug av Bragd. Paa Solsida liggja nemnelega mest alle Gardarne og smila so vinlegt uppetter Lidom millom ljose, sprettande Lauvskog-Teigar. Dan sydre avsølta Sida darimot ser heilt aalvorsam ut, med dan tette myrke Barskogen, som tekkjer dei jamne fagre Fjellsidor radt aat Himmelsyndi. Dei mange Smaavotn, som du hever paa vinstra Handi naar du fer fram etter Dalen, hava ogso dan sama tvifalda Bragd av Aalvora og Gaman, i di dan myrke Skogen speglar seg i dan eina Helvti av Vatsspe-

gelen, medan dan skire blaae Himmelen lyser upp or dan andra. Som Landslaget hans er, so er ogso Aalsgjeldingen aalvorsam og kipen, djuptenkt og kaat. Som flestalle Fjellfolk heilsar han deg vyrdsamt og med Aalvora, men best som dat er, so fer dat ein leikande Solskinsmil yver Andlitet hans.

Paa Sundre Prestagard hadde me ein myket hugleg Sundag. Daa me komo fraa Kyrkja, møtte me ein Utsending upp i Vegen fraa dan gjestmilde Prestagarden, som bad oss til Gjestabod til dan gamle Kjempepresten. Han hadde dan Dagen confirmerat dan sekstan Aar gamle Sonen sin, som inkje synteſt vilja vanslægta paa Faderen, herdabreid og 68 Tumar lang som han alt var. Dat var vel skjemtelegt at vera Gjest hjaa slike gjestmilde og endeframme Folk. Eg fekk meg og ein gild Godskratt her av ein Oslo-Mann, som gjerna vilde faa vita nokot um Stokkholm. Eg hadde no myket lovande at bera fram kann du vita, men han braut meg av og meinte heilt barnslegt: „at Stokkholm ikke kunde maale sig med Kristiania". Aa ja „dat rosar no kvar si Syra". Men jamen laut eg lægja honom beint i Syni.

Fyre Folk som hava Hug til at leggja seg til i ein Fjelldal med Sumaren, veit eg inkje stort likare Stad en hjaa Lensmann Pleim her paa Sundre, for her er godt og billigt Husvære, makalauſt snilde Husfolk, ovgod Mat, fin Bygd, og gode, gamle Døler

med reint norskt Maalføre. Her er myket at læra fyre dan Bymannen, som gjerna vil kanna sitt Folk. Her er og god Veide-Von fyre Fiskaren og Skyttaren i Dal og paa Fjell.

Andre Dags Middag naadde me fram til Raa i Hol, Endamaalet fyre Ferdi hans Aasen. Kor gjerna skulde eg gjevet meg til her i dan hyggelege Rotstova hans Sander, denne merkelege Mannen med sine Flogvits-Augo og sin sjølvskapte Lærdom, som i Vissa er hardla sjeldsynt fyre ein Mann, som inkje kjem stort utanfyre Høgfjellsdalen sin. „Hadde norskt Maal og norsk Sed inkje voret vanvyrde i Landet, daa hadde detta Flogvitet i Vissa floget ut fraa Dalsburet sitt til Bate fyre seg og Landet", tenkte eg strakst eg saag og høyrde honom. Dessverre kunde eg berre stadna hjaa „denne gjennem dannede Personlighed" eit litet Bil, so vidt eg fekk sjaa paa dei forvitnelege Samningarne hans fraa Skog og Mark og Berg. Heime-Sysla mi drog, og so hadde eg spurt upp eit Fylge yver Fjellet, som eg laut sjaa til at naa atter dan Dagen. Eg nøyddest til at slengja Skreppa yver Herd og skilja dat huglega Laget. Dan kjære Felagen min fylgjer meg ut i Tunet. „Dat er godt hava Viner paa Vegom", men „tungt er fraa Frendar fara".

Takk fyr' Fylge, fagna Mann,
og fyr' kvar ei Stund paa Ferdi.
Um eg leitad' heila Verdi
betre Felag eg ei fann.

Eg slepp dan trufasta Handi. „Liv no so vel og heilsa aat Vinom i Oslo.“ Han svarar blidlega: „Lukka paa Ferdi og vara deg no vel paa dan lange Fjellvegen.“ Eg legg i Vegen, men snur meg upp i Bakken. Han stend enn paa same Staden og ser etter meg.

Ned eg ropar mitt „far vel!“
Dogg i Augat fram seg tvingar,
men med Smil eg Hatten svingar.
Lærar kjær, liv heil og sæl!

Takk hav du, som atter gav
meg dat slengda Barnamaalet;
no dat skin som bjarta Staalet,
du hev' gnikat Rusti av.

Upp aa Riset stadgar eg enn ein Gong og ser meg tilbakar. Dar gjeng han yver Tunet og inn i Stova, inn til Arbeidet sitt fyre deg og meg. Dar inn i Bondens Stova sit han traattug og kjærleg og dreg fram dat eina Gullkorn etter dat andra av Landsens beste Eignalut.

At du elskar Folket ditt
og ditt Land med Fjell og Dalar,
høyrest paa kvart Ord du talar,
skin or milda Augat ditt.

All din ypparlege Dug
offrar du aat Fosterlandet.

Til at løysa Framandbandet
stend din Tanke og din Hug.

Og du starvar utan Staak.
Med dan retta Mannamilde
alltid fara fram du vilde;
gjeng so Vegen utan Braak.

Men du stig so stødt og beint
imot stride Faavits-Straumen
og mot høge Fordoms-Flaumen,
at du vinna maa um seint.

Fremst millom frilyndte
Flokkarne gakk du,
gilde og gjævaste
Guten i Noreg!
Fegne i Faret
me fylgja deg etter,
aukast i Evle
lik ossaleg Skrida.

Detta var godt Tankaslag at ganga med fyre meg, som hadde Braadhast. Dat nemnda Fylget, som skulde um Fjellet, var tvo Hallinggutar, som hadde sin Bustad i Sørfjorden i Hardanger og no hadde voret paa Vitjing hjaa Skyldfolket sitt her i fremste Dalen. Eg hadde bodsendt deim um dei vilde hava meg med og fenget Svar, at dei alt

hadde klyvjat Dyrkjerne, men at dei vilde bida paa meg til Klokka fjore paa fremste Garden i Dalen. Klokka var tvo daa eg fekk Bodet og lagde i Vegen, men fram til fremste Garden var dat vel so ei Mil, so eg laut fulla hasta, og endaa var dat helder mindre Von um at eg skulde naa fram til Tidar. Eg sprang meir en eg gjekk, men daa eg kom til Møtesgarden, vaaro Stein og Tomas, so nemndest Gutarne, alt farne ein god halv Time sidan, „med ei kvit Merr og tvo blakke Hestar.“ Detta var for godt Lag at koma um Fjellet i, til at eg kunde spilla slikt Tilføre. „Betre vera daud en raadlaus“ tenkte eg og lagde til Fjells aaleine. „God Von gjerer Vegen stutt“. Eg sprang etter friska Hesta-faret so Sveiten sildrade, men sidstpaa miste eg dat med. Eg gav meg do inkje, men heldt fram mot sama Ætti; dat gjekk som ein Gjeita-Veg uppetter, som stundom var vegsyn og stundom inkje. Eg sprang ender og daa upp aa ein Haug til at njosna frametter, men eg saag inkje Kvikjende. Daa laut eg sidstpaa setja meg ned og draga Anden, halv-sprengd som eg var, og kom so til at venda And-litet ned etter Dalen; jau, dar langt ned vardt eg var nokot kvitt, som kom smaatt stigande upp etter. „Dat maa vera Merri hans Stein. So var daa Lukka meg god denne Gongen og“, tenkte eg, og slengde meg hugheil paa Vollen og rette glad ut dei trøytte Limerne mine.

„Du er inkje tung paa Foten du, er dat likt til, som spring framum baade Folk og Fe," sagde ein ljosleitt, spræk Gut, med eit opet Andlit, i di han sprang av Hesten og gav meg dan trauste Neven sin. Dat var han Stein. Tomas, Broderen, hadde gjort ein Krok til Syster si paa ein Stødul paa hi Sida aat Elvarfaret og skulde møta oss andre Morgonen ved Ustavatnet.

„No kann du hava godt av at kvila deg paa Hestaryggen," sagde Stein og gav Merri ein Snert, og godt var dat i Røyndi. Men endaa betre var dat ved Solarglads Bil at koma til hennar Margit, dan unga gjestmilda Kona paa Hodnberglege Stødlen. Eg hadde inkje gjevet meg Tid til at smaka Matarbiten sidan eg aat Bisken hjaa Fru Pleim Klokka sjau, og daa kann du tenkja deg til kor dat smakte at setja seg til eit dukat Bord med nykokt Dravle og Rjome og Lefsa med Fjellsmør og Ost. Daa Margit kviskrade eitkvart i Øyrat hans Stein, svarade han høgt og smilande paa sin endeframme Maate: „Kann Frakkafanten inkje eta denne Maten, so fær han gjera nett som han vil; men du tarv inkje ottast, eg tenkjer han takkar til." Og dat gjorde eg og, for sjeldan hever eg haldet eit betre Maal. Ho Margit undradest i Vissa yver Mathugen min. Og hyggelegt var dat inn i dat litla Selet. Elden sprakade lystugt paa Aaren og kastade sitt blakrande Ljos kringum i Framromet og

inn um Dyri til Mjølkebudi paa alle dei kvitskurade Kollarne. Tett ved Aaren saato tvo herdige Slaattegutar skøytelaust kvilande paa kvar sin Krakk og skrattade aat dei kvike Skjemtar-Ordi hans Stein. Burt i Sengi stakk dat fram eit litet skygt Barnaandlit, som starade forvitet paa Framandfolket, medan dan bljuga Moderi stod tett ved og kvilde Olbogen mot Sengjarstokken. Jamen kjenner eg som ein Lengsl etter slik ei Stund atter, her eg sit og skriv paa Minningarne um henne.

Daa eg um Morgonen etter ein god Svevn ved Sida hans Stein i Høyet i dan litla Utløda kom burt til Selet, var Bordet alt dukat, og dan eimande Koffikjetelen stod og ventade, medan Fjellfisken fraa Ustavatnet hekk og saud i Mjølk yver Elden. Dat var Synd annat segja en at ho Margit bar fram alt dat, som paa Fjellet munde finnast.

Daa dan myrkleitte Tomas um Morgonen hadde aukat Laget vaart, og dan herdige Stein, til Traass fyre dat at Vedret var vordet kaldt og ufyset, hadde teket seg ei Laug i dan kalde Elvarhølen tett ved, baud me Velfar med dan snilde Margit og lagde i Vegen kvike og hugheile. Dessverre vesnade Vedret smaatt um Senn og dat tok til at bera ned med Vallasletta elder Halvgota, som dat kallast i Hallingdal. Dat var fyrste rette Uvedrsdagen eg hadde paa Ferdi. Dat var sjølvsagt inkje Raad til at sjaa stort av Fjelli i kring seg; berre ender og daa, naar Vinden

reiv i Elingarne, fekk eg sjaa ein Skimt av Hallingskarvet og Joklarne, som velta seg ned etter detta storskorna, skardutta Fjellet. Ussa! han hadde dat inkje fjelgt han Sverre med Byrkjebeinom sine, daa dei seinhaustes foro paa Villstig her i aatta Jamdøger, matarlause og i endaa myket verre Forvedr. Eg kunde fulla vera fegen, som var komen i so godt Ferdalag i Uvedret; for alt dat at me inkje kunde sitja mange Minut i Senn paa Hestaryggen fyre Kulde, so var dat daa ei kveikjande Kvild attpaa Vabbing i Myr og Ulenda at setja seg upp ender og daa, inkje at tala um kor godt dat var at faa rida dei store Elvarna. Dat hadde fulla voret hardla ufjelgt at fara or Klædom og vada i slikt Vedr. Jamen hadde dei vordet seige, dei seks Kannings-Miler, som dat er Stødla millom, naar eg inkje hadde havt dan gilda kvita Merri hans Stein til Hjelp. Men no gjekk dat so jamt og so stødt, og naar Vinden inkje kvein for hardt, so svallade eg heilt lystugt med dei vituge og kvike Felagom mine. Umfram Fjellpistra møtte me inkje Kvikjende fyrr me komo til N o r d m a n n s l e g r e t, ei Driftahamn midfjells ved Halnavatnet. Her skulde me beita Dykjerne og sjølv halda Middag. Gjætarhytta, som ogso Ferdafolk nytta til Herbyrge, er dan minste og laakaste Mannaheim eg hever voret i. Dyrr fanst dat inkje, berre eit litet Smette til at smjuga igjenom, men um du kjem vel inn, so slepp du endaa vel fyre at faa retta deg upp. Paa nokre

Lyngbuskar, som laago paa snauda Tufti, vaaro Sengklædi aat Ibuen slengde. Her paa Høgjendet fekk eg dan beste Sessen, men gjenom Rullesteinsmuren kvein Vinden beint inn paa meg, so Haaret flagsade kringum Øyro mine. Ei Mjølkebytta og ei liti Gryta var all Husbunaden. I ei Kraa stod dat ein Sekk med Mjøl, ei Hit med Salt og nokra Lefsor; onnor Nista saag inkje eg. Kringum i Muren sprang dat ei liti Markmus, som saag ut til at vera tamd, ho saag so heimkjend og folkavan paa oss med dei smaae blanke Augo. Daa eg hadde fenget min drjuge Lut av Felagsnista og kraup ut or detta undarlega Hidet, fekk eg Augo paa ein Skapnad, som nærmade seg gjenom Skodda. Dat var Gjætaren, som kom og vilde heilsa paa Framandfolket. Han kom so staut og hugheil stigande som ein Konge, og dat var inkje likt til, at han vantreivst i dan laake Heimen sin. Eg fraus eg som stod baade turr og god i Regnklædi mine, men endaa Væta svakkade i dei holutte Skoerne hans og dat draup av Klædom, so saag han lika raudleitt og heil ut, dar han stod herdabreid og sterk. Ja han gladdest jamvel ved Nedburden, „for dat hadde inkje rignt paa fjora Vikor, og daa vilja inkje Nauti taka Hold." Til eit undarlegt Liv at vera her i Maanadar eismall paa Fjellet utan annat Samlag en Nauti, Markmusi og „ei Skrjonabok"! Eg tykte dat skar meg, daa me foro ifraa honom, han saag so einsleg og hjelplaus

ut, dar han stod utanfyre dat litla Hidet sitt, som var laagare en han var sjølv. Men han berre smilte hugheilt daa me baud Velfar.

Um Kvelden i god Tid naadde me fram til fyrste Hardengs-Stødlen i Bjordalen, til dei tvo Sørfjordsgjentorna Anna og Mareta, som fagnade oss paa dan vanlega gjestmilda Visi, daa ho Anna fyrst hadde fenget vita, at eg ingen Landmetar var, „for etter som ho hadde røynt, var dat slike Utangar, som ho helst vilde vera fri.“ Seli paa Fjellstødlom paa denna Sida aat Fjellet ero hardla tronge, paa Grunn av Skogløysa og dei bratte, lange Stødlsvegjerne, som gjera dat so ovtungt at føra fram nokot Husvyrke. Inkje helder bid dat her Uteslette elder Høyløder so høgt til Fjells, so at eg og Felagarne mine luto liggja paa Tufti dan Natti, millom Kjeroldi i eit sjølvgjort Bol av Hestadekkjor og Sadelkoddar og annat dilikt. Men daa vardt dat og so trongt i Selet, at Gjentorna luto kravla yver Mjølkebidni til og fraa Sengi deira, under Glis og Laatt fraa oss alle. Men endaa hadde eg fenget sova hardla vel, um inkje han Stein hadde fenget dat Ulaget paa seg ender og daa at slengja eine Foten tvert upp aa meg.

Dan andre Dags Fyremiddag, daa Øyken hadde boret meg yver Bjoreia, laut eg slita Laget med dei gilde Felagom mine, som ueigennyttig hadde skift Nista med meg og hjelpt meg med Øyk og synt meg

all mogoleg Beine paa Vegen. Daa eg tok til Pungen ved Vegaskilet, sagde Tomas: „Lat Pungen kvila i Fred," men Stein ropade: „Kom inkje med nokot Vas." Brøderne skulde lenger vest til Kinservik, medan eg vilde snøggaste Leidi til Fjorden. Etter at hava fenget Rettleiding av Stein um Vegen, som gjeng til Eidfjord gjenom Hjelmadalen, (ved Vøringen og i Maabødalen hadde eg voret fyrr,) skildest eg med Vinom mine og tuslade so avstad aaleine ned etter Bjordalen og upp etter Aldgarden. Med kvart som eg steig upp aa denne 5000 Fot høge Fjellryggen, lettnade Vedret og Skodda kvarv smaatt um Senn, og daa eg kom paa Riset, tok Soli til at glytta fram gjenom Skyflokarne. Eg stavade meg upp aa høgaste Nuten, og dar laag mitt Heimland vidopet framan fyre meg, alt fraa dan staute Hallingjokulen med dan blaagrøne Isen veltande ned mot Simedalen og alt til Havs.

Eg ser detta Landet, eit undarlegt Land,
med snaudaste Oyar kring steinutta Strand,
med Brim og med Brot yver svikfulle Bodar,
med Fjellgarden myrk, som mot Nordhavet skodar.

Eg kjenner vel Landet, dar ufysen Vind
driv Skodda fraa Havet kring snjotakte Tind,
eit Land fullt med Joklar og naknaste Oydor,
med Skridor og Urd og med skoglausa Snøydor.

Eg smyg inn i Fjorden; eit fagrare Land
visst aldri eg saag med si grønklædda Strand,
med skogfulla Lid upp um blømande Vollar
og raudgylte Brid' kringum blaaande Kollar.

Sjaa her er dat fagert, kjenn her er dat mildt,
her inne Smaabylgjorna skvala so stilt,
so leikande upp etter Strandi dei gletta,
og glitrande Perlor paa Sanden dei skvetta.

Snøgt Baaten min sigler um bjartgrøna Nes,
han ruggar so lint medan Havgula blæs,
og tvert yver blenkjande Viki han siger.
Av Baat paa dan mjukaste Grassvord eg stiger.

Aat Dalen med Fysna meg Hugen min dreg;
dat er fulla Fagnad at ferdast slik Veg,
at kroka seg fram millom angande Blomar
og slengja seg ned attved Fossen, som ljomar.

Ja her er dat Hugnad at kvila og sjaa
langt ut yver Dalen med Sumarplagg paa,
at hevja si Syn yver Skogen, som strekkjer
aat Fjellet seg upp millom siklande Bekkjer.

Eg drøymande skodar um Rindar og Lid,
men upp yver Fjellbruni Augat mitt skrid,
ja høgre en Ørnar kring Tindarne fara,
eg radt inn i ljosblaae Himmel lyt stara.

Mitt Heimland! Din Dal med sin blømande Voll
og Fjellet med Bridar kring blaaande Koll,
dat alt til mitt Hjarta so undarlegt talar
og lyfter min Hug yver Fjell, yver Dalar.

Ja Noreg, du er vel eit underfullt Land,
so stort og so fagert fraa Fjell og til Strand;
men dat er mi Von, at meg ein Gong skal hysa
ein Heimstad, som fagrare endaa vil lysa.

Hardla lenge sat eg dar paa Nuten og saag utyver Fjell og Fjord og høyrde paa Dunen fraa Vøringen, men at eg sidstpaa kom ned, kann du skyna paa di, at du held denna Boki i Handi. Fær eg god Tid, skal eg maa henda ein annan Gong fortelja deg korleides dat bar til.

Minne

fraa

ei Stokkholmsferd.

Av

Henrik Krohn.

Bjørgvin.
Hjaa Ed. B. Giertsen.
1867.

Ferdamannen,

eit Vikoblad aat Aalmugen,

byrjar andre Aargangen fraa Nyttaar. Bladet kostar 60 Skilling fyre Aaret, Postpengar medreiknat, og kann tingast paa alle Posthus, hjaa alle Postopnarar og hjaa Bokaprentar J. D. Beyer i Bjørgvin. Dei, som samna Tingarar, faa eit Blad til gjevande fyre tionde kvart Blad, som dei tinga.

Hjaa Ed. B. Gjertsen i Bjørgvin er utkomet og til at faa i alle Landsens Boklødor:

Fraa Bygdom.

Av

Christopher Janson.

Andra Upplaget.

Pris 60 ß. Fint bundet 90 ß.

Norske Dikt.

Av

Christopher Janson.

Pris 60 ß. Fint bundet 90 ß.

LIBRARY OF CONGRESS
0 019 450 041 5